

Saksframlegg

Dato	Referanse	Saksbehandlar
15.08.2025	25/11881- Ugyldig flettefelt	Hilde Arna Tokle Yri

Saksnr.	Utval	Møtedato
64/25	Kultur- og folkehelseutvalet	15.09.2025
71/25	Fylkesutvalet	29.09.2025

Høyring - NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov

Fylkesutvalet 29.09.2025 - sak 71/25

Behandling

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling , foreslått av Toril Hovdenak,

Merknad

Møre og Romsdal fylkeskommune har, saman med andre styresmakter, ansvar for å ta omsyn til verdsarvverdiane i planlegging og verksemd. Sidan det nye lovforslaget skal samle omsyna og ansvaret i kulturmiljøforvaltninga i den nye lova, bør også omsynet til verdsarven inn i lova.

Kultur- og folkehelseutvalet peikar i sin uttale til at verdsarven er eit nasjonalt ansvar, men at dette må balanserast mot lokal handlefridom og utviklingsbehov. Fylkeskommunedirektøren vil peike på at i lokal utvikling balanserast omsyna, som før, i allereie eksisterande lovverk som plan- og byggesaker og verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kulturmiljølovutvalet har gjort eit grundig arbeid med NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov. Utvalet har lagt fram eit forslag til ei oversiktleg og fleksibel lov som forenkler gjeldande rett og lovfester forvaltningspraksis. Lovframlegget sørger for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning tilpassa dagens samfunnsutfordringar, og har føresegner som gir betre samanheng med anna lovverk som til dømes natur- og arealforvaltninga.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at lovframlegget styrker forvaltninga lokalt og regionalt ved å lovfeste forvaltningsprinsippa for kulturmiljø, og til ei ny

forenkla fredingsordning som gir fylkeskommunen moglegheit til å sikre kulturminne av høg kulturhistorisk verdi som har regional betydning.

3. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter lovframlegget i at dagens høve til å frede fartøy blir utvida til alle transportminne, og at grensa for automatisk freding blir utvida frå 1537 til 1650.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget om freding av kyrkjene fram til 1850 og at ansvaret for forvaltninga av kyrkjene overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter utvalet sine synspunkt om at dekninga av kostnader til undersøking av automatisk freda kulturminne må vurderast ytterlegare.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forslaget har føresegnar som tar vare på eigarane langt betre enn i gjeldande lov. Likevel er det svært uheldig at dagens rett til dekning av antikvariske meirkostnader som følge av vilkår som forvaltninga sett, er endra til ei kan-formulering. Endeleg lovframlegg må innhalde ei føresegn som gir private eigarar rett til dekning av antikvariske meirkostnader.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at omsynet og ansvaret for verdsarven må inn i lovforslaget.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter i all hovudsak lovforslaget. Vedlegg 3 inneheld fagmiljøet i fylkeskommunen sine konkrete vurderingar, innspel og forslag til endringar.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fleire oppgåver og meiner at dette vil styrke kulturmiljøforvaltninga i regionen. Vi føreset at staten styrkar fylkeskommunane sine rammar for å kunne løyse oppdraget.

Tillegg pkt 5, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Tillegg pkt 5: «.....og at statleg andel må aukast».

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling**

Toril Hovdenak

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **EF - Tillegg pkt 5**

Per Ivar Lied (SP)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kulturmiljølovutvalet har gjort eit grundig arbeid med NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov. Utvalet har lagt fram eit forslag til ei oversiktleg og fleksibel lov som forenkler gjeldande rett og lovfester forvaltningspraksis. Lovframlegget sørger for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning tilpassa dagens samfunnsutfordringar, og har føresegner som gir betre samanheng med anna lovverk som til dømes natur- og arealforvaltninga.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at lovframlegget styrker forvaltninga lokalt og regionalt ved å lovfeste forvaltningsprinsippa for kulturmiljø, og til ei ny forenkla fredingsordning som gir fylkeskommunen moglegheit til å sikre kulturminne av høg kulturhistorisk verdi som har regional betydning.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter lovframlegget i at dagens høve til å frede fartøy blir utvida til alle transportminne, og at grensa for automatisk freding blir utvida frå 1537 til 1650.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget om freding av kyrkjene fram til 1850 og at ansvaret for forvaltninga av kyrkjene overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter utvalet sine synspunkt om at dekninga av kostnader til undersøking av automatisk freda kulturminne må vurderast ytterlegare, og at statleg andel må aukast.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forslaget har føresegner som tar vare på eigarane langt betre enn i gjeldande lov. Likevel er det svært uheldig at dagens rett til dekning av antikvariske meirkostnader som følge av vilkår som forvaltninga sett, er endra til ei kan-formulering. Endeleg lovframlegg må innhalde ei føresegn som gir private eigarar rett til dekning av antikvariske meirkostnader.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at omsynet og ansvaret for verdsarven må inn i lovforslaget.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter i all hovudsak lovforslaget. Vedlegg 1 inneheld fagmiljøet i fylkeskommunen sine konkrete vurderingar, innspel og forslag til endringar.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fleire oppgåver og meiner at dette vil styrke kulturmiljøforvaltninga i regionen. Vi føreset at staten styrkar fylkeskommunane sine rammar for å kunne løyse oppdraget.

Kultur- og folkehelseutvalet 15.09.2025 - sak 64/25

Behandling

Punkt 7 tas ut av innstillingen, foreslått av Leif Bjarne Ersnes, Høyre

Punkt 7 tas ut av innstillingen

Forslaget blei seinare trekt.

Beskriving av bilete og kreditering av fotografar, foreslått av Victoria Smenes, Kristelig Folkeparti

Kultur- og folkehelseutvalet ber om at det vert lagt til beskriving av bileta og kreditering av fotografane som er på framsida av høyringsuttalelsen.

Tilleggsforslag , foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

Fylkeskommunen peker på at verdensarven er et nasjonalt ansvar, men utvalget mener at dette må balanseres mot lokal handlefrihet og utviklingsbehov.

Kultur- og folkehelseutvalget ber fylkesutvalget om å vurdere dette særskilt før endelig høringsuttale sendes departementet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, NML 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Beskriving av bilete og kreditering av fotografar**
Victoria Smenes (KRF)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, NML 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tilleggsforslag**
Jessica Gärtner (H)

For: 10 stemmer (77%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2

Mot: 3 stemmer (23%) - NML 1, SV 1, V 1

Tilråding:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kulturmiljølovutvalet har gjort eit grundig arbeid med NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov. Utvalet har lagt fram eit forslag til ei oversiktleg og fleksibel lov som forenkla gjeldande rett og lovfester forvaltningspraksis. Lovframlegget sørger for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning tilpassa dagens samfunnsutfordringar, og har føresegnar som gir betre samanheng med anna lovverk som til dømes natur- og arealforvaltninga.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at lovframlegget styrker forvaltninga lokalt og regionalt ved å lovfeste forvaltningsprinsippa for kulturmiljø, og til ei ny forenkla fredingsordning som gir fylkeskommunen moglegheit til å sikre kulturminne av høg kulturhistorisk verdi som har regional betydning.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter lovframlegget i at dagens høve til å frede fartøy blir utvida til alle transportminne, og at grensa for automatisk freding blir utvida frå 1537 til 1650.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget om freding av kyrkjene fram til 1850 og at ansvaret for forvaltninga av kyrkjene overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter utvalet sine synspunkt om at dekninga av kostnader til undersøking av automatisk freda kulturminne må vurderast ytterlegare.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forslaget har føresegnar som tar vare på eigarane langt betre enn i gjeldande lov. Likevel er det svært uheldig at dagens rett til dekning av antikvariske meirkostnader som følge av vilkår som forvaltninga sett, er endra til ei kan-formulering. Endeleg lovframlegg må innhalde ei føresegn som gir private eigarar rett til dekning av antikvariske meirkostnader.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at omsynet og ansvaret for verdsarven må inn i lovforslaget.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter i all hovudsak lovforslaget. Vedlegg 3 inneheld fagmiljøet i fylkeskommunen sine konkrete vurderingar, innspel og forslag til endringar.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fleire oppgåver og meiner at dette vil styrke kulturmiljøforvaltninga i regionen. Vi føreset at staten styrkar fylkeskommunane sine rammar for å kunne løyse oppdraget.

Fylkeskommunen peker på at verdensarven er et nasjonalt ansvar, men utvalget mener at dette må balanseres mot lokal handlefrihet og utviklingsbehov.

Kultur- og folkehelseutvalget ber fylkesutvalget om å vurdere dette særskilt før endelig høringsuttale sendes departementet.

Kultur- og folkehelseutvalet ber om at det vert lagt til beskriving av bileta og kreditering av fotografane som er på framsida av høyringsuttalelsen.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kulturmiljølovutvalet har gjort eit grundig arbeid med NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov. Utvalet har lagt fram eit forslag til ei oversiktleg og fleksibel lov som forenkler gjeldande rett og lovfester forvaltningspraksis. Lovframlegget sørger for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning tilpassa dagens samfunnsutfordringar, og har føresegnar som gir betre samanheng med anna lovverk som til dømes natur- og arealforvaltninga.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at lovframlegget styrker forvaltninga lokalt og regionalt ved å lovfeste forvaltningsprinsippa for kulturmiljø, og til ei ny forenkla fredingsordning som gir fylkeskommunen moglegheit til å sikre kulturminne av høg kulturhistorisk verdi som har regional betydning.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter lovframlegget i at dagens høve til å frede fartøy blir utvida til alle transportminne, og at grensa for automatisk freding blir utvida frå 1537 til 1650.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget om freding av kyrkjene fram til 1850 og at ansvaret for forvaltninga av kyrkjene overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter utvalet sine synspunkt om at dekninga av kostnader til undersøking av automatisk freda kulturminne må vurderast ytterlegare.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forslaget har føresegnar som tar vare på eigarane langt betre enn i gjeldande lov. Likevel er det svært uheldig at dagens rett til dekning av antikvariske meirkostnader som følge av vilkår som forvaltninga sett, er endra til ei kan-formulering. Endeleg lovframlegg må innhalde ei føresegn som gir private eigarar rett til dekning av antikvariske meirkostnader.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at omsynet og ansvaret for verdsarven må inn i lovforslaget.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter i all hovudsak lovforslaget. Vedlegg 1 inneheld fagmiljøet i fylkeskommunen sine konkrete vurderingar, innspel og forslag til endringar.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fleire oppgåver og meiner at dette vil styrke kulturmiljøforvaltninga i regionen. Vi føreset at staten styrkar fylkeskommunane sine rammar for å kunne løyse oppdraget.

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet sendte "NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov" ([NOU 2025: 3 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)) på høyring den 4. april 2025. Frist for fylkeskommunane til å sende inn uttale, vart utsett til 24. oktober 2025.

Kulturmiljølovutvalet vart oppnevnt i kongeleg resolusjon 22. juni 2022 for å gjennomgå reguleringa av kulturminne og kulturmiljø og foreslå ein ny lov. I høyringsbrevet heter det at "Gjeldende kulturminnelov er fra 1978, og er en av de eldste forvatningslovene i Norge. Loven

har blitt endret flere ganger, men det er aldri foretatt noen systematisk gjennomgang av lovens materielle og prosessuelle bestemmelser. Med kulturmiljø menes kulturminner og hele det fysiske miljøet der kulturhistorien kommer til uttrykk. Lovforslaget inneholder regler for å ta vare på kulturmiljø, blant annet om automatisk fredning og fredning ved vedtak fra kulturmiljømyndighetene."

Kulturmiljølovutvalet inviterte i brev av 23. november 2022 fylkeskommunane til å komme med skriftlege innspel til lovarbeidet. Møre og Romsdal fylkeskommune behandla saka KNF 14/23 i kultur-, nærings- og folkehelseutvalet 31.1.2023 og fatta følgande vedtak:

"1. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet ber om at den nye lova vert utforma med eit mål om å få til ein heilskapleg kulturmiljøforvaltning og ein god samanheng med miljø- og arealforvaltninga elles. Eit nytt heilskapleg blikk på verneinstituttet der dei eldste kulturmiljøa framleis har ein særleg sterkt vern, og gode rammevilkår for eigarar/forvaltarar er viktig.

2. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkeskommunedirektøren sine innspel til Kulturmiljølovutvalet, slik dei går fram av vedlegg til saksframlegget med følgjande endringar: Ordninga der staten dekkjer kostnadane ved mindre private tiltak og særlege grunnar bør utgreiast betre, med sikte på at i dei tilfella staten krev registrering og utgraving, og i dei tilfella staten fredar private eller offentlege kulturminne, skal staten dekke desse kostnadane fullt ut. Ordninga eller praksisen slik den er i dag oppfordrar i realiteten til dispensasjon frå kulturminnelova og unødvendig høge kostnader til arkeologiske granskingar.

Om lovforslaget

Utvalet har lagt vekt på å utforme ei ny lov som er enklare og meir oversiktlig samstundes som dei bygger vidare på den eksisterande lova. Vidare har det vore sentralt for utvalet å oppdatere lova ut i frå dei endringsbehova som samfunnsutviklinga har ført til, både kårar til kulturarven i vår tid og endringar i forvaltninga av kulturarv. Utvalet har også ønskt å finne rettslege verkemiddel som kan gi eit betre vern for sårbare kulturmiljø, fordi dei kan vere utsette for store tap dersom det ikkje finst verktøy for å sikre kunnskapspoensialet betre. Utvalet har og framlegg til føresegner som forenkler regelverket og legg til rette for digitalisering, slik at saksbehandlinga blir meir effektiv. Derneft har utvalet komme med framlegg om at råderettsinnskrenkingar overfor eigarar og brukarar ikkje skal vere meir inngripande enn naudsynt. (NOU 2025:3 side 30-31) Døme på det utvalet føreslår:

- Lovforslaget er modernisert lovteknisk og tilpassa dei endringsbehova som utviklinga av samfunnet har ført til.
- I tilhøvet mellom lokal, regional og statleg styring "har utviklinga gått i retning av meir autonomi for ikkje-statlege organ. I tråd med dette foreslår utvalet å fastsetje i lova kva oppgåver fylkeskommunen og Sametinget skal ha på kulturmiljøfeltet.
- Råderettsinnskrenkingar overfor eigarar og brukarar skal ikkje vere meir inngripande enn naudsynt.
- Nasjonale minoriteter skal få økt medbestemmelser over eigne kulturminne.
- Overordna forvaltningsprinsipp er tatt inn.
- Grensa for automatisk freda kulturminne flyttast frå 1537 til 1650.

- Fylkeskommunen og Sametinget får mynde til å frede kulturminne frå etter 1650 som har høg kulturhistorisk verdi.
- Riving av bygningar frå før 1850 som ikkje er freda krev samtykke frå kulturmiljømynde (fylkeskommunen).
- Fredingsheimelen er samla i ei føresegn og utvida til å gjelde lause kulturminne og transportminne som bilar, fly, tog andre typer framkomstmiddel.

Mandatet til utvalet har ikkje vore å drøfte økonomiske verkemiddel som til dømes tilskotsordningar, dekking av registrering og utgraving eller andre økonomiske verkemiddel som skatt og avgift. Likevel er utvalet tydeleg på at “auka tilskot er eit eigna verkemiddel for å betre vernet av kulturminne og kulturmiljø. Eigaren er ansvarleg for å ta vare på eigne kulturminne, sjølv om dei er verna etter lova. Dei bidreg dermed til den verdien samfunnet får av det freda kulturminne. Ein kan difor setje spørsmålsteikn ved om staten i større grad bør dekkje kostnader til å undersøkje jordfaste kulturminne og til å halde ved like og setje i stand bygningar (antikvariske meirkostnader)” (NOU 2025:429).

Vurdering

Fylkeskommunedirektøren har i arbeidet med høringa av NOU 2025:3 tatt utgangspunkt i eit felles grunnlag som er utarbeidd i dialog mellom fagadministrasjonane i dei ulike fylkeskommunane og Sametinget. Teksten er bearbeidd, og språk og vurderingar er justert og tilpassa forvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune, sjå vedlegg 3. Her er overordna vurderingar til lovforslaget lagt inn kapitel 2 og ei vurdering av dei enkelte lovparagrafene i kapitel 3.

Fylkeskommunedirektøren meiner at lovframlegget i all hovudsak har drøfta og forbetra dei punkta som Kultur-, næring- og folkehelseutvalet peika på sin uttale i sak KNF-14/23. NOU 2025:3 og lovframlegget vil gje ei meir heilskapleg kulturmiljøforvaltning, og ein betre samanheng med miljø- og arealforvaltninga elles. Lovutvalet har hatt eit heilskapleg blikk på verneinstituttet og vore opptatt av å gje gode rammevilkår for eigarar/forvaltarar. Omsyna til urfolk og nasjonale minoriteter er no komme inn i lovforslaget. Lovforslaget løfter også fram betydninga av den immaterielle kulturarven, sjølv om føresegna ikkje får direkte rettsverknader.

Fylkeskommunedirektøren meiner at lova tek opp i seg endringane i samfunnet og korleis vi ser på kulturmiljø i dag. Det er utforma i samsvar med dei nasjonale måla i Meld.St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken, nyare internasjonale konvensjonar og overordna miljøprinsipp.

Fylkeskommunedirektøren vil særleg legge vekt på desse endringane:

Ei meir oversiktleg, heilskapleg og modernisert lov:

Lovframlegget er lettare forståeleg enn dagens lov og meir komplett. Lova er lenger, men har tatt inn i seg forskrifter, forvaltningsprinsipp og saksbehandlingsreglar som har mangla og som har gjort lova vanskeleg å bruke for forvaltninga på alle nivå. I tillegg har lovutvalet lagt vekt på å sjå lova i samanheng med andre lover, som mellom anna plan- og bygningsloven. Dette vil forenkle og forbetre forvaltninga også i kommunane.

Samla fredingar i to kategoriar - automatisk freding og freding ved vedtak:

Innanfor kulturmiljøforvaltninga er det mange ulike typar freding og vern som har kommet til i løpet av femti år. Desse er no samla og systemet er forenkla. Forslaget gjeld mellom anna fartøy og kyrkjer. Dei fleste verna fartøya i fylket har privatrettslege avtalar som er knytt til eigaren og ikkje fartøyet, og som derfor ikkje gjeld om båten blir solgt. Kyrkjene har ei komplisert forvaltning der Riksantikvaren følger opp kyrkjene som kulturminne. Utvalet foreslår no at forvaltninga av kyrkjene blir overflytta til fylkeskommunen i tråd med prinsippet om nærleik.

Transportminne kan no fredast i vedtak. Tidlegare har det vore berre fartøy som kunne fredast. Forslaget er no å utvida til at bilar, fly, tog og andre farkostar kan fredast.

Grensa for automatisk freding blir foreslått utvida frå 1537 til 1650. Dette sikrer at vi har tilgang til kunnskap og kan oppleve kulturmiljø frå ein periode vi har lite skriftlege kjelder frå og få bevarte få kulturmiljø, særleg det ikkje-kyrkjelege. Jordfaste kulturminne blir datert ved hjelp av C14-metoden og skiller dateringane mellom før og etter 1650. Grensa på 1650 samsvarer med dette. For Møre og Romsdal betyr dette ein auke i talet på automatisk freda byggverk på omlag 60 bygningar. Av dei jordfaste kulturminna har vi omlag 30 dateringar frå denne perioden. Omfanget av automatisk freda kulturminne kan auke etter kvart som forvaltninga får meir kunnskap om desse kulturminna.

Verdsarv:

Kulturminnelova inneheld ikkje føresegnar om verdsarv i dag, og utvalet viderefører dette. Ansvar for verdsarven er omfattande og krevjande på mange vis. Fylkeskommunedirektøren meiner at ansvaret for å følge opp verdsarven bør inn i lova og at departementet må sjå nærmare på dette. Eit døme kan vere ein omsynsregel om at kommunane og forvaltninga på ulike nivå må ivareta verdsarvverdiane i kommunal planlegging og andre forvaltningsvedtak.

Fylkeskommunen får utvida mynde og fleire oppgåver :

Utvalet foreslår at fylkeskommunen får mynde til å frede kulturminne frå etter 1650 såframt dei har høg kulturhistorisk verdi (§ 24) Såleis blir dette eit verkemiddel kor fylkeskommunen kan gi varig vern til kulturminne som har betydning i ein regional samanheng.

Fredinga har fått omgrepet "forenkla freding", og skal vise til at fredinga berre skal omfatte eksteriør og konstruksjon. Det vil seie at råderettsinnskrenkingane skal vere lågare enn ei ordinær freding. For å auke fleksibiliteten føreslår fylkesdirektøren at fredinga kan omfatte interiør, men at eigarar må vere einig i dette. Vi meiner også at ei slik freding må ha enklare saksgang enn ei ordinær freding. Viss ikkje er det tvilsamt at fylkeskommunen har kapasitet til å ta forenkla freding i bruk.

Fylkeskommunedirektøren meiner ordninga kan styrke den regionale tilknytninga til vernet, i tråd med nærleiksprinsippet. Vi er usikker på namnet, om "forenkla freding" er godt eller om det bør vere "regional freding", «regionalt vern» eller noko anna.

Fylkeskommunens skal gje samtykke til riving eller vesentleg endring av byggverk eldre enn 1850 før kommunen kan gje løyve etter plan- og bygningslova. (§ 44). I staden for ei slik

samtykke-løysing, som vil vere krevjande å følge opp, foreslår fylkeskommunedirektøren ei føresegn der fylkeskommunen kan gi uttale eller legge ned eit midlertidig forbud mot gjennomføring av tiltaket innan ein frist i dei sakene det er behov for det. Dette vil vere mindre ressurskrevjande og like målretta, samstundes som det ikkje forsinkar kommunen si saksbehandling unødig.

Eigarane/brukarane sine vilkår:

Lovframlegget legg opp til å betre vilkåra for eigarar og brukarar med føresenger som har til formål å tydeleggjere rettar og prosessar og gjere samarbeid og forvaltning meir føreseieleg. Utvalet har lagt fram ei føresegn som forbyr forsikringsselskapa å ta høgare forsikringspremie for freda kulturminne (§51). Eit anna forslag er at kulturmiljøstyresmakta bør utarbeide forvaltnings- og skjøtselplan i samråd med eigaren, samstundes som fredinga vert utarbeid (§31). Fylkeskommunedirektøren meiner at slike planar gir meir føreseielege rammer for vern og balanserte rettsforhold.

Når det gjeld tilskot har forslaget ei føresegn som kan få uheldige følger. I dag har eigarane av freda bygningar rett til tilskot når forvaltninga sett fordyrande vilkår. Dette er endra til ei behovsprøvd ordning utan å gi eigarane ein rett (§40). Fylkeskommunedirektøren meiner at dette framleis bør vere ein rett for private eigarar eller privatpersonar.

Metallsøk:

Enkelte formuleringer i NOU 2025:3 skaper ein viss tvil om korleis føresegnene som gjeld metallsøk skal tolkast. Fleire meiner at formuleringa inneber eit forbud. Fylkeskommunedirektøren meiner at det ikkje bør vere eit forbud mot metallsøk og at føresegnene som gjeld metallsøk blir omformulert og meir presise.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Lovforslaget gir fylkeskommunen meir mynde og fleire oppgåver. Utvalet har ikkje kostnadsrekna dette, og skriv at dette må konkretiserast i den vidare behandlinga av forslaget. Fylkeskommunedirektøren ser at dei økte administrative og økonomiske konsekvensane i hovudsak er knytt til:

- Kyrkjer og kyrkjestader (§§ 15 og 58). I Møre og Romsdal har vi i dag omlag 69 kyrkjer. Fylkeskommunen har god kompetanse og nødvendig erfaring, men må styrke kapasiteten og ha tilgang på spesialkompetanse der det er behov.
- Auka tal automatisk freda kulturmiljø som følge av at grensa vert auka frå 1537 til 1650 (§15). Vi er kjent med omlag 30 arkeologiske kulturminne som er datert til denne perioden, og omlag 60 bygningar som blir automatisk freda. Det krev meir kapasitet og kostnader til datering. Vi gjer også merksam på at det kan vere kulturminner vi ikkje kjenner til i dag.
- Utvidinga frå fartøy til transportminne fører til behov for tilgang på spesialkompetanse og kapasitet.

- Lovforslaget lovfester rådgiving og ei rekke nye føresegner for oppfølging av freda kulturmiljø. Dette krev meir kapasitet og kan føre til forventingsgap mellom eigar/brukar, innbyggjarar og kulturmiljøstyresmaktene.
- Forenkla freding av kulturminne med høg kulturhistorisk verdi regionalt (§24). Å utarbeide fredinger krev arbeidskapasitet. Det er opp til kvar enkelt fylkeskommune om dei vil bruke verktøyet. Samtidig kan dette føre til auka forventingar frå eigarar om å få sine kulturminne freda gjennom ei forenkla ordning. Det kan føre til eit gap mellom forventingar og kva som er faktisk mogleg. Ordninga krev meir kapasitet.
- Samtykke til riving. Der foreslår vi ei mindre krevande ordning.

Fylkeskommunedirektøren meiner at fleire oppgåver til fylkeskommunen vil styrke den samla kulturmiljøforvaltinga i fylkeskommunen. Nye oppgåver vil både auke kompleksiteten i forvaltinga og utfordre fylkeskommunen økonomisk i høve til kapasitet. Fylkeskommunedirektøren meiner at staten må styrke fylkeskommunane sine rammer for å kunne løyse oppdraget.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Høringsbrev NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov

Utsatt frist - Høringssvar NOU 2025: 3 kulturmiljølov


Vedlegg 3 Høringsuttale

NOU 2025:3

Ny kulturmiljølov

Vedlegg - Høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Sak 71/25 i fylkesutvalet 29.9.2025



Innhold

Innhold.....	2
1. Innleiing	3
2. Overordna vurderingar av lovforslaget	3
2.1. Generelt om NOU og lovforslaget.....	3
2.2. Ansvar, oppgåver og samarbeid	4
2.3. Administrative og økonomiske konsekvensar.....	13
3. Gjennomgang og innspel til føresegnene.....	16
3.1. Kapittel 1 Føremål, verkeområde og definisjonar	16
3.2. Kapittel 2 Allmenne føresegner	19
3.3. Kapittel 3 Automatisk freding	23
3.4. Kapittel 4 Freding ved vedtak	31
3.5. Kapittel 5 Lause kulturminne	42
3.6. Kapittel 6 Felles reglar for freda kulturmiljø	47
3.7. Kapittel 7 Andre verneformer og verkemiddel	52
3.8. Kapittel 8 Undersøkingar, kostnadsdekning med meir.....	55
3.9. Kapittel 9 Naturleg skade og forsikring	62
3.10. Kapittel 10 Oreigning og førehandsskjøn	64
3.11. Kapittel 11 Kulturmiljøstyresmakt med meir	65
3.12. Kapittel 12 Reglar for sakshandsaming og handsaming av personopplysningar	70
3.13. Kapittel 13 Handheving og sanksjonar	74
3.14. Kapittel 14 Ikraftsetjing og overgangsføresegner	79

1. Innleiing

Høyringsuttalen består av to delar. Kapittel 2 summerer opp Møre og Romsdal fylkeskommune sine overordna vurderingar av lovforslaget med dei viktigaste endringane og økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget til ny kulturmiljølov.

Høyringsuttalen tek utgangspunkt i eit felles grunnlag utarbeidd i dialog mellom fagadministrasjonane i dei ulike fylkeskommunane og Sametinget. Teksta er justert slik at språk og vurderingar er tilpassa forvaltninga i Møre og Romsdal. For å lette lesinga for mottakaren av høyringsuttalen, har vi laga ei oversikt over kva for paragrafar Møre og Romsdal fylkeskommune har lagt inn innspel som ikkje er med i fellesgrunnlaget.

2. Overordna vurderingar av lovforslaget

2.1. Generelt om NOU og lovforslaget

Samfunnet har gjennomgått store endringar sidan gjeldande kulturminnelov vart vedteken i 1978. Endra busetnadsmønster, demografi og klima, saman med auka digitalisering av samfunnet, har skapt nye utfordringar – men også moglegheiter – for forvaltninga av kulturmiljø.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at den føreliggjande NOU-en og forslaget til ny kulturmiljølov møter relevante samfunnsutfordringar. Samtidig ivaretek lovforslaget omsyn til offentlegheita, rettstryggleik, samt til urfolk og nasjonale minoritetar. Lovforslaget tek med seg praksis som fungerer godt etter gjeldande lov, men søker også å løyse utfordringar som forvaltninga har peika på i samband med eksisterande regelverk. Lova er bygd opp på ein føremålstenleg måte med tydeleg struktur og klart språk.

Kulturmiljøforvaltninga fekk med Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* nye nasjonale mål for kulturmiljøfeltet: *engasjement, berekraft og mangfald*. Desse måla er innarbeidde i lovforslaget, og legg slik til rette for at fylkeskommunen i større grad kan bidra til å nå dei nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken. Nyare internasjonale rettskilder og konvensjonar, samt overordna miljørettslege prinsipp, er også i det vesentlege innarbeidde i lova. Den nye kulturmiljølova skal fungere over lang tid, og det er derfor positivt at lovforslaget også har eit visst handlingsrom for å tilpasse forvaltninga til endringar i samfunnet i framtida.

Lovforslaget omfattar fleire typar kulturmiljø enn dagens lov, og introduserer også nye måtar å ta vare på kulturmiljø på. Desse tiltaka blir vurderte som nødvendige for å møte utfordringar knytt til tap av enkelte typar kulturmiljø, men også for å ivareta kunnskap og legge til rette for auka lokal og regional forankring og verdiskaping knytt til kulturmiljø.

Lovutvalet føreslår fleire tiltak for å forenkle og effektivisere forvaltninga. Eit døme på dette er fordelinga av ansvar til ulike institusjonar, og at fylkeskommunen får høve til å frede enkelte typar kulturmiljø gjennom forenkla freding. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg i det vesentlege bak dei føreslåtte endringane i lova når det gjeld kven som skal forvalte, inkludert å frede, ulike typar kulturmiljø.

Lovutvalet føreslår på fleire måtar å forenkle og effektivisere forvaltninga. Eit døme på dette er fordelinga av ansvar til ulike institusjonar, og at fylkeskommunen får høve til å frede enkelte typar

kulturmiljø gjennom forenkla freding. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg i det vesentlege bak dei føreslåtte endringane i lova med omsyn til kven som skal forvalte og frede ulike type kulturmiljø.

2.2. Ansvar, oppgåver og samarbeid

Ansvar

Lovforslaget legg opp til ei styrking av rollen til fylkeskommunane som regional kulturmiljøforvaltar. Forvaltingsmusea får tilsvarende auka ansvar og fleire oppgåver i lovforslaget. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer dette som eit viktig tiltak for å sikre at tenestemottakarar i fylket får best moglege tenester, og som ei naturleg vidareføring av regionreforma. Lovforslaget vil, etter fylkeskommunen si vurdering, føre til at dei som har behov for avgjerder frå kulturmiljøforvaltinga får færre offentlege aktørar å ta omsyn til. Vidare vil forvaltinga i det vesentlege ligge geografisk nærare for mange oppgåver enn det som er tilfelle i dag. Lovforslaget bidreg også til meir effektive avgjerdsprosessar.

Fylkeskommunane har opparbeidd brei kulturmiljøfagleg kompetanse og forvaltingsmessig erfaring som førsteinstans for ei rekkje kulturmiljø. I tillegg har fylkeskommunen løpande samhandling med kommunane. Fylkeskommunen er derfor fagleg godt rusta til å møte den føreslåtte fordelinga av ansvar og oppgåver. Møre og Romsdal fylkeskommune erkjenner samtidig at det er behov for å sikre føreseieleg og einskapleg forvalting av kulturmiljø i heile landet. Dette er ei oppgåve som Riksantikvaren allereie følgjer opp, og som dei får auka handlingsrom til å ivareta ved ei eventuell endring av ansvar i tråd med lovforslaget. Samtidig er det viktig at ny kulturmiljølov, med tilhøyrande forskrifter, gir tilstrekkeleg rom for regionale prioriteringar, på lik linje med det skjønnsrommet kommunar har etter plan- og bygningsloven. Denne balansen vil det regionale nivået ivareta.

Fylkeskommunane har ikkje ansvar for arkeologiske utgravingar. Ei opprydding av ansvaret for denne oppgåva har betydning både for fylkeskommunen og dei som mottek tenester. Ansvaret for arkeologiske utgravingar i Noreg er fordelt på mange aktørar: fem universitetsmuseer, fem sjøfartsmuseum og Norsk Institutt for kulturminneforskning (NIKU). Fylkeskommunen støttar lovutvalet sitt forslag om å samle ansvaret for utgravingar hos forvaltingsmusea (universitetsmusea). Det vil vere ei forenkling av vesentleg samfunnsøkonomisk betydning dersom utgravingsverksemda blir samla på færre aktørar. Forvaltingsmusea er allereie store kompetanse- og kunnskapsaktørar med solide fagmiljø. Dei har dermed gode føresetnader for å utvide eigen kompetanse, samt overta kompetanse som ligg hos dei andre aktørane i dag.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane held på ansvaret for arkeologiske registreringar. Dette er viktig, både for å sikre naudsynt kompetanse i regionane og tilstrekkeleg nærleik til fagfeltet. Vi meiner det også er positivt at lovforslaget legg opp til at departementet kan gi forskrift til undersøkingar ved mindre utgravingar. Erfaringane sidan oppstarten av prøveprosjektet frå 2011 har vist at dette har bidratt til auka effektivitet, reduserte kostnadar og enklare forvaltning, særleg i samband med kablar, VA-traséar og andre mindre sakar, samtidig som dette sikrar dokumentasjon av kulturminne som ikkje nødvendigvis ville ha blitt undersøkt gjennom ordinær utgraving. Fylkeskommunen meiner ei slik løysing vil vere formålstenleg og håpar på å vidareføre og styrke samarbeidet omkring prøvetaking og dokumentasjon, men legg samtidig til grunn at hovudansvaret for utgravingsverksemda vil ligge

hos forvaltningsmusea.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar lovutvalet si vurdering om at kommunane ikkje får heimlar til å ivareta kulturmiljø etter kulturmiljølova. Kommunane er likevel svært viktige aktørar innanfor kulturmiljøforvaltinga, og då særleg som plan- og bygningsmynde. Fylkeskommunen vurderer det likevel som viktig at kommunane i større grad får kompetanse og verkemiddel til å ivareta rolla som lokal kulturmiljøforvaltar. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar derfor lovforslaget si endring av heimlar i plan- og bygningsloven som legg til rette for kommunal myndigheitsutøving for kulturmiljø.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar i hovudsak lovutvalet si konklusjon og lovforslag om ansvar og oppgåvefordeling. Auka ansvar og nye oppgåver til mellom anna fylkeskommunen føreset likevel at kapasitet og økonomiske ressursar blir forskyvd tilsvarande. Dette er skildra nærare i kapittelet om administrative og økonomiske konsekvensar nedanfor.

Nye ansvarsområde for fylkeskommunen

Forvaltingsansvar for kyrkjer

Forvaltinga av kyrkjer og kyrkjestader er i dag prega av ei kompleks ansvarsfordeling mellom mange aktørar. Riksantikvaren er rette mynde for kyrkjebygg etter kulturminnelova, samt for listeførte kyrkje jamfør Kirkebyggforskriften. Kulturlag og andre delar av kyrkjestaden blir forvalta av fylkeskommunane, med unntak av enkelte utvalde objekt. I tillegg er fleire andre aktørar og høyringspartar involverte som følgje av fleire overlappende regelverk.

Fylkeskommunen har til dømes ansvar for å sjå til at omsynet til kyrkjer sine omgjevnader blir ivaretekne i prosessar etter plan- og bygningsloven. Lovutvalet vurderer på bakgrunn av dette at det heilt klart er behov for ein ny forvaltingsstruktur for kyrkjer i den nye lova, og at det er avgjerande argument som talar for at forvaltingsansvaret for kyrkjer og kyrkjestader bør liggje hos fylkeskommunen og Sametinget.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar lovutvalet si grunngiving om at fylkeskommunen bør overta forvaltingsansvaret for kyrkjer og kyrkjestader i sin heilskap. Dagens fragmenterte forvaltningssystem, med ulike verne kategoriar og mange aktørar, blir verken vurdert som effektivt eller føremålstenleg. Hovudlinja med å forenkle forvaltinga ved å samle flest mogleg av oppgåvene og myndigheitsutøvinga til det regionale forvaltingsnivået, er eit argument for at også kyrkjer og kyrkjestader i sin heilskap skal forvaltast av fylkeskommunen. I tillegg gjer argument om nærleik, klageinstans med vidare seg gjeldande. Forvalting av kyrkjer er ikkje meir fagleg komplekst enn andre typar kulturminne og kulturmiljø.

Det nye Kyrkjebevaringsfondet er plassert i Trondheim og underlagt Riksantikvaren. Fondet skal tildele inntil 500 millionar kvart år fram til 2054. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at opprettinga av fondet ikkje er eit argument for at ansvaret for kyrkjene framleis skal ligge hos Riksantikvaren.

Møre og Romsdal har 69 freda og listeførte kyrkjer. 9 av kyrkjene er automatisk freda etter dagens lovverk, og 30 er bygd før 1850. Frå tida etter 1850 har fylket 38 listeførte kyrkjer, samt Molde domkyrkje som er vedtaksfreda.

Ei overføring av ansvar for kyrkjer og kyrkjestader frå Riksantikvaren til Møre og Romsdal fylkeskommune vil derfor medføre ei vesentleg auke i forvaltingsansvaret. Det føreset styrking i

kapasitet hos fylkeskommunen

Forvaltingsansvar for særlege kulturmiljø

Lovforslaget vidarefører prinsippet om at Riksantikvaren skal ha ansvar for enkelte utvalde kulturmiljø, fastsett etter kriterium i forskrift. Møre og Romsdal har per i dag ingen slike kulturmiljø. Fylkeskommunen meiner det er lite føremålstenleg at Riksantikvaren framleis skal ha myndigheit for enkelte kulturmiljø, då dette skaper uoversiktleg forvalting med fleire aktørar for kulturmiljø av lik karakter.

Dei fire store mellomalderbyane

Ved regionreforma fekk fylkeskommunane ansvar for dei fire minste mellomalderbyane, medan dei største – Bergen, Trondheim, Oslo og Tønsberg – framleis ligg under Riksantikvaren. Ingen av desse ligg i Møre og Romsdal, men fylkeskommunen meiner at ansvar for alle mellomalderbyane bør samlast regionalt. Dette vil forenkle forvaltinga, sjølv om det inneber auka ansvar for enkelte fylke. Riksantikvaren kan då fungere som klageinstans.

Samarbeid mellom forvaltningsinstansar

I kulturminnelova § 25 i gjeldande lov er det både ei generell føresegn om samarbeid mellom forvaltningsinstansar og ei føresegn om plikt til å underrette. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at formålet med begge desse bør vidareførast i det nye lovforslaget.

Fylkeskommunen er foreslått som førsteinstans i dei fleste saker etter den nye kulturmiljølova, medan Riksantikvaren skal vere klageinstans. Varslingsplikta gjeld både når fylkeskommunen ikkje følgjer tilrådingar frå forvaltningsmusea eller NIKU, og når interne faglege vurderingar blir sett til side i administrative eller politiske vedtak. I slike tilfelle kan Riksantikvaren overta saka. Utvalet meiner det er nødvendig at Riksantikvaren, som statleg fagorgan, har høve til å gripe inn når nasjonale kulturmiljøinteresser står i fare.

Lovutvalet har gjort ei grundig vurdering av om eit statleg fagorgan skal kunne overprøve vedtak fatta av regionale administrative og folkevalde organ. Fylkeskommunen meiner dette er ei viktig sikkerheitsventil for å sikre at nasjonale interesser blir høyrte og vurdert, særleg i saker der andre samfunnsinteresser kan vere tungtvegande.

Fylkeskommunen støttar konklusjonen til utvalet, og peikar på at terskelen for å varsle Riksantikvaren bør vere lågare enn terskelen for at Riksantikvaren faktisk overtek saka.

Lovframlegget inneber òg ei innstramming av Riksantikvaren si myndigheit, ved at saker som har vesentleg regional interesse ikkje lenger skal kunne overtakast. Fylkeskommunen er usikker på om dette er heldig fordi det ikkje samstemmer med plan- og bygningslova paragraf 5-1 om mynde til å fremme motsegn til planforslag i saker som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning. Dette forholdet bør det sjåast nærmare på.

For dei automatisk freda, jordfaste kulturminna, foreslår utvalet at det skal gå fram av lova at fylkeskommunen skal innhente fagleg tilråding frå universitetsmuseet som grunnlag for vedtak. Dette er i tråd med gjeldande praksis og får støtte.

Fylkeskommunen er samd i at samarbeidsplikta med forvaltningsmusea er eit viktig verkemiddel for å sikre gode faglege vurderingar i saker om inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne. Samtidig vil fylkeskommunen understreke at det må vere rom for å gjere eigne vurderingar som kan avvike frå musea sine tilrådingar. Tilrådinga må sjåast som eit fagleg råd, ikkje som ei

bindande avgjerd.

Vi ser at forvaltningsmusea i enkelte tilfelle legg einsidig vekt på dei kulturhistoriske verdiane, utan å gjere ei brei avveging mot samfunnsnytta av tiltaket det er søkt om. Som planfagleg og kulturminnefagleg myndigheit er fylkeskommunen godt rusta til å gjere slike heilskaplege vurderingar.

2.2.1 Verdsarv

Noreg har åtte verdsarvområde som er innskrive på Unesco si liste på bakgrunn av deira unike kultur- eller naturhistoriske miljø. Vestnorsk fjordlandskap, som omfattar Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, er det einaste område i Noreg som er skrive inn på bakgrunn av naturfaglege kriteria i Verdsarvkonvensjonen. Her er kulturhistoria er med på å utfyller og aukar den samla verdien i område. Kulturmiljølovutvalet sine synspunkt om verdsarv er derfor relevante for Møre og Romsdal.

Kulturmiljølovutvalet konkluderer med at forslaget til ny kulturmiljølov saman med verkemidlane i plan- og bygningslova og naturmangfaldslova er tilstrekkeleg for å ivareta verdsarven. Under følger merknader til utvalet si utgreiing om verdsarv.

Verdsarven som eigen fredingskategori eller særregulering for verdsarv

Utvalet konkluderer mellom anna med at det vil vere utfordrande å utvikle ein eigen fredingskategori for verdsarv, fordi dei norske verdsarvstadene er svært ulike. Dette er vi einige i, og vi ser utfordringane som ligg i å utvikle ein felles paragraf for så forskjellige område.

Vidare blir det drøfta om det bør innførast ei eiga omsynsregel i kulturmiljølova, som til dømes pålegg kommunar og statlege etatar å ta vare på verdsarvverdiar i kommunal planlegging og andre forvaltningsvedtak.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette vil vere eit godt verktøy, som òg ville styrke regionalforvaltninga sitt mynde til å ta vare på verdsarvverdiane gjennom plansaksbehandling. Utvalet legg derimot til grunn at verdsarven i seg sjølv er så viktig for kommunane og har så høge status, at ein slik regel ikkje vil styrke verdsarvinteressene i møte med andre omsyn. Denne konklusjonen er fylkeskommunen ikkje samd i. Utvalet argumenterer vidare med at verdsarvområda er ønskte av vertskommunane, fordi dei gir status og trekkjer turistar til staden. Samtidig blir det erkjent at det er ulik praksis og bruk av tilgjengelege verkemiddel i lova i kommunane.

Fylkeskommunen er samd med utvalet i at verdien av verdsarven i stor grad er forstått i mange av vertskommunane, men det er svært stor variasjon i kompetanse og kapasitet mellom kommunane. Likeins er det stor variasjon i korleis dei ulike kommunane opplever verdiskaping generert av verdsarv. Dette kan påverke både eigarskap og forståing for verdsarvstatusen, og korleis dette omsynet blir vekta opp mot andre samfunnsinteresser. Det er òg ein realitet at dersom sterke samfunnsomsyn som arbeidsplassar, fornybar energi (og straumprisar) og industri-/næringsutvikling blir sett opp mot verneomsyn, vil det vere utfordrande for enkeltkommunar å prioritere vern. Dette gjeld særleg distriktskommunar som ofte har demografiske utfordringar.

Regionalforvaltninga og statsparten må ta inn over seg at verdsarv er eit stort ansvar for den enkelte kommune, som forvaltar av verdas kulturarv og det internasjonale ansvaret statsparten

har påteke seg gjennom ratifiseringa av Verdsarvkonvensjonen. Dei fleste kommunane har teke på seg dette ansvaret, men det er likevel naudsynt at statsparten gjennom regional og statleg kulturmiljøforvaltning strekkjer seg langt for å hjelpe kommunane og sørgje for at forpliktingane i Verdsarvkonvensjonen blir følgde opp med tilstrekkelege juridiske heimlar.

Kriteria for freding etter paragrafane 22, 23 og 24 – internasjonal verdi

Under punkt 19.6.3.3 *Nasjonal, regional eller lokal verdi eller interesse* i utgreiinga av den nye heimelen for vedtaksfreding (§22), rår utvalet til at både den internasjonale, nasjonale, regionale og lokale interessa skal vere kriterium for vedtaksfreding med heimel i §22. I kapittel 41 *Merknader til dei enkelte føresegnene* er det derimot berre nasjonal, regional og lokal verdi som er nemnt. Det er viktig at det kjem tydeleg fram i lova at også internasjonal verdi er omfatta av føresegna og kan vere grunnlag for freding, slik at det ikkje oppstår tvil om dette i ettertid.

Freding av kulturminneområder, kulturlandskap og naturmangfald samt forbod mot tiltak i nærleiken av freda kulturmiljø

Det er positivt for verdsarvforvaltninga at det blir opna for freding av større samanhengande landskapsrom gjennom § 22. Vidare er det ei betydeleg styrking for freda verdsarv at § 32 opnar for å leggje ned forbod mot tiltak som kan føre til unødig negativ påverknad på den kulturhistoriske verdien. Dette vil truleg òg støtte opp under heimelen til å krevje konsekvensutgreiing i tråd med den nye KUVA-metodikken for verdsarvområde. Det bør likevel presiserast korleis omgrepet unødig negativ påverknad skal forståast, og i kva tilfelle dei kulturhistoriske verdiane må reknast som viktigare enn motstridande samfunnsinteresser. Verdsarv kan vere eit slikt tilfelle.

2.2.2 Ulike verneformer

Automatisk freding

Lovutvalet føreslår ei rekkje endringar for automatisk freda kulturminne. Dei mest vesentlege endringane er knytte til endring av alderskriteriet for ulike typar kulturmiljø.

Fleirtalet i lovutvalet føreslår å utvide grensa for automatisk freda kulturminne frå 1537 til 1650. Grunngivinga for å utvide fredingsgrensa er at kunnskaps- og opplevingspotensialet for jordfaste kulturminne frå tida etter 1537 er stort. Endringa vil også medføre ei klargjering som følgje av plataet i kalibreringskurvene mellom ca. 1450 og 1650, og som gjer det vanskeleg å fastslå om eit jordfast kulturminne er automatisk freda eller ikkje etter dagens lovverk. Når det gjeld automatisk freda byggverk vil endringa også bidra til forenkling fordi ordninga med ei omfattande saksbehandling og ei særleg erklæring går ut.

I lovforslaget er det også lagt til grunn at ved utgraving av automatisk freda kulturlag, det vil seie frå 1650 eller eldre, skal også kulturlag fram til 1850 behandlast som om dei var freda. Vidare er det føreslått at fylkeskommunen og Sametinget utover dette får generell tilgang til å undersøkje jordfaste kulturminne fram til og med 1850, der dei vurderer at dette er nødvendig for å få kunnskap om kulturminne med høg kulturhistorisk verdi. Dette kan vere styrt av fylkeskommunale satsingar eller faglege program – til dømes knytt til minoritetar, husmannsplassar, setrar eller liknande.

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg positive til å endre innslagspunktet for automatisk freding frå 1537 til 1650. Dette har potensial til å auke kunnskapen om ein historisk periode som i

NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov

mindre grad er kjent. Fylkeskommunen vurderer at endringane vil medføre behov for auka ressursar hos kulturmiljøforvaltinga, samtidig som tiltakshavar i nokre tilfelle vil få ei auka belastning. Bruk av faglege program har likevel potensial til i større grad å prioritere om og korleis eit område skal undersøkast enn i dag. Dermed vil totalbelastninga for samfunnet ikkje nødvendigvis auke. Økonomiske støtteordningar for arkeologiske undersøkingar og utgravingar for mindre private tiltak og enkelte andre spesifiserte tiltak blir vidareførte.

Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til forslaget knytt til kulturlag frå perioden 1650–1850, då dette er ein type kulturminne som i dag i stor grad går tapt, men som kan ha vesentleg kjeldeverdi. Undersøkingar og utgraving av desse kulturlaga vil inngå i dekningsplikta. Det blir antatt at slike undersøkingar og utgravingar i dei fleste tilfelle ikkje vil auke kostnaden i særleg grad.

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg også bak forslaget om å gi fylkeskommunane generell tilgang til å undersøkje jordfaste kulturminne fram til og med 1850. Fylkeskommunen kan ikkje krevje at tiltakshavar dekkjer kostnadene for dette, men har samtidig sjølv høve til å vurdere kva saker – inkludert kor mykje ressursar – som skal prioriterast til dette.

Det er elles føreslått ei føresegn som gir heimel til å presisere og justere dei kulturhistoriske verdiane i eit automatisk freda kulturminne. Dette er eit godt verktøy for ei føremålstenleg forvalting av kulturminne, og vil vere konfliktdempande. Fylkeskommunen meiner det er naturleg at denne presiseringsheimelen skal sortere under fylkeskommunen sitt ansvar.

Lovutvalet føreslår at kyrkjer oppførte før 1850 skal omfattast av automatisk freding. Det blir vurdert som positivt at kyrkjer blir freda med dei vanlege verkemidla etter lova og ikkje lenger skal omfattast av særskilde reglar om listeføring. Det blir elles vist til merknader til § 15 om automatisk freda kulturmiljø.

Freding ved vedtak

Lovforslaget sine føresegnar om freding ved vedtak er i det vesentlege ei vidareføring av gjeldande lov. Endringa er at dei er samla i ein paragraf. Dette meiner fylkeskommunen er positivt og lett forståinga av systemet. Vidare blir det føreslått å innføre ei ny føresegn som legg til rette for at fylkeskommunen på sjølvstendig grunnlag kan frede enkelte typar kulturmiljø ved vedtak.

Forenkla freding

Lovforslaget føreslår å innføre ein heimel for forenkla freding av kulturmiljø som lista opp i § 24 bokstav a – g, det vil seie enkelt minne og ikkje større område. Hensikta med føresegna er at ho skal ivareta vern av kulturmiljø som ikkje er av nasjonal interesse, og som heller ikkje er av rein lokal interesse og bør regulerast til bevaring etter plan- og bygningsloven. Fredingsforma rettar seg slik, etter fylkeskommunen si vurdering, mot kulturmiljø av regional verdi. Forenkla freding er i lovforslaget avgrensa til eksteriør og konstruksjon.

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg i utgangspunktet positive til å innføre verneforma forenkla freding. Fredingsforma har potensial til å styrke statusen til, og engasjementet rundt, kulturmiljø av regional interesse. Ei slik ordning er i tråd med prinsippet om nærleik, men vi er usikker på om omgrepet forenkla freding er godt og ber om at “regionalt vern” blir vurdert nærmare og at dette kan vere meir pedagogisk. Vidare er det naturleg å sjå fredingsforma i samanheng med kartlegging og prioritering av kulturmiljø i regionale planar. Fylkeskommunen er

også positiv til at ei forenkla freding kan nyttast for kulturminne som i dag er listeførte eller har privatrettslege verneavtalar, og meiner at dei kan fasast ut.

Samtidig ser vi at saksbehandlingsreglane må bli enklare for ei slik freding og at saksbehandlingsreglane i paragraf 67 må endrast. Fylkeskommunen meiner at reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak kan gi tilstrekkeleg rettstryggleik for partane med tanke på medverknad og klage.

Fylkeskommunen ser likevel behov for nokre endringar i ordlyden i føresegna knytt til kva som fredast, sjå paragraf 22a-g. Forenkla freding er særleg aktuelt for bygningar, men kan også vere aktuell for jordfesta kulturminne som ikkje er automatisk freda, til dømes setervollar, husmannsplassar og ikkje berre tufter, røyser eller eldstadar. Da bør ikkje dette avgrensast til enkeltminne, men til ein lokalitet med fleire kulturminne, sjå merknader i paragraf 22 og 24.

Vern ved avtale

Lovutvalet har vurdert om avtalar bør vere eit verkemiddel for vern i lova. I dag er til dømes avtale-basert vern praksis for vern av fartøy. Verneforma inneber at det blir inngått ein privatrettsleg avtale om vern av eit fartøy mellom eigar og Riksantikvaren. Avtalen gir eigar rett til å søkje om tilskot frå tilskotsordninga for fartøy og medfører også fleire andre rettar etter anna lovverk. Dersom eigar seier opp avtalen, har det offentlege ikkje rett til å trekkje tilbake tilskot.

Lovutvalet konkluderer med at vern av kulturmiljø som hovudregel bør skje gjennom vanlege forvaltingsrettslege verkemiddel som automatisk freding og vedtak om freding. På denne måten sikrar lova sentrale forvaltingsrettslege verdiar som kontradiksjon, klagerett, openheit og rettstryggleik. Vidare peikar utvalet på at bruk av dei ordinære verkemidla i kulturmiljølova og vern etter plan- og bygningsloven vil leggje til rette for eit meir systematisk og samordna vern. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar denne vurderinga.

2.2.3 Samtykke til riving av bygning oppført i tida før 1850

Etter gjeldande lov § 25 andre ledd har kommunane plikt til å sende å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ei bygning oppført før 1850 til fylkeskommunen. Det nye lovforslaget inneber at fylkeskommunen må gi samtykke til riving eller vesentleg endring av bygningar oppført før 1850.

Formålet med ordninga er å hindre ukontrollert tap av kulturminne, og er grunna i at kommunane har avgrensa heimel til å avslå slike søknader når tiltaket er i tråd med gjeldande plan. Etter forslaget skal fylkeskommunen, dersom samtykke ikkje blir gitt, starte prosess for regional freding innan seks veker.

KOSTRA-tal for Møre og Romsdal i 2024 viser at fylket hadde 39 meldingar om riving eller vesentleg endring av bygningar oppført før 1850 i 2024. Fylkeskommunen vurderer at eit fåtal av desse sakene eignar seg for freding. Samtidig er det uheldig dersom kulturmiljøverdiane knytte til denne kulturmiljøtypen går tapt og at kulturminna ikkje vert dokumentert før riving.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at problemstillinga er løfta opp og ser at det er behov for ein heimel til å avslå søknader om riving og/eller vesentleg endring av bygningar oppført før 1850. Eit alternativ til samtykke kan heller vere mellombels forbod mot riving eller at eller opnast for å setje vilkår i konkrete saker. Temaet er utdjupa i merknader til § 44.

2.2.4 Fjerning av rett til tilskot til eigarar

Eigarar av freda bygningar har i dag rett på tilskot dersom kulturmiljømyndigheita stiller fordyrande vilkår i eit vedtak om dispensasjon, jamfør kulturminnelova § 15 andre ledd. I lovforslaget blir denne rettigheita føreslått endra til ei rein behovsprøvd tilskotsordning.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at dette reiser eit meir prinsipielt spørsmål om fordeling av kostnader ved å eige og ta vare på fellesskapet sin kulturarv. Fylkeskommunen meiner eigarar bør ha rett til tilskot for å ivareta kulturarv. Ei slik rettigheit er også, på eit overordna plan, viktig for å sikre føreseielege rammer for statlege prioriteringar til føremålet over statsbudsjettet. Ein kan-regel er lite føreseieleg for eigar av kulturminnet, og kan føre til ulik praksis mellom fylkeskommunane.

2.2.5 Melde- og undersøkingsplikt

Lovforslaget vidarefører i det vesentlege gjeldande melde- og undersøkingsplikt i område med funnpotensial. Fylkeskommunen vurderer at det er føremålstenleg med ei betre avklaring, og utviding, av rammene for «mindre utgravingar» utført av fylkeskommunen i samband med registrering. Dette kan bidra til auka effektivitet i forvaltinga og avgrense kostnader for tiltakshavar. Tilsvarande ser fylkeskommunen behov for avklaring, og utviding, av rammene for «utsette undersøkingar». Temaet er nærare omtalt i merknader til §§ 46 og 47.

2.2.6 Dekningsplikt

Tiltakshavar har i dag plikt til å dekkje kostnader knytt til arkeologiske registreringar og undersøkingar, samt retting av ulovleg gjennomførte tiltak knytt til automatisk freda kulturminne. Denne dekningsplikta er i det vesentlege føreslått vidareført i lovforslaget. Samtidig er det foreslått ei utviding av kva tiltak dekningsplikta ikkje skal gjelde for. Visse tiltak i landbruket og reindrifta er føreslått unntatt frå dekningsplikt.

Lovutvalet understrekar i merknadene til den føreslåtte føreseigna at det er nødvendig med vidare utgreiingar av reglane om dekning av kostnader. Dette bør gjerast av departementet fordi det har ei budsjettmessig og politisk side.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar i hovudsak lovutvalet sine vurderingar knytt til dekningsplikt, og har omtalt temaet nærare i merknader til § 48. Fylkeskommunen vil likevel særleg løfte behovet for dekning av kostnader knytt til registrering av alle mindre, private tiltak, også i samband med drenering av jordbruksjord, og statte utvalet si vurdering i at dette bør vurderast nærmare.

Når det gjeld automatisk freda byggverk frå før 1650, ser Møre og Romsdal fylkeskommune eit behov for lovavklaring om undersøking og kostnadsdekning av «uoppdaga bygningar». Slike saker krev faglege undersøkingar, som dendrodatering, for å fastslå alder og derav fredingsstatus. For jordfaste kulturminne har tiltakshavar dekningsplikt, men dette gjeld ikkje for bygningar. Utan ei tydeleg ordning risikerer ein rettsleg uvisse, ujamn praksis og tap av kulturminne av høg alder. Vi meiner at § 46 må utvidast til å omfatte automatisk freda bygningar, og at kostnadsansvaret ved å slå fast fredingsstatus i arealsaker og tiltak etter plan- og bygingslova kjem klart fram av lova.

2.2.7 Transportminne

Lovforslaget opnar for ein ny samlekategori kulturminne som kan fredast – transportminne. (§22) Dette gjeld flyttbare kulturminne som til dømes bilar, fartøy og tog. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar innføringa av transportminne i lova og at dei likestilte med andre kulturminne etter kulturmiljølova.

Moglegheita til å påleggje istandsetjing etter naturskade og utvide forkjøpsretten til også å omfatte transportminne kan styrke vernearbeidet. Effekten vil likevel vere avhengig av moglegheita for økonomisk kompensasjon til eigarar som blir pålagde tiltak.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at namnet er dekkande. Videre at det avtalebaserte vernet for fartøy bør fjernast over tid og erstattast med forenkla freding, jamfør § 24. Innføring av transportminne i lova vil medføre behov for auka ressursar i kulturmiljøforvaltinga.

2.2.8 Lause kulturminne

Lovutvalet føreslår i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett i reguleringa av lause kulturminne i lovforslaget. Prinsippet om at forvaltingsmusea har ansvaret for lause kulturminne, men at fylkeskommunane framleis er mottakar ved funn av slike kulturminne, blir støtta.

I forslaget blir fylkeskommunen gitt ansvar for finnarlønn. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer dette som uheldig. Fastsetjing av finnarlønn bør liggje under forvaltingsmusea sitt ansvar – på lik linje med all annan forvalting av lause kulturminne.

2.2.9 Metallsøk

Møre og Romsdal fylkeskommune opplever stor og aukande interesse for søk etter lause kulturminne med metallsøkar. Fylkeskommunen har god kontakt med miljøet for metallsøk, sjølv om også Møre og Romsdal opplever enkelte utfordringar knytt til ulovlege søk i freda område og at funn ikkje blir levert inn i tråd med gjeldande regelverk. Alle funn blir registrerte i ein geodatabase hos fylkeskommunen og er kjelde til viktig kunnskap om kulturmiljø.

Etablert praksis for søk etter lause kulturminne med metallsøkar fungerer godt. Lovforslaget er uklårt med omsyn til framtidig metallsøk, og fylkeskommunen ser behovet for ei tydeleggjering av dagens praksis i lova. Fylkeskommunen stiller seg negativ til eit eventuelt forbod mot metallsøk, og meiner dette også kan være i strid med intensjonen om auka demokrati og engasjement på kulturmiljøfeltet. Forbodet mot å plukke opp lause gjenstandar kan også ha følgjer for funn i andre samanhengar enn ved metallsøk. Temaet er nærare omtalt i merknader til §§ 35–37.

2.2.10 Forsikring, gebyr og verkemiddel ved lovbrøt

Lovutvalet føreslår ei ordning som gir eigarar av kulturmiljø større høve til å få forsikra kulturminne innanfor ei rimeleg kostnadsramme. Dette forslaget blir støtta.

Lovutvalet vurderer at det ikkje skal fremjast forslag om gebyr- og sektoravgift for kulturmiljøfeltet. Til grunn for denne avgjerda legg lovutvalet vekt på at den totale verkemiddelkostnaden kan bli uproporsjonal som følgje av summen av vedlikehaldsplikt, manglande kostnadsdekning for antikvariske meirkostnader, auka forsikringskostnader og fråvær eller innskrenking av tidlegare skattefritak dersom det blir innført gebyr- og sektoravgifter. Denne vurderinga blir støtta.

Fylkeskommunen stiller seg også positiv til at lovutvalet har føreslått lovbrotsgebyr og dagmulktheimel, samt at foreldingsfristane blir føreslått utvida. Det er positivt at verkemiddel- og sanksjonsapparatet blir komplettert, og at det i større grad blir opna for administrative moglegheiter for oppfølging som alternativ til meldingar til politiet og andre sanksjonar.

2.2.11 Endringar i plan- og bygningslova

Lovutvalet vurderer at vern gjennom arealplanlegging er eit verkemiddel som i mange tilfelle vil kunne gi eit tilstrekkeleg vern for kulturmiljø. Det er likevel behov for å tydeleggjere og styrke regelverket på nokre område. Utvalet føreslår derfor endringar i plan- og bygningsloven som legg til rette for vern av kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel, samt moglegheit for å avslå søknader om riving av bygningar med viktige ytre kulturhistoriske, arkitektoniske og andre kulturelle verdiar.

Vidare føreslår utvalet ei tydeleggjering og styrking av kulturmiljø ved presisering og endring av føresegnar om ansvar, pålegg om tiltak ved forfall og moglegheit til unntak frå tekniske krav. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar dei føreslåtte endringane med dei presiseringane som går fram av kommentarane til dei enkelte føresegnene.

2.3. Administrative og økonomiske konsekvensar

Lovutvalet har ikkje gjort ei konkret vurdering av administrative, økonomiske eller andre samfunnsøkonomiske konsekvensar som følge av lovforslaget. Møre og Romsdal fylkeskommune har heller ikkje hatt høve til å gjere konkrete vurderingar av dette i høyringsperioden fylkeskommunen har hatt til disposisjon for å gi uttale. Fylkeskommunen vil likevel i det følgjande gjere innleiande vurderingar av dei administrative og økonomiske konsekvensane av lovforslaget, basert på NOU og lovforslaget. Fylkeskommunen sine erfaringar med oppgaveoverføring i samband med regionreforma ligg også til grunn for vurderingane. Det blir understreka at dei følgjande vurderingane er baserte på generell erfaring, ikkje kvantitative og/eller kvalitative analysar.

2.3.1. Generelle administrative og økonomiske konsekvensar av ny kulturmiljølov

Det går fram av lovutvalet sitt mandat og arbeid at forslaget til ny kulturmiljølov ikkje har som mål å innføre omfattande endringar eller utvidingar av norsk kulturmiljøforvaltning. Lovarbeidet har mellom anna som mål å gjere lova tydelegare og meir tilgjengeleg, samt å sikre ei meir einskapleg og effektiv kulturmiljøforvaltning. I tillegg er regelverket på nokre område forsøkt tilpassa praksis, samt utviklinga innanfor kulturarvsektoren og tilgrensande forvaltingsområde. Forslaget til ny lov kan slik, ifølgje lovutvalet, førebyggje tap av kulturmiljøverdiar i form av både kunnskap og økonomisk verdi

Lovutvalet meiner at forslaga i avgrensa grad vil auke kostnadene. I lovforslaget er det ikkje gjort ei omfattande drøfting av tilskotsmidlar eller andre økonomiske verkemiddel, men lovutvalet presiserer at auka tilskot er eit eigna verkemiddel for å styrke vernet av kulturmiljø.

Lovforslaget blir vurdert til å ha potensial for å realisere dei administrative og delvis økonomiske gevinstane lovutvalet ønskjer å fremje. Vidare blir det vurdert at kostnadene ved endringane for

samfunnet som heilskap har potensial til å vere avgrensa.

Enkelte av endringane i lovforslaget har likevel potensial til å medføre større belastning på forvaltingsorgana som blir omfatta av lova, og kan også få samfunnsøkonomiske konsekvensar. Dette vil avhenge av fleire forhold, som til dømes kva kulturmiljø finns i eit område, og kunnskapen om desse. Vidare vil demografi, geografi og organisering av forvaltingsorganet, eigar/brukar med fleire ha betydning for dei faktiske administrative og økonomiske verknadene av lovforslaget.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at det særleg er ei eventuell overføring av ansvar for forvaltning kyrkjer som har potensial til å medføre vesentlege konsekvensar for fylkeskommunen. Vidare vil ei eventuell føresegn om samtykke eller forenkla freding ha potensial til vesentlege konsekvensar i form av behov for auka ressursar. Desse endringane kan i særleg grad medføre behov for auka ressursar for å ivareta Møre og Romsdal fylkeskommune sine forvaltingsoppgåver som regional kulturmiljømyndigheit. Erfaringane frå regionreforma er at det ved overføring av oppgåver frå staten ikkje følgde med tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunen. Dette må takast omsyn til ved ei eventuell iverksetjing av lovforslaget.

2.3.2. Konsekvensar av forslaget for arbeidet med automatisk freda kulturmiljø

Ei endring av alderskriteria for automatisk freding, som omtalt ovanfor, vil føre til at fleire eigarar og tiltakshavarar må melde frå om og/eller søkje om løyve til inngrep. Tiltakshavarar skal som hovudregel dekkje kostnadene for arkeologiske undersøkingar. Ei endring av alderskriteriet vil kunne føre til noko auka kostnader for arkeologiske undersøkingar for tiltakshavarar og staten (gjennom tilskot). Lovutvalet viser samtidig til at mange kulturminne frå perioden 1537 til 1650 truleg finst i dei same områda som kulturminne frå før 1537. Dette inneber at det ville blitt stilt krav om undersøking av området uavhengig av endringa i alderskriteriet. Meirkostnaden er i desse tilfella i hovudsak knytt til tilfelle der spora startar etter 1537. Dette vil vere få sakar i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen meiner det må forventast eit auka behov for ressursar til saksbehandling som følgje av endringa i alderskriteriet. Samtidig opnar lovforslaget for moglegheit til å spesifisere verneverdiar og gir større høve til å velje ut kva som skal gravast ut, med utgangspunkt i faglege program utarbeidde av forvaltingsmusea. Dette inneber, etter fylkeskommunen si vurdering, at konsekvensane for tiltakshavarar og samfunnet som følgje av endringa blir moderate. Vidare vil føreslått omorganisering, som omtalt ovanfor, auke effektiviteten i sakshandsaminga.

Utvalet føreslår ei automatisk freding av kyrkjer fram til 1850, slik at dagens listeførte kyrkjer blir formelt freda, og at fylkeskommunane overtek forvaltingsansvaret frå Riksantikvaren.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar i det vesentlege lovforslaget for automatisk freda kulturmiljø. Endringar i kva som skal definerast som automatisk freda kulturmiljø og kven som har myndigheit og ansvar for desse, er viktige tiltak for å sikre ei føreseieleg og effektiv kulturmiljøforvaltning som møter relevante samfunnsutfordringar for kulturmiljø i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer samtidig at lovforslaget sine endringar knytt til

automatisk freda kulturmiljø samla sett har potensial for vesentlege administrative og økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen spesielt, og for kulturmiljøforvaltinga generelt.

2.3.3. Konsekvensar for arbeid med andre typar kulturmiljø

Dei mest vesentlege administrative og økonomiske konsekvensane knytt til kulturmiljø som ikkje er automatisk freda, følgjer av lovforslaget sitt forslag om forenkla freding, samtykke/freding for bygningar oppført i perioden fram til 1850 og utviding av kva for transportminne som kan omfattast av freding etter lova.

Den føreslåtte føresegna om samtykke i § 44 har, etter Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering, potensiale for å medføre vesentlege administrative konsekvensar for fleire aktørar i kulturmiljøforvaltinga. Fylkeskommunen viser derfor til vurdering av føresegna ovanfor, samt utdjupande vurdering av føresegna i uttalen sin tredje del.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at andre omtalte endringar i ulik grad har potensiale for å i vesentleg grad auke behovet for kompetanse og ressursar i kulturmiljøforvaltinga. Forvaltinga vil i det vesentlege sjølv kunne velje kva saker om forenkla freding som skal settast i verk (med atterhald om at § 44 ikkje blir ståande som føreslått).

For transportminne er det naturleg å sjå for seg behov for både auka kompetanse og ressursar for å ivareta desse kulturmiljøa på ein forsvarleg måte. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer det likevel som naudsynt og viktig for forvaltinga av kulturmiljø i fylket at endringane blir innførte.

3. Gjennomgang og innspel til føresegnene

Møre og Romsdal fylkeskommune har ytterlegare innspel og vurderingar som skil seg frå fellesgrunnlaget i desse paragrafane: §4, 19, 22, 23, 24, 25, 29, 32, 35, 38, 42, 43, 46 første ledd, 47 punkt b, 48 tredje ledd, 60 tredje ledd, 63, 68 og 73 første ledd.

3.1. Kapittel 1 Føremål, verkeområde og definisjonar

3.1.1 § 1 Føremål

Føremålet med lova er å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø som kjelde til kunnskap og som grunnlag for tilhøyrslø, oppleving og bruk for dagens og komande generasjonar.

Det er eit felles ansvar å ta vare på kulturmiljø som del av kulturarven gjennom vern og berekraftig bruk, og i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føremålsføresegna som godt formulert, moderne og inkluderande. Føresegna har ei ordlyd som er betre tilpassa dei nasjonale klima- og miljømåla for resultatområde 2. *Kulturminne og kulturmiljø*, samanlikna med gjeldande lov. Samtidig vurderer fylkeskommunen at føresegna ikkje vesentleg endrar gjeldande rettsregel.

3.1.2 § 2 Kva kulturmiljø som kan takast vare på etter lova

Kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi kan takast vare på etter denne lova.

Når det skal vurderast om eit kulturmiljø har høg kulturhistorisk verdi, kan det leggjast vekt på immateriell kulturarv og viktig naturmangfald. Så langt dei høver, gjeld reglane i denne lova òg botaniske, zoologiske eller geologiske førekomstar som har kulturhistorisk verdi.

Fylkeskommunen vurderer det som positivt at det blir føreslått ei eiga føresegn for kva kulturmiljø lova omfattar, samt kva kriterium ein skal leggje vekt på for å ta stilling til om slike kulturmiljø er til stades. Dette gjer lova sitt verkeområde tydelegare.

I første ledd i den føreslåtte føresegna går det fram at det er kulturmiljø av «høg kulturhistorisk verdi» som skal takast vare på etter lova. Dette erstattar § 2 fjerde ledd i gjeldande kulturminnelov:

Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.

Fylkeskommunen merkar seg frå merknadene til den føreslåtte føresegna at det ikkje har vore meininga å endre meiningsinnhaldet, sjølv om «arkitektonisk» verdi er fjerna som eit sjølvstendig kriterium. «Arkitektonisk» blir av utvalet vurdert som dekt av omgrepet «kulturhistorisk».

Fylkeskommunen støttar i utgangspunktet denne vurderinga. Det er samtidig klart at «arkitektonisk» er eit omgrep som i dag er vesentleg for å gjere ei verddivurdering av ei rekkje typar kulturmiljø. Vi foreslår derfor ein definisjon av omgrepet kulturhistorisk i en ny paragraf, sjå §4.

I andre ledd i den føreslåtte føresegna går det fram omsyn som kan leggjast vekt på for å vurdere om eit kulturmiljø har «høg kulturhistorisk verdi». Fylkeskommunen vurderer at omsyna som blir løfta fram – immateriell kulturarv og viktig naturmangfald – berre uttrykkjer ein avgrensa del av temaa som bør vurderast for å avgjere om noko har «høg kulturhistorisk verdi». Det blir føreslått at ein vurderer å leggje inn eit «mellom anna» før «leggjast vekt» for å understreke at immateriell kulturarv og viktig naturmangfald er to av fleire omsyn. Det kan òg vurderast om det bør takast med andre kriterium som er relevante ved vurdering av om eit kulturminne har «høg kulturhistorisk verdi», til dømes arkitektur som omtalt ovanfor.

3.1.3 § 3 Kvar lova gjeld

Lova gjeld på norsk landterritorium, medrekna innsjøar og vassdrag, i territorialfarvatnet og i sjøområda ut til 24 nautiske mil frå grunnlinjene.

På kontinentalsokkelen og i jurisdiksjonsområde som er oppretta i medhald av lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone, gjeld lova så langt ho høver.

Fylkeskommunen merkar seg at lovutvalet vurderer at lova bør ha ei generell regulering av vern og omsyn til kulturmiljø også utanfor 24-milsgrensa etter første ledd. Fylkeskommunen støttar denne vurderinga.

3.1.4 § 4 Definisjonar

I denne lova tyder

- a) kulturmiljø: eitt eller fleire kulturminne og heile det fysiske miljøet der kulturhistoria kjem til uttrykk
- b) kulturminne: alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet som kan vere kjelder til kunnskap, eller som blir tillagt kulturhistorisk verdi og mening
- c) jordfaste kulturminne: kulturminne som ligg i eller på grunnen eller i vatn, og som ikkje kan flyttast, til dømes bergkunst, gravminne, ruinar, spor etter byggverk, skogbruk, jordbruk og fangst, og stader som det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til
- d) lause kulturminne: kulturminne som er gjenstandar, til dømes smykke, myntar, reiskapar, våpen eller ting med innskrifter eller bilete
- e) transportminne: kulturminne som er framkomstmiddel, til dømes båtar, fly, bilar, tog, vogner eller sykklar
- f) skipsfunn: ikkje-flytande båtar, skipsskrog, last og anna som høyrer til eller har vore om bord

Møre og Romsdal fylkeskommune ser at det bør arbeidast meir med definisjon av omgrepa og at bygning, anlegg, kyrkje og kulturhistorisk verdi bør få eigne definisjonar. Omgrepet for lause kulturminne kan utdypast meir særleg med tanke på grensa til interiør og bygningsrestar.

Intensjonen er at jordfaste kulturminne skal avgrensast frå bygningar i lova, men fylkeskommunen ser likevel at ståande bygningar og anlegg kan tolkast som eit jordfast kulturminne. Dette tydeleggjer behovet for at bygningar og andre byggverk og konstruksjonar vert avgrensa som ein eigen kategori med ein eigen definisjon i § 4. Det vil vere føremålstenleg for forståinga av lovteksten elles. Det som skil bygningar og anlegg, inkludert andre byggverk og konstruksjonar, frå jordfaste strukturar er at dei framleis er ståande. Det kan gjerast ei nærmare inndeling, til dømes i bygningar, anlegg, men dette er ikkje naudsynt som ein overordna kategori.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer bruken av omgrepa kulturminne og kulturmiljø i lovforslaget som noko inkonsekvent og unaturleg i høve til normal daglegtale.

I bokstav a) i føresegna blir omgrepet «kulturmiljø» definert. Fylkeskommunen legg til grunn at intensjonen bak formuleringa er å ivareta den nye definisjonen av omgrepet «kulturmiljø» slik det går fram av *Meld. St. 16 (2019–2020). Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold*, kapittel 2.1:

(...) Med denne meldingen innfører regjeringen begrepet «kulturmiljø» som samlebetegnelse. Samlebetegnelsen dekker begrepene «kulturminner, kulturmiljøer og landskap» og brukes når feltet omtales som helhet.

Kulturmiljøbegrepet understreker betydningen av helhet og sammenheng, samtidig gjøres tilknytningen til den andre klima- og miljøpolitikken tydeligere. «Kulturmiljø» erstatter ikke bruken av begrepene «kulturminne», «kulturmiljø» eller «landskap» hver for seg, når det refereres til enkeltobjekter, områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng, eller landskap (...).

Etter fylkeskommunen si vurdering legg definisjonen av «kulturmiljø» i bokstav a) opp til at omgrepet «kulturminne» kan erstattast av «kulturmiljø», også i tilfelle der det ikkje er snakk om feltet som heilskap. Fylkeskommunen vurderer at dette er uheldig ut frå intensjonen i Meld. St. 16 og ei naturleg språkforståing. Lovforslaget har til dømes fleire føresegner som rettar seg mot enkeltobjekt og gjenstandar, til dømes § 24. I desse tilfella verkar det unaturleg å omtale objektet som eit «kulturmiljø». Dette kan òg skape misforståingar. Det verkar også uheldig for heilskapen og lovforståinga når andre definisjonar i § 4 omtaler objekta som kulturminne.

I bokstav b) i føresegna blir omgrepet «kulturminne» definert. Ordlyden er delvis henta frå gjeldande lov § 2:

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Det blir også introdusert eit nytt omgrep, kulturminneområde. Vi er usikker på innhaldet og korleis omgrepet vil fungere. Særleg innanfor arkeologifaget er det lokalitetsnivået som er mest sentrale, og fylkeskommunen meiner det kan vere hensiktsmessig å jamføre dette med omgrepet *kulturmiljø* – medan enkeltminnenivået tilsvarar det som i normaltale vert kalla *kulturminne*. Større kulturmiljø som omfattar fleire lokalitetar, og som spelar på naturlege kvalitetar som topografi, geologi og vegetasjon på staden, bør etter vår oppfatning omtalast som *landskap*. Dette ville vere i tråd med intensjonen i Meld. St. 16, og bidra til ein meir konsekvent omgrepsbruk. I føresegna sin bokstav c) blir omgrepet «jordfaste kulturminne» definert som

erstatning for «faste kulturminne». Føremålet med innføringa av omgrepet «jordfaste kulturminne» er å gi ei meir presis og tydeleg skildring av faste kulturminne som tradisjonelt har blitt omtalt som «arkeologiske kulturminne». Sjølv om det ikkje går direkte fram av ordlyden i føresegna, blir det lagt til grunn at kulturlag, dyrkingslag og steinsetjingar rett på berg inngår.

I føresegna sin bokstav d) blir «lause kulturminne» definert. Fylkeskommunen meiner det kunne ha vore formålstenleg om definisjonen kan vise til fleire døme knytt til bygningsrestar og prøvemateriale frå arkeologiske undersøkingar mv.

I bokstav e) blir «transportminne» definert. Fylkeskommunen støttar at transportminne blir innlemma i lova, slik at fartøy ikkje blir oppfatta å stå åleine, jamfør dagens lov. Fylkeskommunen har ingen merknadar til dette.

I føresegna sin bokstav f) blir «skipsfunn» definert. Fylkeskommunen har ingen merknader til definisjonen.

Fylkeskommunen vurderer at det kan vere føremålstenleg å føye til ein definisjon av omgrepet «kulturhistorisk verdi», jamfør kommentarar til § 2. Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår ein ny bokstav i paragraf 4: Kulturhistorisk verdi: Dei ulike verdisetta og kriteria som samfunnet tilskriv kulturmiljø, til dømes arkitektonisk verdi, opplevingsverdi, vitskapleg kjeldeverdi og kulturell og samfunnsmessig betydning

3.2. Kapittel 2 Allmenne føresegner

Fylkeskommunen meiner at innføring av generelle prinsipp som overordna rettesnor for forvaltning av kulturminne i Noreg er positivt. Bruk av slike grunnleggjande prinsipp kjenner ein frå til dømes naturmangfaldlova, som er eit samanliknbart regelverk. Sjølv om føresegnene verken stiftar rett eller pålegg plikter direkte, bidreg dei til å tolke andre føresegner og påverkar prosessuelle avgjerder. Vidare arbeid kan vurdere om det skal leggjast til eit eige prinsipp knytt til verdsarv, til dømes der kommunar med verdsarv har eit særleg ansvar for å ta omsyn til dette i sine avgjerder.

3.2.1. § 5 Generell aktsemdsplikt

Alle skal ta omsyn til kulturmiljøet og stelle seg slik at det ikkje blir skadd.

Kulturmiljø skal forvaltast og haldast i forsvarleg stand, slik at dei kulturhistoriske verdiane blir tekne vare på.

Det vurderast til at føresegna tydeleggjer prinsippet om ei generell aktsemdsplikt for kulturmiljø, i tråd med liknande føresegner som til dømes naturmangfaldsloven § 6. Fylkeskommunen stiller seg positiv til føresegna. I det vidare lovarbeidet kan det vurderast om det skal leggjast til eit eige avsnitt om at kommunar med verdsarv har eit særleg ansvar for å ta omsyn til dette i sine avgjerder.

3.2.2. § 6 Samordning av kulturmiljøstyresmakta

Kulturmiljøstyresmakta skal samordne seg og syte for ei heilskapleg og føreseieleg forvaltning av kulturmiljø i heile landet.

Føreseigna innfører krav om at kulturmiljøstyresmakta skal samordne seg og sørge for ei heilskapleg og føreseieleg forvaltning av kulturmiljø i heile landet. Ei tilsvarande føresegn ligg i dag i ansvarsforskrifta. Fylkeskommunen støttar den føreslåtte føreseigna. Det kan vere fleire organ og partar involverte i saker etter kulturminnelova, og føreseigna gir kulturmiljøstyresmakta eit overordna ansvar for å samordne mellom desse.

Innspeil om ivaretaking av gjeldande lov § 25 første ledd

I dagens kulturminnelov pålegg § 25 alle offentlege styresmakter ei plikt til å melde frå om tiltak som er omfatta av lova. I ny lov blir gjeldande § 25 erstatta av § 44. Her blir kravet om samordning ved riving eller vesentleg endring av bygningar oppførte før 1850 ivareteke. I forslaget til ny føresegn er likevel ikkje den generelle samarbeidsplikta fanga opp. Dette er svært uheldig for forvaltninga av til dømes automatisk freda kulturmiljø. Fylkeskommunen føreslår difor at følgjande blir lagt til i § 6:

«Statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som ansvar for eller behandlar sakar som kan påverka kulturmiljø omtalta i lova, har plikt til å senda melding til kulturmiljøstyremaktane.

3.2.3. § 7 Prinsipp for offentlege avgjerder

Føremålet i lova i § 1 og prinsippa i §§ 8 til 14 gjeld som retningslinjer når eit forvaltningsorgan tek avgjerd i alle saker der kulturmiljø kan bli påverka. Det same gjeld når eit forvaltningsorgan inngår avtale, deler ut tilskot eller forvaltar fast eigedom.

I avgjerda skal forvaltningsorganet gjere greie for korleis prinsippa er vurderte.

Fylkeskommunen merkar seg at føreseigna skal vidareføre sektoransvaret som i dag følgjer av kulturminnelova § 1 tredje avsnitt, jamfør merknader til den føreslåtte føreseigna. Det er nytt i forslaget at lova gjennom prinsippa i §§ 8 til 14 gir konkrete føringar for vurderingstema, og at det må gjerast greie for korleis ein har vurdert desse. Fylkeskommunen støttar dette, og vurderer det som ei vidareføring av gjeldande forvaltingspraksis.

3.2.4. § 8 Kunnskapsgrunnlag for avgjerder

Dersom eit forvaltningsorgan tek avgjerd som kan påverka kulturmiljø, skal avgjerda så langt som råd byggje på både vitenskapleg og tradisjonell kunnskap om kulturhistorie og kulturminne i området.

Fylkeskommunen vurderer føreseigna sitt krav til kunnskap som ei viktig føring for utøvinga av

skjønn i kulturmiljøforvaltinga, og det er difor vesentleg at prinsippet blir teke inn i lova som ei vidareføring av gjeldande praksis.

3.2.5. § 9 Føre-var-prinsippet

Dersom det ikkje ligg føre god nok kunnskap om kva følgjer eit tiltak kan få for kulturmiljø, skal forvaltningsorganet ta avgjerd som unngår eller avgrensar skadeverknadene så godt som råd.

Fylkeskommunen vurderer innføringa av føresegna som ei positiv tydeleggjering av føre-var-prinsippet, og som ei systematisering av gjeldande praksis

3.2.6. § 10 Samla negativ verknad på kulturmiljøet

Dersom eit forvaltningsorgan tek avgjerd som kan påverke den kulturhistoriske verdien negativt, skal organet leggje vekt på den samla påverknaden kulturmiljøet blir utsett for.

Fylkeskommunen vurderer innføringa av føresegna som ei positiv tydeleggjering av prinsippet om å vurdere eit tiltak si totale belastning på kulturmiljø, og som ei systematisering av gjeldande praksis.

3.2.7. § 11 Bruk av forsvarlege teknikkar og metodar

Dersom eit tiltak kan påverke kulturmiljø, skal tiltakshavaren så langt som råd nytte den teknologien og dei metodane som påverkar kulturmiljøet minst muleg.

Dersom dette blir urimeleg dyrt for tiltakshavaren, kan det opnast for ein mindre skånsam framgangsmåte, såframt det samla sett er kulturhistorisk forsvarleg.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna samlar og systematiserer prinsippet om best mogleg teknologi og metode. Fylkeskommunen støttar innføringa av prinsippet, og legg til grunn at praksis må gi ei nærare avklaring av kva som ligg i omgrepa «skånsomt», «urimeleg dyrt» og «kulturhistorisk forsvarleg» i føresegna sitt andre ledd. Det kan vere føremålstenleg at det i føresegna blir presisert at det må liggje føre ei fagleg og vitskapleg forsvarleg vurdering til grunn for forståinga av kva som skal reknast som ein «mindre skånsam måte».

3.2.8. § 12 Dekning av kostnader for tap eller skade

Dersom eit kulturmiljø blir skadd eller går tapt på grunn av eit tiltak, skal tiltakshavaren dekkje rimelege kostnader knytte til undersøking, dokumentasjon eller sikring av kjelde- eller restverdiane.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna byggjer på prinsippet om at den som forbrukar eit felles gode også er den som fullt ut skal betale kostnader ved eventuelle vernetiltak som samfunnet ser det nødvendig å stille krav om. Føresegna gir, etter fylkeskommunen si vurdering, kulturmiljøstyresmakta ei plikt til å vurdere om tiltakshavar bør betale for eventuelle undersøkingar, avbøtande tiltak eller liknande ved tap eller skade på kulturmiljø. Føresegna gir likevel ikkje heimel for å krevje kostnadsdekning. Fylkeskommunen støttar forslaget til føresegna. Forslaget statuerer dekningsplikta som elles er omtalt fleire stader i lovforslaget. Prinsippet har likevel ei sjølvstendig tyding ved tolking av andre føresegner.

I det vidare lovarbeidet meiner fylkeskommunen at det kan vurderast om restaurering bør inkluderast i kva som kan krevjast dekkja.

3.2.9. § 13 Medverknad

Når eit forvaltningsorgan skal ta avgjerder som kan påverke kulturmiljø, skal enkeltpersonar, lokalsamfunn, grupper og organisasjonar få høve til å medverke.

Representative organisasjonar har rett til å uttale seg og til å klage på enkeltvedtak innanfor interesseområdet sitt.

Styresmaktene har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale minoritetane romanifolket/taterar, skogfinnar, kvenar/norskfinnar, romar og jødar får høve til aktivt å medverke i saker som gjeld forvaltninga av deira kulturmiljø.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna innfører prinsippet om at eit lands borgarar skal ha rett til medverknad og informasjon. For kulturmiljøforvaltninga betyr dette at kulturmiljøstyresmakta skal leggje til rette for demokratisk deltaking i saker som kan påverke kulturmiljø, i den grad det er relevant i den konkrete saka.

Prinsippet om medverknad understrekar behovet for kontradiksjon i forvaltingsavgjerder. Dette er viktig for å sikre demokratiske prosessar, samt for å nå nasjonale mål om engasjement i kulturmiljøpolitikken. Forslaget fører i det vesentlege vidare gjeldande praksis etter forvaltingslova og krav til dømes medverknad i samband med freding i kulturminnelova.

3.2.10. § 14 Vektlegging av kulturmiljøet til urfolk og nasjonale minoritetar

Dersom eit forvaltningsorgan skal ta avgjerder som kan påverke kulturmiljøet til samar, romanifolket/taterar, skogfinnar, kvenar/norskfinnar, romar og jødar, skal organet leggje stor vekt på korleis kulturmiljøet kan tryggje og utvikle kulturen, språket og samfunnslivet.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna tydeleggjer det offentlege sitt ansvar for å ivareta interessene til urfolk og nasjonale minoritetar. Føresegna er følgt opp med oppretting av minoritetsnemnder i lovforslaget § 66. Forslaget blir støtta, og vurdert som viktig for at nasjonale minoritetar og urfolk sjølve medverkar i arbeidet med identifisering av minoritetar og nasjonale

urfolk sine kulturmiljø. Dette er særleg viktig med tanke på at enkelte av gruppene, på grunn av historia, har ein naturleg skepsis til nasjonale styresmakter. Det er positivt at nasjonale minoritetar og urfolk kan forankre eiga historie som ein viktig del av det som utgjer fellesskapen si historie.

Fylkeskommunen vil peike på at det i føreseigna er valt å definere kva nasjonale minoritetar føreseigna gjeld for. Dette gir klarheit om kven føreseigna omfattar, men samtidig lite handlingsrom for å innlemme eventuelle nye grupper som kan sorterast under omgrepet nasjonal minoritet i framtida. Det kan vurderast om plikta til å sikre medverknad frå eit større mangfald av innbyggjarar i landet også bør løftast fram meir generelt.

3.3. Kapittel 3 Automatisk freding

3.3.1. § 15 Automatisk freda kulturmiljø

Følgjande kulturmiljø er automatisk freda:

- a) jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1650
- b) bygningar og anlegg frå tida fram til og med 1650
- c) kyrkjer frå tida fram til og med 1850
- d) samiske bygningar og anlegg frå tida fram til og med 1917
- e) samiske jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1917

Til eit jordfast kulturminne høyrer ei fem meter brei sone rekna frå den kjende eller synlege ytterkanten av sjølve kulturminnet. Forbodet mot tiltak som er nemnde i § 18, gjeld innanfor sona.

I tvilstilfelle avgjer Riksantikvaren om eit kulturminne er automatisk freda.

Eit mindretal (Anfinset og Falch) føreslår at første avsnitt bokstav a skal lyde:

- a) jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1850

Eit anna mindretal (Felland og Gierløff) føreslår at første avsnitt bokstav f skal lyde:

- f) nasjonale minoritetane sine jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1850

Automatisk freding blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å ta vare på kulturmiljø, og lovutvalet sitt forslag til føresegner om automatisk freding i ny kulturmiljølov blir støtta. Det blir vist, i tillegg til vurderingane nedanfor, til innleiande vurderingar i kapittel to om konsekvensar av endringar i føresegner om automatisk freda kulturmiljø.

I samsvar med § 4 reiser vi likevel litt spørsmål knytt til bruken av omgrepa kulturminne og kulturmiljø, som i føreseigna framstår som noko inkonsekvent. Dette kan skuldast at kulturmiljø i tillegg til den gjengse oppfatninga av omgrepet også vert nytta som eit samleomgrep for både kulturminne, kulturmiljø og landskap. Fylkeskommunen meiner det er viktig at denne tredelinga ikkje vert uthola, og at det er viktig å opprettehalde eit omgrep som tydeleg skil heilskapar og samanhengar i høve til enkeltobjekt.

Eit mindretal føresler at minoritetane sine jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1850 skal vere freda. For Møre og Romsdal sin del vil dette i praksis kunne være romanifolket/taterane. Riksantikvaren har erfaring frå arbeidet med å bevare kulturminne frå minoritetane, og seier i sin høyringsuttale at fredingsprosessar med medverking frå minoritetane før eit eventuelt vedtak om freding er betre enn automatisk freding. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter dette.

Endring av alderskriteria

Fylkeskommunen støttar fleirtalet i lovutvalet sitt forslag om å setje grensa for automatisk freda jordfaste kulturminne til 1650. Etter fylkeskommunen si meining er dette ein fornuftig måte å inkludere ei rekkje kulturminne som i dag går tapt, samtidig som den generelle samfunnsbelastninga truleg ikkje aukar i vesentleg grad. Ei utviding av fredingsgrensa vil føre til fleire saker der tiltakshavar må søkje om løyve til inngrep, med fleire undersøkingar. Dette vil medføre noko auka arbeidsbelastning og ressursbruk for fylkeskommunen og andre relevante aktørar i forvaltinga.

Mindretalet sitt forslag om ei fredingsgrense ved 1850 har potensial til å sikre kulturmiljø som er viktige kjelder til kunnskap, men omfanget av kulturmiljø frå denne perioden kan medføre vesentlege kapasitetsutfordringar. Utfordringane vil omfatte både kapasitet og ressursar hos ulike forvaltingsorgan, auka økonomisk belastning for samfunnet, samt større inngrep i eigarar og tiltakshavarar sitt handlingsrom.

Fylkeskommunen støttar forslaget om å setje grensa for automatisk freda bygningar og anlegg til 1650, og at slike kulturminne ikkje lenger skal erklærast som automatisk freda slik det følgjer av gjeldande lov. Dette forenkler forvaltinga av automatisk freda bygningar.

Grensedraginga mellom jordfaste kulturminne og byggverk kan by på visse utfordringar, til dømes når eit byggverk går frå å vere bygning til ruin. Fylkeskommunen legg til grunn at praksis vil kunne gi nærare innhald til handtering. Vidare blir det tilrådd å innføre ein definisjon av bygningar og anlegg i § 4, som omtalt i innspel til denne føresegna.

Fylkeskommunen anerkjenner at det i det vidare arbeidet kan vere aktuelt å sjå på eigne alderskriterium for automatisk freding av bygningar i område med svært få slike bygningar, til dømes Finnmark.

Det er positivt at lovutvalet føreslår avvikling av listeføring som eit verkemiddel for å ta vare på kyrkjer. Lovgivingsskiljet på 1840-talet med opning for fleire kyrkjesamfunn gjer at tidspunktet for automatisk freding av kyrkjer oppførte før 1850 framstår som naturleg. Samtidig blir det stilt spørsmål ved om alle kyrkjer før 1850 har tilstrekkeleg høg kulturminneverdi til å kunne bli automatisk freda med alt det inneber. Ein større grad av differensiering av fredingane gjennom vedtak ville svart ut dette. Fylkeskommunen ser likevel dei praktiske og forvaltingsmessige utfordringane ved å gå frå listeføring til freding, og støttar lovutvalet sitt forslag. Ny føresegna i § 16 vil då bli eit viktig verktøy for å presisere verdier og omfang. Overføring av kyrkjeporteføljen og auke av aldersgrensa vil medføre behov for auka ressursar hos fylkeskommunane.

Sikringssone

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar innføring av ei fast sikringssone på fem meter rundt jordfaste kulturminne, og at dagens ordning med særskilde sikringssoner blir oppheva. Oppheving av sikringssone rundt automatisk freda byggverk blir støtta, då ordninga har vore lite

føremålstenleg i tettbygde strøk og på aktive gardstun, og har ført til unødig sakshandsaming. Dette vil forenkle forvaltninga

Sjølv om særskilt sikringssone har vore lite brukt, meiner fylkeskommunen at det likevel kan vere viktig å ha høve til å gjere ei lokalitetsavgrensing utover fastslått omfang, og å kunne gi jordfaste kulturminne og automatisk freda byggverk eit utvida verneområde. Byggverk frå før 1650 er særleg sårbare for brann og andre ytre truslar.

Fylkeskommunen foreslår difor at § 32 også skal gjelde automatisk freda kulturminne og byggverk, slik at tiltak og aktivitetar i nærleiken kan regulerast. Å frede område som alternativ er ikkje ei effektiv løysing, då prosessen er tidkrevjande. § 32 bør difor utvidast for å sikre kulturminna mot skadelege tiltak i nærleiken.

3.3.2. § 16 Presisering av automatisk freding

Riksantikvaren kan etter søknad eller av eige tiltak gjere enkeltvedtak for å presisere dei kulturhistoriske verdiane i eit automatisk freda kulturminne og omfanget av den automatiske fredinga.

Forslag til endra lovtekst til § 16

~~Riksantikvaren~~ **Fylkeskommunen** kan etter søknad eller av eige tiltak gjere enkeltvedtak for å presisere dei kulturhistoriske verdiane i eit automatisk freda kulturminne og omfanget av den automatiske fredinga. **Tilsvarande presisering kan gjerast i uttale til kommune- og reguleringsplan.**

Grunngiving og vurdering

Fylkeskommunen bør ha ansvar for å presisere kulturhistoriske verdier i eit automatisk freda kulturminne og omfanget av den automatiske fredinga. Fylkeskommunen er i lovforslaget myndigheit for å vurdere søknader om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren er klagemyndigheit for desse vedtaka. Det blir vurdert som uheldig dersom Riksantikvaren skal presisere kulturminneverdiane i saker der dei er klagemyndigheit.

Kulturmiljøforvaltinga i fylket vil vere enklare og tydelegare dersom fylkeskommunen er rette mynde til å vurdere spørsmål om presisering av kulturhistoriske verdier.

Med ei fredingsgrense sett til 1650, vil også bygningsdelar med lågare kulturhistorisk verdi bli omfatta av fredinga. Vanlegvis er fylkeskommunen involvert i dateringa og har tett dialog med eigar. Vi har òg ansvaret for dispensasjonshandsaminga. Det er derfor naturleg at fylkeskommunen òg får heimel til å presisere verneverdiane ved automatisk freda byggverk.

Riksantikvaren bør etter fylkeskommunen sitt syn vere klageinstans, slik dei er i dei aller fleste andre heimlar etter lova. Riksantikvaren vil i alle tilfelle ha moglegheit til å ta over ei sak etter dei føreslått reglane i § 57. Ei konsekvens av at Riksantikvaren blir førsteinstans er at departementet blir klageorgan, noko som ikkje er gunstig med tanke på nærleiksprinsippet.

Fylkeskommunen støttar innhaldet i føresegna, og er samd i at det oppstår tilfelle der det er behov for å avgrense eller presisere verneverdiane for ei føremålstenleg forvaltning og med omsyn

til eigar sin råderett. Presisering av verneverdiane er eit viktig reiskap i arbeidet med å leggje til rette for ny bruk av automatisk freda bygningar, og for å klargjere kva delar som kan tolast for endringar. Dette vil bidra til gode prosessar og ei tydeleg og effektiv kulturmiljøforvaltning.

Heimelen til å presisere dei kulturhistoriske verdiane til eit automatisk freda jordfast kulturminne eller ei bygning bør leggjast til fylkeskommunane også av plantekniske omsyn. Fylkeskommunen er høyrings- og motsegnorgan for plansaker som rører kulturmiljø. Ved vurdering av motsegn og eventuelle påfølgjande forhandlingar bør fylkeskommunen ha myndigheit til å korrigere og vurdere kva kulturmiljøverdiar som er særleg viktige, og ha moglegheit i planprosessen til å ta endeleg stilling til dette.

Dersom Riksantikvaren er myndigheit etter føresegna, vil ikkje fylkeskommunen ha myndigheit til å avgjere plansaka på vegner av kulturmiljøforvaltninga, sjølv om fylkeskommunen er høyringsinstans. Dette svarer til dagens situasjon for mellomaldergrunn og kyrkjer. Dersom fylkeskommunane tek over ansvaret for automatisk freda kyrkjer, vil det truleg vere behov for å presisere dei sentrale verneverdiane for slike kulturmiljø i framtida.

3.3.3. § 17 Rettsverknad for automatisk freding av bygningar og kyrkjer

For automatisk freda bygningar og kyrkjer gjeld reglane i kapittel 4 freding ved vedtak så langt dei høver.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna i hovudsak er ei vidareføring av § 4 fjerde ledd i gjeldande lov. Fylkeskommunen støttar den føreslåtte føresegna. Verkemidla som ligg i kapittel 4 om freding er betre tilpassa forvaltning av bygningar og kyrkjer.

3.3.4. § 18 Forbod mot tiltak og aktivitetar som kan påverke automatisk freda jordfaste kulturminne

Utan løyve etter § 20 er det forbode å setje i verk tiltak eller andre aktivitetar som kan innebere eller føre til at eit automatisk freda jordfast kulturminne blir øydelagt, skadd, utgrave, endra, tildekt eller skjult.

Forbodet gjeld òg tiltak og andre aktivitetar som kan ha ein unødig negativ innverknad på forståinga og opplevinga av automatisk freda jordfaste kulturminne, medrekna tiltak og aktivitetar som fører med seg forstyrrande lukt, lyd eller lys.

Dersom fylkeskommunen eller Sametinget ikkje gjer enkeltvedtak om noko anna, kan bruk av beitemark eller innmark over eit automatisk freda jordfast kulturminne halde fram. Pløying og anna jordarbeid som går djupare enn tidlegare, er forbode utan løyve.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna vidarefører forbodsføresegnene i § 3 i gjeldande kulturminnelov. I den føreslåtte føresegna er reglane forenkla og klargjorde.

Føresegna sitt første ledd er ei vidareføring av dei fysiske, og til ein viss grad dei visuelle, NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov

påverknadsforboda gitt i gjeldande lov. Fylkeskommunen vurderer at det er føremålstenleg med konkrete forbodsføresegner, då dette er tydeleggjjerande og dekkande for handlingar i straffesaker. Uttrykket «flytte» er teke ut. Det blir anta at omgrepet blir dekt av «blir øydelagt», men det kan vurderast å ta det inn att i føreseгна.

Omgrepet «utilbørlig skjemming» i gjeldande lov er bytta ut med «unødig negativ innverknad på forståinga og opplevinga». Fylkeskommunen vurderer at vilkåret framleis legg opp til eit relativt stort innslag av skjønn, men er samtidig ei føremålstenleg språkleg forenkling av lovteksten.

«Unødig negativ innverknad på forståinga og opplevinga» blir av fylkeskommunen forstått som tiltak og aktivitetar som i kraft av art, utsjånad, omfang, plassering, eller lukt, lyd og lys evnar å påverke kulturminnet på ein slik måte at det vesentleg endrar opplevinga eller forståinga av kulturminnet i seg sjølv, eller skjer det frå sin opphavlege opplevde kontekst. Føresegna må sjåast i samanheng med prinsippet gitt i § 10 om *samla negativ påverknad på kulturmiljøet*.

Fylkeskommunen vurderer at vilkåret «forståinga og opplevinga» må byggje på eit fagleg og vitskapleg grunnlag dersom føreseгна skal kunne nyttast for å oppnå føremålet. Alternativt vil skjønnsutøvinga bli svært krevjande, og truleg også gjenstand for motstridande vurderingar.

Fylkeskommunen merkar seg at lovutvalet vurderer vilkåret «unødig» som ein standard som mellom anna inneheld at samfunnsnyttan av tiltaket – og kva alternativ som finst – skal inngå i vurderinga. Det blir lagt til grunn at omgrepet «unødig» truleg vil bli gjenstand for vidare diskusjonar, og oppfattast ulikt blant relevante partar (innbyggjarar, fagmiljø og politikarar). Dette kan medføre at føreseгна blir krevjande å bruke, slik ho også er i dag.

Lukt, lyd eller lys er ei utviding i forhold til forståinga av «utilbørlig skjemming», som berre fekk bruk i samband med visuell påverknad. Fylkeskommunen stiller seg positiv til endringa, og legg til grunn at det i hovudsak gjeld langvarig/varig og vesentleg påverknad frå lukt, lyd eller lys.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil sette fokus på det tredje leddet, som er ei vidareføring av kulturminnelova § 3, andre ledd. Vi ser med stor uro på desimeringa av kulturminne under dyrka mark, både som følgje av større og tyngre maskineri, djuparegåande plogar og drenering og andre tiltak som ikkje utløyser søknad. Mange av dei viktigaste og mest sentrale kulturminna frå forhistorisk tid og mellomalder ligg i jordbrukslandskapet, men kulturmiljøforvaltinga har liten kapasitet og moglegheit til å følgje opp forbodet i siste setning. Det er utfordrande å nekte brukarane bruk av meir moderne utstyr, og det er heller ikkje statlege midlar til å sikre kunnskapen om desse kulturminna. Tilsvarande gjeld innanfor skogbruket, med markklargjering og store skadar i terrenget etter uttak. Dersom føreseгна vert vidareført, vil vi oppmode Departementet til å sjå på finansieringsløyningar for å sikre desse kulturhistoriske verdiane, til dømes gjennom ei form for sektoravgift.

3.3.5. § 19 Plikt til å melde frå om tiltak som kan verke inn på jordfaste kulturminne

Den som vil setje i verk tiltak som kan verke inn på automatisk freda jordfaste kulturminne på ein måte som er nemnt i § 18, skal melde frå om det til fylkeskommunen eller Sametinget, som avgjer om det er naudsynt å søkje om løyve etter § 20. Melding om tiltak skal gjevast så tidleg som råd.

Dersom eit automatisk freda jordfast kulturminne kjem for dagen etter at eit arbeid er sett i gang, skal den ansvarlege tiltakshavaren straks melde frå til fylkeskommunen eller Sametinget. Dersom arbeidet kan verke inn på kulturmiljøet på ein måte som er nemnt i § 18, skal arbeidet stansast. Fylkeskommunen eller Sametinget skal så snart som råd avgjere søknaden om løyve, jf. tredje avsnitt.

Om det trengst løyve, skal meldinga reknast som ein søknad.

Forslag til endra lovtekst til § 19

Den som vil setje i verk tiltak som kan verke inn på automatisk freda jordfaste kulturminne på ein måte som er nemnt i § 18, skal melde frå om det til fylkeskommunen eller Sametinget, som avgjer om det er naudsynt å søkje om løyve etter § 20. **Plikta gjeld også automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent og registrert på førehand.** Melding om tiltak skal gjevast så tidleg som råd.

Grunngiving og vurdering

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna i det vesentlege er ei vidareføring av § 8 i gjeldande lov, og at lovutvalet har hatt eit ønske om å tydeleggjere at meldeplikta også omfattar ei plikt til å søkje. Fylkeskommunen vurderer difor føresegna sitt siste ledd som ei viktig tydeleggjering, og er positiv til at meldeplikta blir vidareført i ny kulturmiljølov. Vi meiner likevel at føresegna med fordel kunne ha presisert at slike meldingar også gjeld kulturminne som enno ikkje er registrert, og at fylkeskommunen i si avgjerdslet tek stilling til potensialet for funn og om det er naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering etter § 46. Vår erfaring er at mange baserer si vurdering av meldeplikta på eksisterande registreringar i Askeladden.

Vi gjer merksam på at tredje ledd vil ha stor innverknad på bruken av DIGISAK, då det i forarbeidet er presisert at eigar eller tiltakshavar ikkje skal vere nøydd å søke to gonger. Dei fleste søknadar om løyve til inngrep kjem i dag etter ei innleiande melding om tiltak – enten etter plan- og bygningsloven eller kulturminnelova. Ved påfølgande funn vert tiltakshavar oppmoda om å søke løyve til inngrep etter kulturminnelova, ved bruk av DIGISAK, trass i at den opphavlege søknaden normalt sett inneheld all naudsyn informasjon.

Tredje ledd inneber at meldinga skal reknast som ein søknad, noko som dermed inneber ein vesentleg reduksjon i bruken av DIGISAK. Fylkeskommunen støttar forslaget.

3.3.6. § 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne

Fylkeskommunen og Sametinget kan gje varig eller mellombels løyve til eit tiltak som er nemnt i § 18. Løyve kan berre gjevast om fordelane for eigaren eller samfunnet veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien.

Fylkeskommunen og Sametinget kan gje løyve til tiltak som nemnt i § 18 dersom tiltaket er del av eit forskingsprosjekt som har til føremål å gje ny kunnskap og nytten av tiltaket veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien.

Fylkeskommunen og Sametinget kan setje vilkår for løyvet, til dømes om dokumentasjon, arkeologiske undersøkingar, sikringstiltak, overvaking, forskning eller formidling.

Dersom eit tiltak ikkje er sett i gang innan tre år, fell løyvet bort.

Det er ikkje naudsynt med løyve etter første avsnitt for tiltak som er i samsvar med gyldig reguleringsplan, der omsynet til automatisk freda kulturmiljø er avklart av fylkeskommunen eller Sametinget. Før planen blir gyldig, kan det setjast vilkår etter tredje avsnitt. Kommunen skal innarbeide vilkåra i planen. Fritaket frå kravet om løyve gjeld berre i ti år etter at planen er vedteken.

Fylkeskommunen merkar seg at omgrepet «løyve» blir vidareført for å skilje dette frå omgrepet «dispensasjon» etter § 30. Den ulike omgrepsbruken er grunna i at det er knytt ulike rettsverknader til omgrepa. Fylkeskommunen stiller seg spørjande til om det er eit reelt og praktisk behov for å skilje søknad om avvik frå ei freding ut frå om den er før eller etter 1650.

Fylkeskommunen vurderer det som føremålstenleg at forslaget til ny føresegna tydeleggjer at det kan givast mellombels løyve. Dette er praktisk og i tråd med gjeldande praksis.

I gjeldande lov er det ikkje i sjølve lovteksten gitt føringar for korleis løyve skal givast eller kva omsyn som gjer seg gjeldande i ei vurdering av om løyve kan givast. Dette er i hovudsak utvikla i praksis. I den føreslåtte føresegna sitt første ledd er det føreslått å innføre at «Løyve kan berre gjevast om fordelane for eigaren eller samfunnet veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien.» Etter fylkeskommunen si oppfatning er dette ei systematisering av gjeldande praksis. Vilråa for å gi løyve tek utgangspunkt i vilråa for å gi dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2, og har klare likskapstrekk med dispensasjonsforslaget for vedtaksfreding etter lovforslaget § 30. Dette legg til rette for samordning og utvikling av forvaltingspraksis på tvers av ulike fagfelt i kulturmiljøforvaltinga. Korleis den konkrete avveginga mellom eigarinteresser og skade på kulturminne skal gjennomførast, bør likevel utviklast i praksis, og det bør utarbeidast rundskriv med sentrale kriterium for avveging. Fylkeskommunen oppfattar at forslaget, trass i endra ordlyd, i hovudsak vil medføre ei vidareføring av gjeldande praksis. Fylkeskommunen støttar forslaget.

Føresegna sitt andre ledd tydeleggjer kravet om løyve ved forskingsgraving. Dette blir vurdert som svært positivt, sidan det avklarar ein uavklart rettstilstand etter dagens lov og praksis. Kravet harmoniserer også med det som er hovudtrekket elles i lova, at fylkeskommunen er løyvemyndigheit, noko som forenkler organiseringa. Fylkeskommunen meiner likevel at det må gjerast ei endeleg avklaring i forhold til § 47 første ledd bokstav c), der det blir vist til at forvaltingsmusea sjølv kan undersøkje ved arkeologisk utgraving, «...utan at det er naudsynt

med løyve etter § 20». Merknaden er først og fremst trekt fram for å sikre at det i lovprosessen blir ei avklaring av desse forholda, slik fylkeskommunen oppfattar har vore føremålet.

Føresegna sitt tredje ledd tydeleggjer høvet til å stille vilkår, og er ei samling og systematisering av dagens praksis. Det er ikkje heilt avklart om høvet til å stille vilkår også omfattar moglegheita til å setje krav om utforming av tiltaket i tilfelle dette har vesentleg tyding. Det kan til dømes vere relevant for den visuelle opplevinga av kulturminnet. Dette bør avklarast.

Føresegna sitt fjerde ledd er ei samling og systematisering av praksis. Forslaget blir støtta. Vidare arbeid bør vurdere om det er nødvendig å vise til § 20 første ledd, for å tydeleggjere at tilsvarande ikkje gjeld etter femte ledd.

Føresegna sitt femte ledd er ei delvis vidareføring av gjeldande lov § 8 fjerde ledd. I merknaden til § 20 går det fram at det med femte ledd blir innført forbod mot å gi samtykke til tiltak i kommuneplan, men at det skal følgje reglane i § 19 første ledd. I merknaden til føresegna går det fram at:

Det er nytt i føresegna at kulturmiljøstyresmakta ikkje kan gje samtykke til bygging direkte etter arealdelen i kommuneplanen.

Det blir lagt til grunn at forbodet til dømes ikkje gjeld motsegn til detaljert kommune(del)plan. Dette kan tydeleggjerast i vidare arbeid, slik at det ikkje oppstår utfordringar i forhold til plan- og bygningsloven § 5-5 første ledd, første og andre pkt.

3.3.7. § 21 Jordfaste kulturminne frå perioden etter 1650 til og med 1850

I tilfelle der det blir sett vilkår om utgraving i løyve etter § 20 til inngrep i automatisk freda kulturmiljø, skal eventuelle kulturlag frå perioden etter 1650 til og med 1850 handsamast som om dei var freda.

Føresegna er ny og gir fylkeskommunen og Sametinget moglegheit til å stille vilkår om at kulturlag frå perioden 1650–1850 skal undersøkast på same måte som dei som er automatisk freda. Føresegna gjeld berre i tilfelle der det allereie er stilt vilkår om undersøkingar på grunn av automatisk freda kulturminne (frå 1650 eller tidlegare). Føresegna gjeld også berre kulturlag, og ikkje andre jordfaste kulturminne frå perioden.

Fylkeskommunen støttar den føreslåtte føresegna, då ho vil ivareta ein type kulturminne som i liten grad er dokumentert, og som samtidig er utsett for store tap. Krav om ivaretaking av kulturlag frå perioden 1650–1850 vil medføre behov for auka ressursar hos fylkeskommunar og andre forvaltingsorgan. Dette vil likevel truleg vere relativt avgrensa, sett i lys av at kravet vil gjelde tilfelle der det uansett er krav om undersøkingar.

Fylkeskommunen oppfattar at «...handsamast som om dei var freda» berre omfattar kulturlag, og at det ikkje er heilt avklart om bygningsrestar/gjenstandar/konstruksjonar/menneskelege leivningar og andre strukturar er omfatta. Kulturlag inneheld som regel også ei rekkje gjenstandar som må vurderast for katalogisering, konservering og magasinering. Ved å inkludere kontekstar heilt opp til 1850 må ein ha ein plan for handtering av funna. Dette vil også ha stor innverknad på budsjetta, ikkje berre for utgraving, men også for handtering av funna i etterkant.

Fylkeskommunen legg til grunn at det er forvaltingsmusea som skal ta vare på gjenstandane frå desse kulturlaga.

Fylkeskommunen vurderer at det også ligg ei viss rettsleg uklarheit i forståinga av «...handsamast som om dei var freda», og det bør avklarast meir konkret kva som ligg i dette, mellom anna om kulturlaget faktisk er freda, og kva som eventuelt skil det frå ei freding. Etter fylkeskommunen si oppfatning ville det vore meir ryddig å operere med at noko anten er freda eller ikkje freda.

3.4. Kapittel 4 Freding ved vedtak

3.4.1. § 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak

Kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi kan fredast ved vedtak. Det gjeld mellom anna

- a) jordfaste kulturminne
- b) byggverk og anlegg
- c) kyrkjer
- d) lause kulturminne
- e) transportminne
- f) skipsfunn
- g) offentlege minnesmerke
- h) kulturpåverka natur
- i) bygningsmiljø
- j) kulturminneområde, medrekna område med jordfaste kulturminne eller marine område
- k) kulturlandskap

Naturmangfald som ikkje er påverka av menneskeleg verksemd, kan inngå i fredinga.

Bygningsmiljø er skilt ut som ein eigen kategori (i), men for arkeologiske kulturminne er det normalt lokalitetsnivået/kulturmiljøet som er den mest sentrale eininga. Det er lite formålstenleg å frede ein eldstad, eit tuft eller ei rydningsrøys utan omsyn til heilskapen. Vi meiner difor at det ikkje er behov for ein ny kategori som kulturminneområde, mellom kulturmiljø og landskap, og at forvaltninga ikkje er tent med eit nytt og språkleg uklårt omgrep. Dersom fylkeskommunane skal kunne frede jordfaste kulturminne, må det vere som eit samla miljø (til dømes ei seter eller ein husmannsplass) og ikkje berre som enkeltelement. Større område, som til dømes eit større seterlandskap eller ei samling husmannsplassar, vert rekna som landskap. Dette kan også omfatte marine, urbane, eller industrielle landskap.

I merknader til føresegna i NOU kap. 42 er det vist til at § 22 j) også kan erstatte særskilt sikringssone. Føresegnene § 22 j) jf. § 23 er forbeholdne Riksantikvaren si myndigheit og krev saksprosess slik beskrive i § 67. Dette er, etter fylkeskommunen si vurdering, ein relativt omfattande prosess tilpassa eit heilt anna restriksjonsnivå. Det blir vurdert som upraktisk at det

må gjennomførast ei ordinær freding for å kunne etablere ei utvida eller tilpassa sikringssone eller siktlinjer i ettertid etter § 67. Fylkeskommunen held det som lite sannsynleg at føreseigna § 22 j) jf. § 23 kjem til å bli særleg nytta slik ho no er føreslått. Det blir vist til merknader til § 32 med forslag om at føreseigna også bør kunne få anvending på automatisk freda jordfaste kulturminne.

Dersom det blir vurdert slik at § 32 ikkje skal endrast til å omfatte automatisk freda kulturminne, bør § 22 bokstav j) leggjast under fylkeskommunen sitt ansvarsområde og prosessuelt gå etter føreslått § 24. Ein bør også vurdere å endre uttrykket til noko som samsvarar betre med funksjonen som ein særskilt sikringssone, for å gi ei klarare avgrensing mot omgrep som kulturmiljø og landskap.

Når det gjeld punkt g) «offentlege minnesmerke», er det uklart kva som ligg i omgrepet «offentlege». Dersom ein meiner minnesmerke i offentlig eige, fell alle minnesmerke i privat eige utanfor. Dersom ein meiner minnesmerke av offentlig interesse, fell minnesmerke med meir avgrensa nedslagsfelt utanfor. For å unngå uklarheiter bør ein vurdere om det er meir formålstenleg å berre nytte ordet «minnesmerke».

Endeleg er det foreslått å endre bokstav k) kulturlandskap til landskap, som både er meir i tråd med Meld. St. 16 og internasjonale konvensjonar. Dette omgrepet inkluderer bylandskap, kystlandskap, fjellandskap og industrilandskap, og vert forstått som eit samspel mellom naturgitte og menneskeskapte element. Dette bidreg ytterlegare til å redusere behovet for kategorien kulturminneområde (j).

Andre innspel

Freding ved vedtak er eit viktig verkemiddel for å ta vare på kulturmiljø, og lovutvalet sitt forslag om freding ved vedtak i ny kulturmiljølov blir i hovudsak støtta. Fylkeskommunen merkar seg at føreseigna stort sett er ei vidareføring av fredingsheimlane i §§ 15, 19, 20 og 22a i gjeldande lov, og at føreseigna samlar og systematiserer gjeldande praksis. Samtidig inneber føreseigna ei endring av gjeldande praksis, då det blir opna for mellom anna freding av naturmangfald som ikkje er påverka av menneskeleg verksemd, mindre laust inventar, lause kulturminne, transportminne og mindre bygningsmiljø. Fylkeskommunen stiller seg positiv til føreseigna si innretning og omfang. For bruk av omgrepet «høg kulturhistorisk verdi» viser fylkeskommunen til kommentarar til §§ 1 og 4.

Fylkeskommunen legg til grunn at byggverk og anlegg, jamfør den føreslåtte føreseigna bokstav b), har same innhald som etter gjeldande lov. Samtidig framstår *byggverk* og anlegg som noko inkonsekvent, i høve til *bygningar* og anlegg, til dømes i § 15. Dette understrekar behovet for betre definisjonar i § 4. Vi støtter Riksantikvarens forslag i å dele bygningar og anlegg i to kategoriar og at konstruksjon blir lagt til anlegg.

Det kan også vurderast om interiør også skal takast inn i denne føreseigna, og at det også blir opna for å frede berre interiør i eit byggverk. Til dømes ved at bokstav b) får tilføyinga «(...) eller interiør». Sjå elles vårt innspel til denne avgrensinga i § 4.

Fylkeskommunen vurderer at det må gjerast særskilde vurderingar for kyrkjer oppførte etter 1850. Fylkeskommunen tolkar lovframlegget slik at arbeidet med fredingsvedtak for dei no listeførte kyrkjene vil bli omfattande. For fylkeskommunen er det difor viktig at staten sikrar nødvendige midlar til dette arbeidet i regionalforvaltinga, eller gjennomfører fredingane før

ansvaret blir overført. Fylkeskommunen meiner også at det må gjerast opprydding og tilpassingar i andre relevante lover og forskrifter.

3.4.2. § 23 Freding av kulturmiljø ved enkeltvedtak

Riksantikvaren kan ved enkeltvedtak frede kulturmiljø som er nemnde i § 22 bokstav a til g, og mindre område som er nemnde i § 22 bokstav h til k.

Forslag til endra lovtekst til § 23

Riksantikvaren kan ved enkeltvedtak frede kulturmiljø som er nemnde i § 22 bokstav a til g, og mindre område som er nemnde i § 22 bokstav h til ~~kj~~.

Grunngiving og vurdering

Endringa er ein direkte følgje av forslaget til endring i §22, der vi foreslår at kulturminneområde vert teke ut.

Andre innspel

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna vidarefører og samlar Riksantikvaren si mynde til å frede kulturmiljø slik den følger av lov og ansvarsforskrift. Med unntak av mindre jordfaste kulturmiljø, som etter dagens praksis vert rekna som heilskaplege arkeologiske lokalitetar (setervollar, husmannsplassar), vert dette støtta. Større kulturmiljø fell inn under omgrepet landskap.

Fylkeskommunen legg til grunn at tilvisinga til enkeltvedtak i føresegna er ei tilvising til § 67, som ikkje fullt ut følgjer norma for enkeltvedtak etter forvaltingslova. Det bør difor vurderast å gje ei lovfotnote til § 67 i føresegna.

3.4.3. § 24 Forenkla freding av kulturmiljø ved enkeltvedtak

Fylkeskommunen og Sametinget kan ved enkeltvedtak frede det utvendige av og konstruksjonen til kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi som er nemnde i § 22 bokstav a til og med g.

Forslag til endra lovtekst til § 24

Fylkeskommunen og Sametinget kan ved enkeltvedtak frede ~~det utvendige av og konstruksjonen til~~ **kulturminne** og kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi som er nemnde i § 22 bokstav a til og med g. **Freding av interiør i privat krev samtykke frå eigar.**

Vedtak om forenkla freding følger saksbehandlinga i § 67 første, annet og tredje ledd.

Grunngiving og vurdering

Føresegna innfører ein «forenkla» fredingsheimel, der myndigheita er lagt til fylkeskommunen. Fredingsvilkåret er «høg kulturhistorisk verdi», som i utgangspunktet er det same vilkåret som gjeld for Riksantikvaren ved ordinær freding etter § 23. I merknadene til lovforslaget er det

likevel vist til at det er kulturminne og kulturmiljø av regional verdi som er relevante for bruk av føresegna.

Lovforslaget legg opp til at freding etter både § 23 og § 24 skal gjennomførast som ein ordinær fredingsprosess etter § 67. Forenkla freding er føreslått gitt ei avgrensa bruk ved at fredingsforma berre kan omfatte eksteriør (ytre), medrekna konstruksjon.

Fylkeskommunen opplever at det i dag er behov for verkemiddel til å ivareta kulturminne som blir liggjande mellom kommunen og Riksantikvaren sine myndigheitsområde knytt til høvesvis lokale og nasjonale verdier. På bakgrunn av dette, og innføring av ein forenkla freding med fylkeskommunen og Sametinget som myndigheit, er dette eit føremålstenleg verkemiddel. Fredingsforma kan med fordel knytast til regionale verdier. Dette kan gi kulturminne som er kartlagt og prioritert i regionale planar større tyding og skape regionalt engasjement – i tillegg til plan- og bygningsloven sine andre verkemiddel ved bevaring av kulturminne og kulturmiljø av regional verdi.

Ein heimel til regionalt vern vil kunne skape ulik praksis mellom fylka, ut frå ulike politiske samansetjingar. Samtidig kan det argumenterast for at dette ligg innanfor ei naturleg demokratisk ramme, og at det nettopp er det regionalpolitiske handlingsrommet og eigarskapet som kan vere styrken i eit slikt vern. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til forslaget, då føresegna opnar opp for regionalt/lokalt engasjement rundt kulturminne. Det regionale vernet kan også erstatte dagens ordning med avtale-basert vern av fartøy.

Fylkeskommunen vurderer det som vesentleg at fredingsforma i namn og kriterium får ei utforming som gir verdiane som blir ivaretekne ei likestilt tyding med fredingar etter vedtak elles. Det er viktig at kulturminne som blir freda etter § 24 ikkje framstår som mindre viktige enn kulturminne som blir freda etter § 22. Namnet på føresegna bør difor vurderast nærare. Vidare er det behov for at prosessen knytt til fredingsforma blir ei reell forenkling.

Forenkla fredingsprosess ved forenkla freding etter § 24

Fylkeskommunen vurderer det som ei vesentleg utfordring at forenkla freding skal gjennomførast etter § 67. Prosessen for forenkla freding blir då like omfattande som ein normal freding ved vedtak. På bakgrunn av dette blir forenkla freding vanskeleg å ta i bruk, særleg sett i samheng med at det ikkje er mogleg å frede interiør. Det blir difor føreslått at det blir gjort endringar i § 24, slik at § 67 fjerde ledd ikkje gjeld for forenkla fredingar. Alternativt kan § 24 endrast slik at vedtak om forenkla freding kan fattast som ordinært enkeltvedtak, jamfør forvaltingslova sine føresegner. Dette kan reise spørsmål om reglane i forvaltingslova om enkeltvedtak vil kunne gi tilfredsstillande forvaltingsrettsleg partsvern knytt til medverknad og kontradiksjon i prosessen. Gitt dei avgrensa rådveldeavgrensingane som kan illeggjast ved forenkla freding, ser ikkje fylkeskommunen behov for den meir omstendelege prosessen for å sikre brei medverknad som er angitt i § 67. Reglane for førehandsvarsling og enkeltvedtak vil vere tilstrekkelege til å ivareta nødvendig kontradiksjon. Føremålsbeskrivingane i forenkla fredingar må også ha ein slik karakter at nødvendige unntak frå fredinga kan gjennomførast ved søknad og dispensasjonsbehandling.

Fylkeskommunen oppfattar at lovutvalet meiner at kulturminne freda ved forenkla freding etter § 24 ikkje skal ha ein lovfesta rett på tilskot. Det er vidare uklart om lovutvalet vurderer at slike kulturminne skal ha rett på tilskot etter framtidige forskrifter om tilskot. Fylkeskommunen

vil difor understreke tydinga av at også kulturminne freda etter § 24 får rett til å søkje om tilskot, for å mogleggjere eit godt samspel mellom eigarar og kulturmiljøforvaltinga.

Andre innspel og vurdering av lovforslaget til kulturmiljøloven § 24

Fylkeskommunen vurderer at føreseigna si ordlyd er utforma slik at ho ikkje vil vere tilpassa andre kulturminne enn bygningar. Dette følgjer av at lovteksten legg opp til freding av det utvendige og konstruksjonen til kulturmiljø. Det blir difor forventa at det vidare lovarbeidet vurderer ei ordlyd som er betre tilpassa andre kulturminne enn byggverk og anlegg.

Den føreslåtte grensesetjinga for forenkla freding kan mjukast opp, og interiør bør kunne inkluderast for å ivareta enkeltminne sin integritet der dette er vesentleg for den høge kulturhistoriske verdien. For at forenkla freding skal vere mindre inngripande enn ordinær freding, kan lova til dømes ha ei prosessuell skranke for interiør i privat bustad, ved at interiørfreding anten føreset samtykke frå eigar eller krav om interessevekting. Eit innspel til vidare arbeid er at dette kan gjennomførast ved forenkla freding dersom det ligg føre samtykke frå eigar.

Føreseigna siktar seg inn mot enkeltobjekt. Det kan vurderast om det for Nord-Troms og Finnmark skal vere høve til også å kunne frede område gjennom forenkla freding.

3.4.4. § 25 Freding av kulturmiljø ved forskrift

Kongen i statsråd kan i forskrift frede større område som er nemnde i § 22 bokstav h til k.

Ved freding i forskrift gjeld føresegnene i forvaltningsloven om enkeltvedtak for dei eigarane og rettshavarane fredinga kan få direkte følgjer for.

Forslag til endra lovtekst til § 25

Kongen i statsråd kan i forskrift frede større område som er nemnde i § 22 bokstav h til ~~k~~-j.

Grunngiving og vurdering

Følgeendring etter § 22. Sjå også § 23.

Andre innspel

Ingen andre innspel knytt til denne paragrafen.

3.4.5. § 26 Mellombels freding

Riksantikvaren, fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om mellombels freding dersom det er fare for at høg kulturhistorisk verdi går tapt eller får vesentleg skadeverknad.

Tiltak som trengst for å avklare eller sikre den kulturhistoriske verdien, skal gjennomførast så snart som råd.

Reglane for sakshandsaming i § 67 og føresegnene i forvaltningsloven om varsel og utgreiingsplikt gjeld ikkje for vedtak om mellombels freding.

Fylkeskommunen støttar lovforslaget. Forslaget framstår som ei vidareføring av gjeldande § 22 nr. 4, samt ei systematisering av gjeldande praksis. Mellombels freding er ein viktig tryggleiksventil for kulturmiljøstyresmaktene i tilfelle der høge kulturmiljøverdiar står i fare for å gå tapt. Føresegna vil vere eit viktig verkemiddel for å hindre eit slikt tap, eller for å utsetje ei avgjerd om til dømes riving, til kulturmiljøverdiene er avklara. Det blir lagt til grunn at mellombels freding etter den føreslåtte føresegna også kan nyttast i tilfelle der det er aktuelt med oppstart av forenkla freding.

3.4.6. § 27 Erstatning for fredingsvedtak

Vedtak om freding gjev ikkje rett til erstatning for eigaren og andre rettshavarar, om ikkje ein slik rett følgjer av allmenne rettsgrunnsetningar.

Fylkeskommunen støttar lovforslaget.

3.4.7. § 28 Rettsverknad av freding ved vedtak

Kulturmiljøstyresmakta kan forby eller på annan måte regulere alle typar tiltak og aktivitet som motverkar føremålet med fredinga. Føremålet med fredinga og kva som ikkje er tillate, skal gå fram av fredingsvedtaket.

Dersom ikkje noko anna går fram av fredingsvedtaket, omfattar freding av byggverk og anlegg eksteriør, bygningskonstruksjonar og inventar som anten er fast montert eller særskilt tilpassa bygningane.

Laust inventar og gjenstandar kan fredast saman med byggverk og anlegg dersom det står opp under føremålet med fredinga.

Kulturmiljøstyresmakta kan i fredingsvedtaket fastsetje at eit kulturminne skal haldast i stand, og at vedlikehaldet skal utførast på ein viss måte. Kulturmiljøstyresmakta kan i fredingsvedtaket fastsetje vern og skjøtsel av naturmangfald i fredingsområdet.

Dersom fredingsvedtaket ikkje har fastsett særskilde reglar om kva fredinga går ut på, er alle tiltak som går lenger enn vanleg vedlikehald forbodne utan dispensasjon etter § 30. Forbodet gjeld mellom anna riving, flytting, påbygging, utskifting av materialar og endring av fargar.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegnene i hovudsak er ei vidareføring av gjeldande § 15 tredje og fjerde ledd, § 19 andre ledd, § 20 andre ledd og § 22 andre ledd. Føresegna regulerer rådveldeavgrensingane som kan givast ved freding, og gir eit felles heimelsgrunnlag for alle typar fredingar.

Fylkeskommunen ser dette som eit godt tiltak for å gjere lova meir oversiktleg og for å skape eit meir einskapleg fredingsinstitutt. Andre ledd i føresegnene er ikkje særleg tilpassa fredingar av anna enn byggverk og anlegg. Det kan vurderast å få føresegna betre tilpassa til å gjelde freding av skip og transportminne. For andre kategoriar kulturmiljø er det truleg ikkje behov for å regulere inventar.

I fjerde ledd i den føreslåtte føresegna blir det innført heimel til å påleggje eller gi reglar i fredingsvedtaket om det vi oppfattar som rutinemessig vedlikehald («haldast i stand»). Dette er etter dagens praksis omtalt som «vanleg vedlikehald». Fylkeskommunen meiner dette er eit godt forslag, og inneber ei direkte rettleiing om vedlikehald til eigar i vedtaket om freding.

Fylkeskommunen legg likevel til grunn at offentleg etterleving og eventuell ulovlegheitsoppfølging må skje etter dei ordinære reglane om vedlikehald og ulovlegheitsoppfølging.

Fylkeskommunen vil peike på at det i det vidare lovarbeidet kan vurderast å innføre ei generalføresegn med forbod mot å skade vedtaksfreda kulturminne eller å gjennomføre tiltak i strid med fredingsvedtaket. Dette vil tilsvare forslag i §§ 18 og 33 for høvesvis jordfaste og lause kulturminne. I ei slik skadeføresegn er det også mogleg å presisere at det også inkluderer indirekte skade frå andre eigedomar. Dette er tilfelle som det er vanskeleg for eigarar å handtere etter nabolovgivinga.

3.4.8. § 29 Omsyn til eigaren ved utforming av vedtak om freding

Når kulturmiljøstyresmakta utformar vedtak om freding etter denne lova, skal det takast omsyn til eigaren og til bruken av kulturmiljøet i dag og i framtida.

Kulturmiljøstyresmakta kan ikkje påleggje eigaren meir omfattande forbod eller plikter enn det som må til for å oppfylle føremålet med fredinga.

Forslag til endra lovtekst til § 29

Når kulturmiljøstyresmakta utformar vedtak om freding etter denne lova, skal det **i den grad det er i samsvar med fredingsformålet** takast omsyn til eigaren og til bruken av kulturmiljøet i dag og i framtida.

Kulturmiljøstyresmakta kan ikkje påleggje eigaren meir omfattande forbod eller plikter enn det som må til for å oppfylle føremålet med fredinga.

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunane støttar i utgangspunktet lovforslaget, og ser det som ei viss samling og systematisering av dagens praksis. Prinsippet som kjem fram i andre ledd er sentralt og i tråd med nødvendighetskriteriet – som må ligge til grunn for alle lovpålagde rådveldeavgrensingar.

Det blir vurdert som naturleg at ei freding skal ta omsyn til eigars behov og bruken av

kulturmiljøet, også framover i tid. Det er likevel klart at eigars ønskje og behov for bruk og økonomisk verdi ofte kan stå i direkte motstrid med verdiane knytt til kulturmiljøet. Dette er til dømes ei vanleg problemstilling for bygningar i bruk som bustad eller næring. Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte justeringa av lovteksten ligg nærare dagens praksis. Forslaget kan også avgrense eigars forventningar, samt potensialet for usemje mellom eigar og kulturmiljøstyresmaktene. Det må framleis vere høve til å gjennomføre ei freding sjølv om det ikkje er i samsvar med eigarinteresser.

3.4.9. § 30 Dispensasjon frå freding

Fylkeskommunen og Sametinget kan i enkeltvedtak gje varig eller mellombels dispensasjon frå freding og fredingsføresegner for kulturmiljø som er freda ved vedtak. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, føremålet med fredinga eller dei kulturhistoriske verdiane blir vesentleg sette til side. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom fordelane for eigaren eller for samfunnet veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien.

Om eit tiltak ikkje er sett i gang innan tre år, fell dispensasjonen bort.

Fylkeskommunen merkar seg at den føreslåtte føresegn har eit meningsinnhald som ligg nært opp til dagens §§ 15 a første ledd, 19 tredje ledd, 20 tredje ledd og 22a andre ledd.

Fylkeskommunen legg til grunn at praksis som er utvikla for nemnde føresegn i det vesentlege kan nyttast vidare.

I første ledd i føresegnene går det fram at det etter søknad og vedtak kan givast dispensasjon frå fredingsføresegnene. Dispensasjonen kan vere varig eller mellombels, og det kan stillast vilkår til vedtaket om dispensasjon. Dette blir oppfatta som ei vidareføring av gjeldande rett.

I andre avsnitt i føresegnene er det sett opp to vilkår for dispensasjon. Desse vilkåra blir vurderte som ei modernisering og vidareutvikling av gjeldande dispensasjonsføresegner. Det blir lagt til grunn at føreslått vilkår om vurdering av fredingas føremål er ei vidareføring av gjeldande vilkår om å vurdere om tiltaket er eit vesentleg inngrep i det berørte kulturminnet/kulturmiljøet. Tilsvarande samsvarer vilkåret om vurdering av fordelar og skadeverknad med dagens vilkår om at tiltaket skal vere eit særleg tilfelle.

Fylkeskommunen oppfattar at intensjonen med føreslått dispensasjonsføresegn er å vidareføre dagens praksis/gjeldande rett. I vilkåret om vurdering av fordelar og skadeverknad er likevel eigars interesser særleg trekt fram. Det blir stilt spørsmål ved om formuleringa er eigna til å vidareføre dagens praksis, då det språkleg sett kan framstå som at eigars interesser skal tilleggjast større vekt enn det fylkeskommunen erfarer er praksis i dag. Fylkeskommunen tilrår derfor at det i vidare arbeid blir vurdert om fordelar knytt til kunnskap, oppleving og bruk av det aktuelle kulturmiljøet heller skal tilleggjast vekt. Alternativt må det klargjerast kva som skal ligge i eigars interesser. Det vil vere behov for nærare utgreiing av kva kriterium som skal ligge til grunn for vekting av fordelar og skadeverknad.

Fylkeskommunen merkar seg at andre ledd i føresegnene har ei ordlyd som har utgangspunkt i

føresegna for vedtak om dispensasjon i plan- og bygningsloven § 19-2. Ordlyden er slik sett gjenkjenneleg frå eit mykje nytta rettsområde, og det blir naturleg å hente relevant praksis og erfaring frå plan- og bygningsloven § 19-2 ved tolking av føreslått § 30 i ny kulturmiljølov. Nokre tiltak utløyser også behov for behandling av søknader om dispensasjon etter begge lovverk. Då er det føremålstenleg med føresegner som gir like krav til vurdering av tiltak.

3.4.10. § 31 Forvaltnings- og skjøtselsplanar

Kulturmiljøstyresmakta kan leggje fram eit utkast til forvaltnings- eller skjøtselsplan saman med vedtak om freding. Planen skal gje føreseielege rammer for kva som er tillate utan dispensasjon.

Kulturmiljøstyresmakta bør leggje fram eit utkast til plan samtidig med vedtak om freding i desse tilfella:

f) Ved større eller komplekse fredingar der bruk er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

g) Når omsynet til eigaren taler for det, eller han ber om det.

I slike tilfelle skal ein endeleg plan vere ferdig seinast eitt år etter at fredinga er vedteken.

Planen kan innehalde avtalar med eigaren og fastsetje økonomisk godtgjersle for tiltak som trengst for å oppfylle føremålet med fredinga.

Kulturmiljøstyresmakta er ansvarleg for å følgje opp forvaltnings- og skjøtselsplanar.

Når kulturmiljø er freda ved forskrift etter § 25, kan ansvaret for å lage og følgje opp slike planar delegerast til Riksantikvaren.

Eit mindretal (Olssøn, Holm, Fjeldheim og Myklebust) føreslår at andre avsnitt skal lyde:

Kulturmiljøstyresmakta skal leggje fram eit utkast til forvaltnings- eller skjøtselsplan samtidig med vedtak om freding i desse tilfella:

a) Ved større eller komplekse fredingar der bruk er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

b) Når omsynet til eigaren taler for det, eller han ber om det.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna innfører ein moglegheit for kulturmiljøstyresmaktene til å leggje fram forslag om forvaltnings- eller skjøtselsplan i samband med vedtak om freding.

Eit viktig føremål med forvaltnings- og skjøtselsplanar er å sikre god forvaltning og skjøtsel, samt å forenkle eigarskap og bruk av kulturmiljø. Behovet for planar for forvaltning og skjøtsel må, etter fylkeskommunen si vurdering, vurderast konkret for det aktuelle kulturmiljøet som skal fredast. For enkelte kulturmiljø vil det ikkje vere behov for rettleiing om skjøtsel og forvaltning utover det som følgjer av fredinga. På bakgrunn av dette støttar fylkeskommunen fleirtalet sitt forslag til føresegn.

Det blir vidare vurdert at det må vere opp til kulturmiljøstyresmaktene å ta stilling til om kulturmiljøet er av ein slik karakter at det er føremålstenleg med ein forvaltnings- eller

skjøtselsplan. Vidare må det vurderast om ressursbruken for kulturmiljøstyresmaktene er føremålstenleg i eit meir overordna perspektiv. Utarbeiding av skjøtselsplanar er ressurskrevjande, og føreseigna har slik sett potensial til å medføre auka ressursbruk hos kulturmiljøstyresmaktene.

Det er mogleg at de føreslåtte føreseigna kan føre til at fredingsprosessen tek lengre tid, då freding bør avventast til det ligg føre eit utkast til forvaltnings- eller skjøtselsplan. Det framstår også som mindre heldig at ferdig utkast skal ferdigstillast innan eitt år, ettersom spørsmålet om skjøtsels- og forvaltningsplan i utgangspunktet er eit «bør». Dersom fylkeskommunen er usikker på om ho rekk å ferdigstille ein skjøtsels- og forvaltningsplan innan eitt år, vil ho truleg velje å ikkje lage slike planar. Då er det betre om begge føreseigner inneheld eit «bør».

Fylkeskommunen vil peike på at andre ledd bokstav b) i føreseigna tilsynelatande er omfatta av retten til å få rettleiing. Det kan difor vurderast om formuleringa skal gå ut. Det kan uansett vurderast om omtalen av eigaren som «han» er rett.

3.4.11. § 32 Forbod mot tiltak og aktivitetar i nærleiken av kulturmiljø freda ved vedtak

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om å forby alle slags tiltak og aktivitetar i eit område som ligg i nærleiken av eit kulturmiljø freda ved vedtak, dersom desse tiltaka og aktivitetane kan ha ein unødig negativ innverknad på den kulturhistoriske verdien.

Vedtak om forbod kan ikkje gjerast dersom ulempene for eigaren eller samfunnet veg klart tyngre enn den negative innverknaden på den kulturhistoriske verdien.

Forslag til endra lovtekst til § 32

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om å forby alle slags tiltak og aktivitetar i eit område som ligg i nærleiken av eit **freda** kulturmiljø ~~freda ved vedtak~~, dersom desse tiltaka og aktivitetane kan ha ein unødig negativ innverknad på den kulturhistoriske verdien. **I vedtaket kan det bl.a. vere forbod mot markante tiltak i bestemte siktlinjer og landskapsrom.**

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen er positiv til forslaget om ei ny føresegn som gir kulturmiljøstyresmaktene moglegheit til å forby tiltak og aktivitetar i nærleiken av kulturmiljø som er freda ved vedtak. Tiltak rett ved, eller i/på, vedtaksfreda kulturmiljø er ei vesentleg utfordring i kulturmiljøforvaltninga.

Fylkeskommunen føreslår likevel ei endring i ordlyden i den føreslåtte føreseigna. Føreseigna bør også omfatte automatisk freda kulturminne, både jordfaste og bygningar, og fylkeskommunen føreslår at referansen til «freda ved vedtak» blir stroke, då dette elles ville unnta automatisk freda kulturminne.

Frå NOU-en kap. 18.9 siste avsnitt vedkomande sikringssone for automatisk freda jordfaste kulturminne og byggverk går det fram:

At sikringssona blir føreslegen oppheva, vil kunne få negative konsekvensar for nokre av dei automatisk freda bygningane. Lova opnar for å frede ved vedtak område rundt det automatisk freda kulturminnet for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Fylkeskommunen antar at dette er tenkt som ei henvisning til § 22 j) jf. § 23, og at intensjonen er at ei slik moglegheit skal vere til stades. § 22 j) jf. § 23 er likevel forbeholdt Riksantikvaren si myndigheit og krev ein saksprosess som skildra i § 67. Dette er ein relativt omfattande prosess tilpassa eit heilt anna restriksjonsnivå. Sidan dei jordfaste automatisk freda kulturminna er direkte freda i lova, blir det ikkje fatta eigne vedtak for at desse skal vere freda. «Sikringssone» etter § 22 j) jf. § 23 må difor fattast i ettertid. Det blir sett på som upraktisk at ein må gjennomføre ei ordinær freding for å kunne etablere ei utvida sikringssone i ettertid. Ved å inkludere jordfaste automatisk freda kulturminne i § 32, opnar ein for å sikre enkelte nødvendige siktlinjer til dei viktigaste jordfaste kulturminna.

For automatisk freda kulturminne blir dette til ein viss grad dekt av forbodet mot vesentlege visuelle tiltak (utilbørlig skjemming), men føresegna har vist seg relativt vanskeleg å praktisere, og er lite føreseieleg for tiltakshavar på grunn av den skjønsmessige karakteren.

For både vedtaksfreda bygningar og automatisk freda kulturminne vil det særleg vere relevant å sikre visse siktlinjer og mindre sentrale landskapsrom, slik at det er mogleg å oppleve kulturminnet i sitt naturlege miljø, og at den historiske plasseringa kan lesast i samanheng med topografi og landskap. Dette er så sentralt for forståinga av kulturminne at det blir føreslått å understreke dette i føresegna.

Dersom føresegna blir endra til også å omfatte automatisk freda kulturminne, kan ein vurdere å flytte føresegna til felleskapitlet «Andre verkemiddel».

3.5. Kapittel 5 Lause kulturminne

3.5.1. § 33 Råderett over lause kulturminne

Lause kulturminne frå tida fram til og med 1650, og samiske lause kulturminne frå tida fram til og med 1917, høyrer til fellesskapet i Noreg dersom dei har kome for dagen ved arkeologiske undersøkingar eller tilfeldige funn, og dersom dei ikkje er privat eigde.

Forvaltningsmuseet har forvaltningsansvaret for lause kulturminne.

Menneskelege leivningar med kulturhistorisk verdi skal forvaltast som lause kulturminne.

I tvilstilfelle avgjer Riksantikvaren om noko oppfyller alderskriteria i første avsnitt.

Riksantikvaren kan òg avgjere at lause kulturminne som er yngre enn aldersgrensene som er nemnde i første avsnitt, skal høyre til fellesskapet og forvaltast av forvaltningsmuseet dersom dei kjem for dagen under offentlege utgravingar og privat eigar ikkje er kjend.

Eit mindretal (Anfinset og Falch) føreslår at første avsnitt skal lyde:

Lause kulturminne frå tida fram til og med 1850, og samiske lause kulturminne frå tida fram til og med 1917, høyrer til fellesskapet i Noreg dersom dei har kome for dagen ved arkeologiske undersøkingar eller tilfeldige funn, og dersom dei ikkje er privat eigde.

Eit mindretal (Felland og Gierløff) føreslår at første avsnitt skal lyde:

Lause kulturminne frå tida fram til og med 1650, samiske lause kulturminne frå tida fram til og med 1917, og lause kulturminne knytt til ein nasjonal minoritet frå tida fram til og med 1850, høyrer til fellesskapet i Noreg dersom dei har kome for dagen ved arkeologiske undersøkingar eller tilfeldige funn, og dersom dei ikkje er privat eigde.

Fylkeskommunen legg til grunn at føreseigna i det vesentlege er ei vidareføring av gjeldande lov § 12. Grensa for når eit laust kulturminne høyrer til fellesskapet (på gitte villkår) er likevel flytta frå 1537 til 1650. Fylkeskommunen støttar endringa av alderskriteriet med grunngiving og bakgrunn i dei same omsyna som gjer seg gjeldande for endringa av alderskriteriet for jordfaste automatisk freda kulturminne. Forslaget til føresegn framstår som ei forenkling og modernisering, men fylkeskommunen ønskjer å komme med nokre merknader knytt til ordlyden.

Fylkeskommunen støttar i utgangspunktet dei synspunkta som kjem til uttrykk i mindretalet Anfinset og Falch sitt forslag, då dette blir vurdert å ta betre vare på kulturhistoria til dei nasjonale minoritetane. Desse er ofte underrepresenterte i skriftlege kjelder. Ei grense på 1650 for minoritetar sine lause kulturminne vil truleg utelukke mykje av kjeldematerialet som gjeld desse gruppene. Slik det nye lovsystemet er lagt opp, skal desse kulturminna likevel kunne ivaretakast gjennom fredingar etter §§ 23 og 24. Dette kan vere ei god løysing. Ei vedtaksfreding av eit laust kulturminne vil i større grad kunne ta omsyn til og tilpasse seg tilstand og bruk. For at dette skal kunne gjerast effektivt, bør likevel saksbehandlingsreglane i § 24 gjerast mindre omfattande. Det er usikkert om det er fornuftig å endre eigeomsrettshavar frå «staten» i gjeldande lov til «fellesskapet». I eit eigeomsrettsleg perspektiv er det ikkje heilt og umiddelbart klart kven det er tale om og kven som kan utøve eigarrettane. Det bør også gå tydeleg fram av

føresegna kva som ligg i formuleringa «privat eigde».

Fylkeskommunen er samd i og støttar at lause kulturminne skal forvalta av forvaltingsmusea, jamfør føresegna sitt andre ledd.

Fylkeskommunen er positiv til ordlyden i den føreslåtte føresegna sitt tredje ledd. Føresegna harmonerer med prinsippet om at forvaltingsmusea handterer lause kulturminne. I merknaden til forslaget kan det likevel oppstå noko uvisse rundt kva som faktisk er meint. Slik det går fram av utvalet si merknad, framstår det som om det blir operert med eit skilje mellom leivningar med kulturhistorisk verdi og leivningar som skal forvalta av politiet. Det er etter gjeldande rett ingen automatikk i at politiet blir kopla inn ved funn av menneskelege leivningar, jf. også rettleiaren ved funn av menneskelege leivningar. I rettleiaren blir det forenkla sett skilt mellom uføresette og forutsette funn av freda/ikkje freda menneskelege leivningar, der førstnemnde (uføresette funn) blir rekna som politisak, medan sistnemnde blir handtert av regional styresmakt som vidareformidlar til gravplassstyresmaktene (forutsette funn av ikkje freda materiale) eller musea (forutsette funn av freda materiale). Vidare arbeid må vurdere om det er behov for nærare avklaring av problemstillinga.

Til den føreslåtte føresegna sitt fjerde ledd vil fylkeskommunen peike på at det kan vurderast om det bør vere fylkeskommunen som er rett styresmakt. Fylkeskommunen er styresmakt for å avgjere om noko er automatisk freda, kva utstrekning eit kulturminne har, og dispensasjonsstyresmakt for jordfaste kulturminne. Det ville gi betre rettsleg harmoni om fylkeskommunen også var førstinstans i spørsmålet om alderskriteriet for lause kulturminne. Riksantikvaren bør heller vere klageinstans, slik dei er i dei fleste andre tilfelle, og dei vil ha moglegheit til å ta over ei sak etter dei føreslåtte reglane i § 57. Ein konsekvens av at Riksantikvaren blir førstinstans, er at departementet blir klageorgan.

Til den føreslåtte føresegna sitt femte ledd vil fylkeskommunen peike på at Riksantikvaren si moglegheit til å avgjere at lause kulturminne yngre enn den gitte grensa skal høyre til fellesskapet, ikkje bør avgrensast berre til funn som kjem fram under offentlege utgravingar. Dette ekskluderer potensielt viktige kulturhistoriske gjenstandar av nyare dato, som kjem fram tilfeldig eller ved til dømes privatpersonar sitt arbeid. Fylkeskommunen føreslår difor at formuleringa «dersom dei kjem for dagen under offentlege utgravingar» blir stroke. Punktet om at unntaket ikkje gjeld gjenstandar i privat eige bør haldast, då det blir oppfatta som for inngripande i den private eigedomsretten dersom Riksantikvaren skal ha myndigheit over dette. Det kan også her vurderast om denne myndigheita heller bør ligge til fylkeskommunen, sidan det har klar samanheng med det som kan fredast etter føreslått § 24

3.5.2. § 34 Avhending og kassering av lause kulturminne

Forvaltningsmuseet kan gjere enkeltvedtak om å avhende lause kulturminne vederlagsfritt i tilfelle der det er fagleg forsvarleg.

Forvaltningsmuseet kan gjere enkeltvedtak om å kassere lause kulturminne dersom det er klart fagleg forsvarleg og det ikkje har ressursar til å ta vare på dei.

Eit laust kulturminne må dokumenterast før det blir avhenda eller kassert.

Når forvaltningsmuseet vurderer tiltak som overføring, avhending og kassering av lause samiske kulturminne, skal det konsultere Sametinget etter sameloven kapittel 4 Konsultasjoner.

Sametinget kan ta avgjerd om bruk og gjere enkeltvedtak om oppbevaring og tilbakeføring av samiske menneskelege leivningar. Sametinget skal som grunnlag for avgjerd og enkeltvedtak be forvaltningsmuseet om forskingsfaglege vurderingar og råd.

Fylkeskommunen støttar forslaget. Fylkeskommunen vurderer det vidare som positivt at forholdet mellom forvaltningsmusea og Sametinget blir regulert ved handtering av lause kulturminne. Det kan vurderast om det er nødvendig at avhending og kassering krev enkeltvedtak, eller om det kan vere tilstrekkeleg å fatte dette som ei avgjerd. Som enkeltvedtak må det sendast førehandsvarsel og givast ei individuell grunngiving i vedtaket, noko som framstår som unødvendig ressurskrevjande gitt betydninga saka har. Det er også noko uklart kven enkeltvedtaket skal rettast mot, gitt at fellesskapet er eigar.

3.5.3. § 35 Forbod mot skade på lause kulturminne

Ingen må skade lause kulturminne som er nemnde i § 33, utan løyve etter siste avsnitt.

Utan omsyn til kven som er eigar, kan forvaltningsmuseet grave fram, flytte, ta opp og undersøkje lause kulturminne som er nemnde i § 33, og setje i verk tiltak for å ta hand om dei.

Dersom det er fagleg forsvarleg, kan forvaltningsmuseet gjere enkeltvedtak om løyve til

a) gjengravlegging

b) inngrep til forskning

Forslag til endra lovtekst § 35 første og andre ledd

Ingen må skade lause kulturminne som er nemnde i § 33, utan løyve etter siste avsnitt. **Det følger at ingen må grave fram, flytte, og ta opp lause kulturminne, dersom dette medfører fare for slik skade.**

Utan omsyn til kven som er eigar, kan forvaltningsmuseet, **fylkeskommunen og Sametinget** undersøkje lause kulturminne som er nemnde i § 33, og setje i verk tiltak for å ta hand om dei.

Grunngiving og innspel

Vi har oppfatning at andre ledd i lovteksten er meint for å lovfeste forvaltningsmusea sine ansvar for å ivareta og forvalte lause kulturminne, som er ei vidareføring av dagens praksis. Det er likevel problematisk at lovteksten legg heile mandatet for framgraving og handtering av slike funn til museet, da det er kjent at det ofte kjem frem lause kulturminne ved arkeologiske *registreringar* som er utført av fylkeskommunen eller sametinget.

Føresegna kan tolkast slik at fylkeskommunen og sametinget *ikkje* har mandat til å grave fram, flytte, ta opp og undersøkje lause kulturminne som kjem for dagen i ei registreringssituasjon. Ein situasjon der fylkeskommunen må ha løyve for å handtere lause kulturminne vi skape unødige meirarbeid for forvaltninga og er ikkje i tråd med dagens praksis. Vi antar at dette ikkje er intensjonen med lovteksten og føreslår difor at det endrast slik at fylkeskommunen og Sametinget også har ein lovfesta rett til å handtere lause kulturminne, til dømes i samband med undersøkingar og synfaringar. Dette har potensial til å auke effektiviteten og avgrense ressursbruken i kulturmiljøforvaltninga.

Vi ser også at det kan være problematisk at det er forbod for andre enn kulturmiljøforvaltninga å plukke opp og flytte på lause kulturminne. I Møre og Romsdal er dagens praksis at dei som finn lause kulturminne i høgjellet (fonnefunn) har moglegheit til å ta dei med til fylkeskommunen, dersom det er forsvarleg og ikkje medfører fare for skade på det lause kulturminnet. Det same gjeld dei som finn lause kulturminne ved metallsøking. Viss ein tolkar føresegna slik at det ikkje er lov å flytte på lause kulturminne, så vil det skape eit vesentleg meirarbeid for forvaltninga når det blir gjort slike funn. Vi vurderer at dette også går i mot dei nasjonale måla om auka engasjement og medverking i kulturmiljøfeltet. Slik vi tolkar føresegna i § 37 er dette ikkje formålet, og vi ber derfor om at det tydeleggjerast kva slags funn ein eventuelt ikkje kan røre ved.

Andre innspel

Fylkeskommunen støttar i all hovudsak forslaget. Praksisen som er utvikla for området kan nyttast vidare for å gi mellom anna skadeomgrepet eit meir konkret innhald. Språkmessig kunne det vore litt klårare i første ledd om tilvisninga «...utan løyve etter siste avsnitt» viser til § 33 eller § 35. Ut frå samanhengen er det likevel klart at det gjeld § 35 tredje ledd bokstav b).

Det blir vurdert som uklart kva det blir sikta til i føresegna sitt tredje ledd bokstav a), og det kunne med fordel vore presisert at dette omfattar menneskelege leivningar.

Det er uklart kva det blir sikta til i føresegna sitt tredje ledd bokstav b). Ut frå lovteksten kan det framstå som om det både er tale om inngrep for å grave fram eit laust kulturminne som elles ikkje er dekt av andre ledd, og inngrep i sjølve kulturminnet det blir sikta til.

3.5.4. § 36 Søk etter jordfaste og lause kulturminne

Metallsøk og andre søk etter lause kulturminne som nemnt i § 33 kan ikkje gjerast dersom søket kan skade det lause kulturminnet.

Like eins gjeld forbodet i § 18 mot tiltak og aktivitetar som kan skade eller på annan måte påverke automatisk freda jordfaste kulturminne.

Fylkeskommunen forstår lovforslaget slik at lovutvalet ønskjer å vidareføre gjeldande praksis for søk etter kulturminne generelt, og for søk etter kulturminne med metalldetektor spesielt.

Det er i dag eit generelt forbod mot å skade lause kulturminne i samband med metallsøk og andre søk etter kulturminne. Etter etablert praksis er det likevel søkjaren som ber risikoen for at til dømes ei oppgraving av ein gjenstand i samband med metallsøk ikkje skadar kulturminnet. Forbodet mot graving i jordfaste automatisk freda kulturminne er ei samling og systematisering av dagens praksis.

Det framstår ikkje tydeleg korleis den føreslåtte føresegna skal forståast, og om føresegna inneber eit generelt forbod mot søk med metalldetektor. Det blir presisert at dersom lovutvalet har hatt som intensjon å forby søk med metalldetektor, bør dette gå tydelegare fram. Føresegnene §§35-37 framstår i dag som inkonsekvante. Etablert praksis for søk etter lause kulturminne med metalldetektor fungerer godt. Fylkeskommunen ser difor fram til ei tydeleggjering av dagens praksis i lova, og er negativ til eit eventuelt forbod mot metallsøk.

Det ligg ei uklarheit i om lause funn i privat eige (funne før 1905 og gått i arv) blir omfatta av skadeforbodet, sidan dei ikkje kan reknast som eigd av fellesskapet. Vidare arbeid bør gjerne tydeleggjere dette.

3.5.5. § 37 Plikt til å melde frå om og levere inn lause kulturminne

Den som finn eit laust kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1650, skal snarast muleg melde frå og levere frå seg kulturminnet til fylkeskommunen. Like eins skal eit samisk kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1917, leverast til Sametinget.

Eit mindretal (Anfinset og Falch) føreslår at føresegna skal lyde:

Den som finn eit laust kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1850, og eit samisk laust kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1917, skal snarast muleg melde frå og levere det frå seg fylkeskommunen eller Sametinget.

Eit mindretal (Felland og Gierløff) føreslår at føresegna skal lyde:

Den som finn lause kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1650, samiske lause kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1917, og lause kulturminne som er knytt til ein nasjonal minoritet og kan vere frå tida fram til og med 1850, skal snarast muleg melde frå og levere det frå seg til fylkeskommunen eller Sametinget.

Fylkeskommunen legg til grunn at føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett, men med ei tydeleggjering av kva plikter ein finn har ved funn av lause kulturminne. Første ledd, siste setning, står i motsetnad til § 35, første ledd, som seier at berre forvaltningsmusea har rett til å ta opp lause kulturminne. Sjå elles forslag til endring i § 35.

Fylkeskommunen vurderer det som svært viktig at lause kulturminne som blir funne kjem inn til kulturmiljøstyresmaktene for registrering og undersøkingar. På bakgrunn av dette er det positivt at pliktene til finnaren ved funn av lause kulturminne er gjort tydelegare. Mindretalet Felland og Gierløff sitt forslag til ordlyd blir støtta, då dette betre tek var på omsynet til nasjonale minoritetar sine lause kulturminne.

3.5.6. § 38 Finnarlønn

Fylkeskommunen og Sametinget kan ta avgjerd om utbetaling av finnarløn etter tilfeldige funn av lause kulturminne som nemnt i § 33 med særleg høg penge- eller kulturhistorisk verdi.

Forslag til endra lovtekst til § 38

~~Fylkeskommunen og Sametinget~~ **Forvaltningsmusea og Sametinget** kan ta avgjerd om utbetaling av finnarløn etter tilfeldige funn av lause kulturminne som nemnt i § 33 med særleg høg penge- eller kulturhistorisk verdi.

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen legg til grunn at føreseigna delvis vidarefører gjeldande rett. Ansvar for finnarlønn og utbetaling er likevel føreslått flytta frå Riksantikvaren til fylkeskommunen. Lovutvalet føreslår at finnarlønn ikkje lenger skal vere ein rett. Vedkomande styresmakt har likevel framleis moglegheit til å ta avgjerd om utbetaling av finnarlønn.

Ansvar for finnarlønn bør ligge hos forvaltningsmusea som kulturmiljøstyresmakt for lause kulturminne. Denne løysinga legg til rette for ei meir konsekvent fordeling av ansvar og oppgåver i kulturmiljøforvaltninga, som også vil vere meir oversiktleg for ulike aktørar knytt til forvaltninga av kulturmiljø.

Forvaltningsmusea vil i større grad kunne gjennomføre ei effektiv og heilskapleg forvaltning av oppgåva knytt til finnarlønn. Det er forvaltningsmusea som har ansvar og kompetanse til å vurdere lause kulturminne. Fylkeskommunen vil vere avhengig av kompetansen til forvaltningsmusea for å vurdere eventuell finnarlønn. Løysinga framstår difor som lite effektiv. Det vil vere svært krevjande å etablere ein einsarta praksis for tildeling av finnarlønn dersom fylkeskommunane skal ha ansvaret for dette. Alternativt kan ansvaret for finnarlønn bli verande hos Riksantikvaren for å sikre einsarta praksis.

3.6. Kapittel 6 Felles reglar for freda kulturmiljø

3.6.1 § 39 Vektlegging av kulturhistoriske verdiar ved løyve etter anna lov

Dersom eit forvaltningsorgan skal ta avgjerd om løyve etter anna lov, til eit tiltak i nærleiken av eit freda kulturmiljø, skal organet leggje vekt på om tiltaket kan ha skadeverknad for den kulturhistoriske verdien til det som er freda.

Riksantikvaren, fylkeskommunen og Sametinget kan klage på løyvet.

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føreseigna som ei vidareføring og tydeleggjering av det sektorovergripande ansvaret for å ta vare på kulturmiljø. Presiseringa av eit sektorovergripande ansvar for kulturmiljø legg, etter fylkeskommunen si vurdering, til rette for at kulturmiljø i større

grad blir ivareteke også av forvaltingsorgan med ansvar for anna lovverk. Fylkeskommunen vil elles peike på at det kan vurderast om føreseigna bør ligge i eit anna kapittel, til dømes kapittel 2 om generelle føresegner.

3.6.2 § 40 Tilskot til eigaren av freda kulturmiljø

Kulturmiljøstyresmakta kan gje tilskot til antikvariske meirkostnader, istandsetjing og vedlikehald av freda kulturmiljø.

Fylkeskommunen merkar seg at den føreslåtte føresegna gir kulturmiljøstyresmakta moglegheit til å gi tilskot til antikvariske meirkostnader, istandsetjing og vedlikehald av freda kulturmiljø. Føresegna erstattar, etter fylkeskommunen si vurdering, gjeldande lov si rett til tilsvarande tilskot i § 15 a andre ledd:

Departementet kan i særlege tilfelle gjøre unntak fra vedtak om fredning og fredningsbestemmelser for tiltak som ikke medfører vesentlige inngrep i det fredete kulturminnet.

Blir det satt vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, skal eier eller bruker få helt eller delvis vederlag for denne utgiftsøkningen.

Føresegna erstattar også, etter fylkeskommunen si vurdering, gjeldande moglegheit for tilsvarande tilskot etter § 17 andre ledd:

(...) Departementet kan gi eier eller bruker tilskudd til vedlikehold, eller til endringer godkjent av vedkommende myndighet etter loven her.

Fylkeskommunen vurderer at føresegnene inneber ei vesentleg svekking av eigarane sine rettar til vederlag etter gjeldande § 15 a.

Fylkeskommunen opplever at det har vore krevjande å forvalte tilskot til freda kulturminne jf. dagens kulturminnelov § 15 a andre ledd. Det følgjer av denne føresegna at eigar eller brukar skal få heilt eller delvis vederlag for utgifter som følgjer av fordyrande vilkår stilt av kulturmiljøstyresmakta i samband med vedtak om dispensasjon. Føresegna skildrar tilfelle som skil seg frå andre tilskot, då ho er formulert som eit rettskrav. Det blir difor gjort eit skilje mellom vederlagskravstilfelle og andre tilskotstilfelle etter føresegna.

Utfordringa med gjeldande føresegn er at dei fordyrande vilkåra vil variere ut frå kor antikvarisk søknadene er innretta, og i kva grad dei etterlever fredingsføresegner og prinsipp. Dette vil vederlagsmessig favorisere søknader som ikkje etterlever antikvariske prinsipp, fordi det vil kome fleire fordyrande vilkår i dispensasjonsvedtaket. Dette er uheldig.

Rett til dekning av antikvariske meirkostnadaer er uklar i eksisterande lov, og det er rett å adressere problemstillinga. Fylkeskommunen opplever likevel ikkje at lovforslaget løyser utfordringane ved å fjerne rettskravet og innføre ei rein «kan»-føresegn.

Spørsmålet om tilskot i føresegna reiser eit meir prinsipielt spørsmål om fordeling av kostnader ved å ta vare på fellesskapet sin kulturarv, og om den økonomiske børa eigarar av freda kulturminne har. Børa ved rådveldeavgrensingane som følgjer av fredinga ligg på eigar – både i

form av dei fysiske avgrensingane ved behov for endra bruk, og ved antikvarisk riktig istandsetjing og vedlikehald. Fylkeskommunen meiner fellesskapet skal bidra til å dekkje dei økonomiske ulempene eigarar har ved å ta vare på fellesskapet sin kulturarv. Dette bør også vere ein rett, særleg ved kostnadskrevjande tiltak.

Ei slik rett skal også, på eit overordna plan, sikre at statlege overføringar som kan fordelast i fylka, og vidare til eigarane, vert meir føreseielege. Ei rein «kan»-føresegn kan føre til ulik praksis mellom fylkeskommunane, og det kan oppstå ein unødig konkurransesituasjon. Dette har igjen potensial til å verte mindre føreseieleg for eigar/brukar av kulturminnet. Fylkeskommunen vurderer difor at det er svært uheldig å fjerne retten til kompensasjon ved fordyrande antikvariske vilkår.

Fylkeskommunen legg til grunn at målet med vederlags- og tilskotsordninga er å stimulere til jamt vedlikehald, og til at nødvendige tiltak og endringar blir gjennomførte på ein måte som bevarer dei kulturhistoriske verdiane i størst mogleg grad.

Ei «kan»-formulering speglar utviklinga av det demokratiserte kulturmiljøvernet, der mangfald og representativitet er sentrale stikkord. Auka omfang, kompleksitet og utgifter knytt til antikvariske meirkostnader har ikkje vore spegla i budsjettutviklinga for tilgjengelege midlar på statsbudsjettet. Ei «kan»-formulering er på den eine sida nødvendig dersom ikkje rammene for den søknadsbaserte ordninga blir styrka. På den andre sida har lovutvalet i fleire diskusjonar og innspel ønskja å styrke rettane til eigarar av freda objekt – ikkje svekke dei.

Det er viktig at kulturminneforvaltninga får behalde økonomiske verkemiddel, som også gir eit pedagogisk grunnlag for godt samarbeid med eigarar. Auka omfang, kompleksitet og kostnader knytt til antikvariske meirkostnader har ikkje vore spegla i budsjettutviklinga.

Det er rett at det i dag finst ordningar som heimlar moglegheit for å fritta kulturmiljø frå lovpålagde skattar og avgifter, i hovudsak kommunal eigedomsskatt. Men det er svært få kommunar som har innført eit slikt unntak. Truleg er anstrengt kommuneøkonomi ein medverkande årsak. Det er difor lite sannsynleg at fritaket vil bli meir brukt i framtida.

Fylkeskommunen oppmodar på det sterkaste om at det i det vidare arbeidet med lova blir sett nærare på moglegheita for å behalde tilskot eller vederlag som ein rett. Det kan vurderast å differensiere tilskots- og vederlagsordninga – til dømes ved at det blir ei «skal»-yting for privatpersonar, utan avgrensingar til bestemte postar i statsbudsjettet, og ei søknadsbasert «kan»-ordning for andre eigarar, basert på spesifikke løyvingar i statsbudsjettet, tilsvarende dagens «post 71».

Eksisterande og føreslått lovtekst er uklar på kva som blir meint med antikvariske meirkostnader, og det er behov for klargjering utover det som kan lesast ut frå eksisterande retningslinjer, rundskriv og lovtolkingar. Departementet bør klargjere forholdet, og kan vurdere å utarbeide forskrift om antikvariske meirkostnader.

Det generelle tilskotsinstituttet bør gjennomgåast i sin heilskap og regulerast i forskrift, slik at det betre kan tilpassast samfunnsutviklinga over tid.

3.6.3 § 41 Endring og omgjerings av løyve og dispensasjon

Fylkeskommunen og Sametinget kan oppheve, endre eller gje nye vilkår i løyve eller dispensasjon etter denne lova, eller forskrift i medhald av lova, og kalle løyvet eller dispensasjonen tilbake, dersom

- a) det er naudsynt for å hindre uføresette vesentlege skadeverknader for kulturmiljø eller natur
- b) skadeverknadene kan minskast utan urimeleg kostnad for tiltakshavaren
- c) ny teknologi gjev høve til å redusere vesentlege ulemper for kulturmiljø
- d) tiltakshavaren bryt føresegn gjeve i eller i medhald av lova, og brotet er grovt, skjer fleire gonger eller held fram
- e) det elles følgjer av forvaltningsrettslege omgjeringsreglar

Fylkeskommunen støttar lovforslaget. Føresegna er ny, men vidarefører den praksisen som er etablert gjennom forvaltingslova § 35 siste ledd og fell innanfor «alminnelege forvaltningsrettslege reglar». Fylkeskommunen vurderer det likevel som positivt at det er føreslått å ta inn ei føresegn som presiserer det rettslege handlingsrommet for omgjerings og gjer dette til eit tilgjengeleg verkemiddel. Det blir lagt til grunn at omgjerings etter føresegna kan utløyse erstatningsansvar.

3.6.4 § 42 Avfreding

I tilfelle der dei viktigaste kulturhistoriske verdiane har gått tapt eller sterke samfunnsomsyn krev det, kan

- a) Riksantikvaren gjere enkeltvedtak om avfreding av kulturmiljø freda etter § 23 og kulturmiljø freda etter § 15
 - b) fylkeskommunen og Sametinget gjere enkeltvedtak om avfreding av kulturmiljø freda etter § 24
 - c) Kongen i statsråd gje forskrift om avfreding av kulturmiljø freda etter § 25
- Sakshandsamingsreglane for freding ved vedtak gjeld så langt dei høver.

Forslag til endra lovtekst § 42 bokstav a

I tilfelle der dei viktigaste kulturhistoriske verdiane har gått tapt eller sterke samfunnsomsyn krev det, kan

- a) Riksantikvaren gjere enkeltvedtak om avfreding av kulturmiljø freda etter § 23 og kulturmiljø freda etter § 15 bokstav b – e

Grunngiving for forslag om endring

Kriteria for at eit kulturminne skal være automatisk freda er strenge og tydelege. Dei baserer seg

på at kulturminne som innehar dei oppramsa kriteria er så viktige, eller sjeldne, at dei ikkje treng eit enkeltvedtak for å fredast. Kriteria for kva som er freda kulturminne gjer at nettopp dei kulturminna som ikkje oppfyller dei, ikkje er freda. I dagens praksis er det vanleg for fylkeskommunen å endre vernestatusen til slike kulturminne som av ymse årsaker ikkje lenger oppfyller kriteria for automatisk freding (de facto avfreda). Dersom kulturminnet oppfyller kriteria for automatisk freding, men samfunnsmessige omsyn krev at kulturminnet fjernast, er det dagens praksis å handsame konflikten gjennom ei dispensasjon jf. §8 første og fjerde ledd, som tilsvara § 20 i den nye lova.

Heimel til avfreding av automatisk freda jordfaste kulturminne i det nye lovforslaget vil endre på denne praksisen og kan skape meir arbeid for forvaltninga. Det er også unødvendig da dei same mekanismane i dagens lov vil være gjeldande i den nye lova gjennom §15 og §20. Riksantikvaren har også ei eiga heimel til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda i §15 tredje ledd. Videre meiner vi det er uheldig at automatisk freda kulturminne kan «avfredast» når dei i utgangspunkt er verdsett så høgt fagleg at dei blir automatisk freda. Ei eiga avfredings-heimel kan være skadeleg for verdsettinga av automatisk freda jordfaste kulturminne, og dispensasjonsføresegn gjer det overflødig.

Andre innspel

Fylkeskommunen støttar lovforslaget med unntak for automatisk freda jordfaste kulturminne. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men vidarefører den praksisen som er etablert gjennom forvaltingslova § 35 siste ledd og fell innanfor «alminnelege forvaltingsrettslege regler». Det er positivt at det er føreslått å ta inn ei føresegn som presiserer det rettslege handlingsrommet for omgjerding/oppheving. Aktuelle tilfelle for bruk av føresegna er ved større skade, vesentlege endringar over tid og der tunge samfunnsomsyn tilseier at det vil vere uforeinleg å oppretthalde fredinga eller delar av fredinga. Moglegheita til å avfrede er lagt opp etter trinnhøgde-prinsippet, slik at organ kan oppheve sine eigne vedtak.

Etter som bygningar og anlegg fram til 1650 blir automatisk freda kan vi få omlag 60 nye automatisk freda bygningar i Møre og Romsdal. Dei fleste av desse har vi avgrensa kjennskap til og fleire kan ha fått svekke den kulturhistoriske verdien sin. Det kan vere behov for å kunne avfrede heile bygg eller delar av dei. Eit døme er eit dobbelstabbur sett saman av to eldre stabbur, der den eine har svært dårleg tilstand. Alternativt kan paragraf 16 om presisering av automatisk freding brukast til å endre omfanget av den automatiske fredinga.

Det bør vurderast å innføre ein heimel som gir fylkeskommunane moglegheit til å avfrede heilt eller delvis automatisk freda jordfaste kulturminne i situasjonar der dei er sterkt skadde eller fjerna, eller der det ligg føre andre forhold som gjer det nødvendig ut frå sterke samfunnsomsyn. I dag blir til dømes rådveldeavgrensingar på eigedommen ved ulovleg fjerning av kulturminne verande, fordi det ikkje er gitt dispensasjon som frigjer dei. I eit samfunnsperspektiv er dette ei unødig båndlegging av eigedom og ressursar, all den tid kulturminnet er heilt eller delvis borte. I slike tilfelle ville det vere føremålstenleg både for kulturminneforvaltninga, tiltakshavar og samfunn å gjennomføre ulovlegheitsoppfølging, og samtidig ha moglegheit til å avklare og avslutte forholdet til kulturminnet ved avfreding.

Det kan vere ein fordel at dette blir gjort ved enkeltvedtak retta til grunneigar, men reint praktisk burde det vere nok å oppdatere vernestatus i kulturminnedatabasen Askeladden, med ei forklaring. Alternativt kan det givast ein etterfølgjande dispensasjon. Som

dispensasjonsstyresmakt bør ein slik heimel leggjast til fylkeskommunane. Dette blir grunngitt med at dei er høyringspart og motsegnsmyndigheit, og må difor ha myndigheit til å ta endeleg stilling til avklaringa av kulturminne.

Fylkeskommunen vil elles peike på at det er uklart kva som ligg i at saksbehandlingsreglane for freding «gjeld så langt dei høver».

3.7. Kapittel 7 Andre verneformer og verkemiddel

3.7.1 § 43 Ansvar for immateriell kulturarv

Kulturmiljøstyresmakta har eit særleg ansvar for å sikre dei faga, teknikkane og praksisane som er knytt til kulturmiljø som kan fredast etter denne lova.

Eit mindretal (Fjeldheim) føreslår som andre avsnitt:

Riksantikvaren kan lage lister over fag, teknikkar og praksisar som knyter seg til ivaretakinga av den materielle kulturarven, og over tradisjonsberarar, organisasjonar eller enkeltpersonar som utøver, dokumenterer og fører vidare desse.

Forslag til endra lovtekst § 43

~~Kulturmiljøstyresmakta~~ **Styresmakta** har eit særleg ansvar for å sikre dei faga, teknikkane og praksisane som er knytt til kulturmiljø som kan fredast etter denne lova.

Grunngiving for endring

Fylkeskommunen støttar lovforslaget, men vurderer at føresegna må endrast slik at det er styresmaktene generelt som har dette ansvaret, som ein del av det sektorovergripande ansvaret. Lovforslaget har ikkje ei tilsvarande føresegn i gjeldande lov, men immateriell kulturarv som er materialisert i fysiske kulturminne er eitt av fleire viktige kriterium som også i dag blir vurderte ved fastsetjing av verneverdiar. Føresegna framstår som ei programerklæring og er nyttig som ei påminning om desse verdiane.

Fylkeskommunen ser at forslaget frå mindretalet kan vere nyttig, men vurderer det som meir eigna som ein del av faglege program og forventningar. Riksantikvaren vil også utan lovforslaget frå mindretalet ha ei slik moglegheit. Vidare arbeid kan heller, etter fylkeskommunen si vurdering, vurdere om det kan vere føremålstenleg å påleggje Riksantikvaren å lage slike lister og arkiv. Fylkeskommunen vil i denne samanhengen vise til at det kan vere interessant å sjå til den japanske kulturminnelova. Etter japansk lov blir spesielle teknikkar eller handverk som trengst for å oppretthalde den materielle kulturarven, peika ut som særleg verdifulle. Samtidig blir handverkarar, utøvarar eller organisasjonar førte opp på ei liste som berebjelkar av desse teknikkane og handverka. Både teknikk og utøvarar får status og anerkjenning gjennom utpeiking, og dei får tilgang til økonomiske verkemiddel for å sikre dokumentasjon og overføring av teknikkane.

3.7.2 § 44 Samtykke til riving og vesentleg endring

Kommunen kan ikkje utan samtykke frå fylkeskommunen eller Sametinget gje løyve etter plan- og bygningsloven til riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg som er oppført i tida fram til og med 1850.

I Nord-Troms og Finnmark gjeld kravet om samtykke for byggverk og anlegg som er oppførte i tida fram til og med 1945. Departementet fastset i forskrift i kva kommunar i Nord-Troms dette gjeld.

Dersom kommunen får ein søknad om slikt løyve, må han anten avslå søknaden om det er heimel for dette i plan- og bygningsloven, eller straks sende søknaden til vurdering hos fylkeskommunen eller Sametinget.

Fylkeskommunen eller Sametinget må ta stilling til søknaden innan fire veker, og kan setje vilkår for eit samtykke.

Om fylkeskommunen eller Sametinget vel å ikkje gje samtykke, må han setje i verk sak om freding etter § 24 innan seks veker etter avslaget.

Når ein kommune har gjeve løyve til riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg som nemnde i denne paragrafen, skal han straks sende vedtaket til fylkeskommunen eller Sametinget.

Krav om samtykke frå fylkeskommunen eller Sametinget gjeld ikkje for tiltak som er i samsvar med ein reguleringsplan som er mindre enn ti år gamal, når kulturmiljøverdiane har vore tema i utgreiinga av planen.

Bakgrunn

Det Det følgjer av meldeplikta i gjeldande kulturminnelov § 25 andre ledd at kommunen pliktar å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 til fylkeskommunen. Fylkeskommunen gir ved mottak av slike saker ei rådgivande fråsegn.

Kommunane er plan- og bygningsstyresmakt og skal avgjere søknader om riving eller vesentleg endring etter nemnde føresegnar. Fylkeskommunane erfarer likevel at kommunane har avgrensa moglegheit til å følgje opp fylkeskommunen sine tilrådingar om å avslå riving, med mindre bygningen er regulert til bevaring i gjeldande arealplan. Ved endringar på byggverket sitt ytre kan avslag heimlast i plan- og bygningsloven § 29 første ledd, andre punktum, men ei tilsvarande heimel finst ikkje ved riving.

Både kommunar og fylkeskommunar brukar mykje ressursar på å sende og uttale seg om saker etter § 25 andre ledd. Det framstår difor som uheldig at kommunen ikkje har gode verktøy til å følgje opp fylkeskommunen sine faglege råd. Dette gjeld også ein type kulturminne som er utsett for tap – også i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunane ser det derfor som føremålstenleg at det blir innført ei føresegn i kulturmiljølova som gir fylkeskommunen moglegheit til å hindre riving og vesentlege endringar av byggverk med vesentlege kulturhistoriske verdiar frå før 1850. Fylkeskommunen vil likevel kome med eit alternativt forslag som ivaretek dei same omsyna, men som ikkje er like ressurskrevjande og inngripande overfor kommunane. Forslaget må sjåast i samanheng med at

kommunen blir gitt heimel til å avslå riving av verneverdige bygg, uavhengig av om tiltaket elles er i tråd med gjeldande plangrunnlag – slik utvalet har føreslått med endring av plan- og bygningsloven § 29-2.

Innspel om innføring av mellombels forbod mot riving eller vesentleg endring

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i første ledd i praksis legg ned eit forbod mot riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg oppført i eit gitt tidsrom, fram til det ligg føre eit samtykke frå fylkeskommunen. Dette inneber at fylkeskommunen må oppheve forbodet med eit samtykke kvar gong det kjem inn ein søknad frå kommunen. Alternativt må fylkeskommunen starte arbeid med freding av bygningen, jf. føresegna sitt femte ledd. Dette vil truleg krevje bruk av ressursar både i kommunen og fylkeskommunen, og inneber ei auka ressursbruk samanlikna med dagens situasjon.

Det blir vurdert som uheldig at lovforslaget legg opp til anten samtykke eller freding. Dette medfører at fylkeskommunen aktivt må samtykke i saker der dei i dag har handlingsrom til å gi ei negativ fråsegn. Det vil også vere krevjande for kommunane å følgje opp eit råd frå fylkeskommunen om å ikkje tillate riving, samtidig som dei formelt har fått eit samtykke.

Det blir vurdert som lite føremålstenleg å innføre krav om oppstart av freding i saker der det ikkje blir gitt samtykke. Erfaringar frå saker etter kulturminnelova § 25 andre ledd viser at det er eit avgrensa tal bygningar som blir omfatta. Bygningstypen eignar seg også godt for vern gjennom plan- og bygningsloven.

På bakgrunn av dette kan det vere føremålstenleg at fylkeskommunen i staden får heimel til å innføre eit mellombels forbod mot gjennomføring av tiltak som er omfatta av føresegna. Eit slikt forbod kan setjast i verk dersom byggverket det blir søkt om tiltak for har så høge kulturhistoriske verdiar at det må takast vare på. Fylkeskommunen vil då framleis kunne gi råd til kommunen om å ikkje tillate tiltaket, utan å måtte gi eit direkte samtykke. Samtidig vil det vere mogleg å leggje ned forbod mot riving i saker som er av vesentleg betydning for kulturmiljøet.

Eit mellombels forbod mot gjennomføring av tiltak vil vere eit kjent verkemiddel etter mønster frå plan- og bygningsloven § 13-1. Forslaget vil etter fylkeskommunen si vurdering innebere ei mindre ressurskrevjande oppfølging av meldeplikta for byggverk frå før 1850. Det blir føreslått at det blir innført heimel til mellombels å leggje ned forbod mot riving og vesentlege endringar i byggverk sitt ytre, fram til det er avklart om det skal gjennomførast freding etter § 23. Avgjerda bør skje ved enkeltvedtak.

3.7.3 § 45 Skipsfunn

Lovutvalet har ikkje hatt kapasitet til å greie ut og/eller føreslå føresegner om skipsfunn, men peikar på at slike føresegner må vere med i den endelege lova. Det går likevel fram av lovarbeidet at utvalet meiner fylkeskommunen framleis skal motta meldingar og funn, og ha myndigheit til å gi løyve til tiltak som kan skade skipsfunn. Utvalet peikar samtidig på at det kan vere krevjande å opparbeide tilstrekkeleg spisskompetanse på feltet i alle fylkeskommunar. Det blir difor føreslått ulike løysingar, som til dømes interfylkeskommunalt samarbeid.

Forvaltning av skipsfunn bør liggje til fylkeskommunen for å sikre ei så heilskapleg forvaltingspraksis for kulturmiljø som mogleg. Skipsfunn bør etter fylkeskommunen si vurdering også forvaltast på lik linje med andre automatisk freda kulturmiljø. Fylkeskommunen føreslår difor at vidare arbeid vurderer om skipsfunn bør innarbeidast som ein del av generalføresegna i

føreslått § 15, framfor å bli behandla i ei eiga føresegn. Den nye kulturmiljølova bør også sikre at omsynet til skipsfunn blir avklart i planprosessar etter plan- og bygningsloven, på lik linje med automatisk freda jordfaste kulturminne.

Fredingsgrensa for skipsfunn bør fastsetjast som ei statisk og ikkje flytande grense.

Fylkeskommunen tilrår at fredingsgrensa skal gjelde frå skipet sitt kjende byggeår eller tidspunkt for sjøsetting, ikkje frå kjend forlisdato, der denne er kjend. Dette vil bidra til å skape ei meir føreseieleg tolking og fastsetjing av vernestatus for denne kategorien kulturminne.

Fylkeskommunen føreslår at fredingsgrensa for skipsfunn blir sett til år 1900. Etter 1900 finst det god dokumentasjon på skipsbyggingsteknikkar og teknologi, og større fartøy fekk utarbeidd byggeteikningar som er tekne vare på. Dette blir vurdert som ein god balanse mellom ressursbruk og moglegheita til å få ny kunnskap dersom fredingsgrensa for skipsfunn blir lagt til 1900. For å betre fange opp dei to verdskrigane kan det vurderast om det bør innførast ei særregel for krigsforlis i periodane 1914–1918 og 1940–1945.

Omsynet til andre kulturminne under vatn bør også vurderast i det framtidige lovarbeidet.

3.8. Kapittel 8 Undersøkingar, kostnadsdekning med meir

3.8.1 § 46 Undersøkingsplikt i samband med offentlege og private tiltak og for utarbeiding av reguleringsplanar

Ved planlegging av offentlege og større private tiltak skal tiltakshavaren undersøkje om tiltaket kan kome til å påverke automatisk freda jordfaste kulturmiljø på ein måte som er nemnt i § 18, og om det difor trengst løyve etter § 20.

Undersøkinga kan gå ut på å sende planen for tiltaket til fylkeskommunen eller Sametinget, som skal uttale seg innan rimeleg tid. Dersom det er naudsynt med registrering av kulturmiljøet, skal fylkeskommunen eller Sametinget opplyse om når dei kan gjere enkeltvedtak i saka.

Første til tredje avsnitt gjeld òg for utarbeiding av reguleringsplanar. I særskilde tilfelle kan gjennomføring av registreringa utsetjast til planen skal setjast i verk.

Riksantikvaren kan gje forskrift om gjennomføring av denne paragrafen.

Forslag til endra lovtekst til § 46 første ledd

Ved planlegging av ~~offentlege og større private~~ **eit kvart** tiltak skal tiltakshavaren undersøkje om tiltaket kan kome til å påverke automatisk freda jordfaste kulturmiljø på ein måte som er nemnt i § 18, og om det difor trengst løyve etter § 20.

Tilsvarande gjeld for automatisk freda bygningar.

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen vurderer det ikkje som vesentleg å avgrense undersøkingsplikta i føresegna. Fylkeskommunen tek utgangspunkt i gjennomførte undersøkingar for å vurdere om ein

dispensasjon skal givast, og kva vilkår som eventuelt skal stillast i eit vedtak om dispensasjon. Dette gjeld ved alle tiltak, uavhengig av storleik. Overskrifta bør endrast i tråd med dette.

Om eit tiltak er større eller mindre privat har betydning for kven som har ansvar og skal betale for utgiftene. Ansaret for kostnader til undersøkingar og utgraving er regulert i forslaget i § 48, der det nettopp blir gjort unntak frå dekningsplikta for «...mindre, private tiltak, visse tiltak i landbruket og i reindrifta, og kostnader som går ut over dei rammene som er fastsette i budsjett etter første avsnitt.»

Fylkeskommunen ser eit klart behov for lovfesta avklaringar rundt undersøkingar og finansiering av «uoppdaga bygningar» som kan vere frå før 1650, og som vert råka av tiltak etter pbl eller arealplan. Sjå nærmare utgreiing nedanfor.

Andre innspel

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føresegna som ei vidareføring av § 9 første ledd og støttar, med unntak av forslaget til endring ovanfor, innhaldet i føresegna. Føresegna pålegg krav om arkeologiske undersøkingar for tiltak som kan påverke automatisk freda jordfaste kulturminne, og må sjåast i samanheng med meldeplikta. Fylkeskommunen si frist til å gi fråsegn er teken ut av føresegna.

Fylkeskommunen legg til grunn at andre ledd i den føreslåtte føresegna vidarefører etablert praksis etter gjeldande føresegner. Fylkeskommunen vil peike på at undersøkingsplikta, slik praksis er i dag, i realiteten berre kan oppfyllest ved oversending til fylkeskommunen eller Sametinget. Det bør difor vurderast om det vil vere føremålstenleg å formulere dette som eit «skal» og ikkje «bør». Dette har også betydning for forståinga av innhaldet og moglegheita for etterleving for partane.

Tredje ledd i den føreslåtte føresegna blir i hovudsak oppfatta som ei vidareføring av gjeldande rett og praksis. Det er positivt at praksis med utsette undersøkingar er gjort tydeleg i andre punkt.

Å utsetje undersøkingar kan i enkelte tilfelle innebere ei vesentleg samfunnsbesparing ved gjennomføring av planar. Dei aller fleste arkeologiske undersøkingar skal gjennomførast i forkant av planvedtak. Utsette undersøkingar er, etter Riksantikvaren sin rettleiar, berre forbeholdt tilfelle der det ligg føre tvangssituasjonar. Etter praksis er det opp til Riksantikvaren å vurdere om vilkåret er oppfylt, og fylkeskommunane må søkje.

Fylkeskommunen meiner det bør vere fylkeskommunen som avgjer om utsett undersøkingsplikt skal innvilgast. Dette vil vere i tråd med prinsippet om forenkla og heilskapleg forvaltning som ligg til grunn for lovframlegget. Fylkeskommunane, som regionalt forvaltingsnivå, har betre føresetnader for å vurdere forholda i den enkelte sak der utsett undersøkingsplikt kan vere aktuelt. Det må vere klare føringar for i kva situasjonar utsett undersøking kan vere nødvendig, og dette kan fastsetjast gjennom forskrift. Spørsmålet blir diskutert nærare i vidare arbeid.

Nærmare om undersøking og kostnadsdekning for automatisk freda byggverk

Møre og Romsdal fylkeskommune ser behov for presise lovavklaringar når det gjeld undersøking og kostnadsdekning for «uoppdaga bygningar» som kan vere automatisk freda på grunnlag av opphav frå før 1650. Lovforslaget gir etter vårt syn ikkje tilstrekkeleg klårheit om kven som har

ansvar for å avklare om eit byggverk er automatisk freda, eller kven som skal bere kostnadane ved faglege undersøkingar, til dømes dendrodatering, i saker etter PBL og arealplansaker.

Utvalet peikar på at dei fleste automatisk freda bygningar er synlege og kartlagde. Dette gjeld likevel ikkje dei som framleis er uavklarte eller såkalte «uoppdaga bygningar» – bygningar som korkje eigar eller forvalting kjenner alderen til, og kor det er behov for nærmare undersøkingar. Med innføringa av 1650-grensa vil talet på slike saker auke.

For jordfaste kulturminne har tiltakshavar plikt til å dekkje kostnader ved registrering og undersøkingar. Ei tilsvarande ordning manglar for bygningar. Dendroprøvar og bygningshistoriske analysar for å fastslå alder krev høg fagkompetanse, og kan ikkje utførast av tiltakshavar sjølv. Riksantikvaren sin rettleiar *Dendrodatering av ståande byggverk* (2023) understrekar at forvaltninga har eit særleg ansvar for å sikre forsvarleg prøvetaking og vurdering.

Sidan 2021 har Møre og Romsdal fylkeskommune arbeidd systematisk med bygningar frå før 1650, kor vi har identifisert om lag 60 bygningar som *kan* vere frå før 1650, og som må undersøkjast nærmare. Desse «uoppdaga bygningane» vil bli aktualisert ved tiltak etter plan- og bygningslova, eller i samband med nye arealplanar. Utan ei lovfesta ordning for undersøking og finansiering står ein i fare for rettsleg uvisse, ujamn praksis og tap av kulturminne av høg alder.

Vi meiner difor at § 46 i lovframlegget må utvidast til også å omfatte automatisk freda bygningar. Dette vil gi heimel til å gjennomføre og budsjettere nødvendige aldersundersøkingar på linje med jordfaste kulturminne. Samtidig må det avklarast om kostnadsansvaret ligg hos staten eller tiltakshavar. Ei slik løysing vil sikre klare ansvarslinjer og føreseieleg sakshandsaming for «uoppdaga byggverk» med opphav frå før 1650.

3.8.2 § 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir

Når grunneigaren eller brukaren er varsla, kan

3.8.2.1 fylkeskommunen og Sametinget gjennomføre skjøtsel, vedlikehald, sikring og formidling av automatisk freda jordfaste kulturmiljø og område som er freda ved vedtak

3.8.2.2 fylkeskommunen og Sametinget undersøkje automatisk freda jordfaste kulturmiljø ved å søkje etter og registrere dei

3.8.2.3 forvaltningsmuseet undersøkje automatisk freda jordfaste kulturmiljø og skipsfunn med arkeologisk utgraving, dokumentasjon, analyse eller bruk av andre vitenskaplege metodar

Departementet kan gje forskrift om undersøkingar ved mindre utgravingar av automatisk freda jordfaste kulturmiljø som kan gjennomførast av fylkeskommunen og Sametinget i samband med undersøkingsplikta i § 46 eller saker om løyve etter § 20.

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjennomføre tiltak etter bokstav b, der dei vurderer at dette er naudsynt for å få kunnskap om jordfaste kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi frå tida etter 1650 til og med 1850.

Inngrep i grunn og rettar kan gje rett til erstatning. Dersom eigaren og styresmakta ikkje blir samde om ein avtale, skal erstatning fastsetjast ved skjøn.

Eit mindretal (Anfinset og Falch) føreslår at tredje avsnitt går ut.

Forslag til endra lovtekst i § 47 første ledd, punkt b

b) fylkeskommunen og Sametinget ~~undersøkje~~ **søkje etter og registrere** automatisk freda jordfaste kulturmiljø ~~ved å søkje etter og resitrere dei.~~

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen meiner det er grunn til å presisere at fylkeskommunane og Sametinget skal ha adgang til å gjennomføre arkeologiske registreringar, sjølv om resultatet vert negativt og det ikkje vert påvist automatiske freda kulturmiljø. Den gjeldande formuleringa kan mistolkast og bør difor presiserast. Vi oppfattar også vårt forslag til å ha ein betre, klårare og meir tydeleg ordlyd.

Andre innspel

Fylkeskommunen vurderer at første ledd i den føreslåtte føresegna er ei vidareføring og klargjering av gjeldande lov § 11 og gjeldande praksis. Til bokstav a) vil fylkeskommunen peike på at ein viktig del av fylkeskommunane sitt arbeid er formidling, og tilrettelegging for formidling, gjennom ulike tiltak på og ved kulturminne. Dette er ofte tiltak fylkeskommunen sjølv finansierer. Det er viktig at fylkeskommunen får høve til å gjennomføre slike tiltak utan at det er søknadspliktig. I diskusjonane i NOU-en kjem det ikkje klart fram at fysiske formidlingstiltak gjennomført av fylkeskommunen er unnatekne frå søknadsplikt. Dette bør stadfestast. Vidare må slike fysiske tiltak kunne gjennomførast utan godkjenning frå Riksantikvaren eller forvaltingsmusea, slik det er i dag, då krav om godkjenning elles medfører ekstraarbeid.

Det blir merka at det for bokstav c) i føresegna ligg føre ei viss uklarheit med omsyn til grensedraginga mot § 20 andre ledd. I merknadene til § 47 første ledd bokstav c) blir det vist til at forvaltingsmusea sjølve kan gjennomføre arkeologiske utgravingar «...utan at det er naudsynt med løyve etter § 20». Merknaden er først og fremst trekt fram for å sikre at det i lovprosessen blir ei avklaring av dette, slik ein oppfattar at føremålet har vore. For fylkeskommunen framstår det som ein viss motstrid mellom føresegnene.

I andre ledd i føresegna blir departementet gitt heimel til å lage forskrift om mindre utgravingar i regi av fylkeskommunen. Mindre utgraving inneber at registrering og gransking blir gjort samtidig av fylkeskommunen. Dette gjer at det ikkje er naudsynt med vilkår om gransking i dispensasjonsvedtaket, eller at forvaltingsmusea skal utarbeide budsjett og gjennomføre utgravingar. Mindre utgravingar i regi av fylkeskommunen kan difor ha vesentleg betydning for tidsaspektet ved planlegging og gjennomføring av tiltak, og kan også innebere ei vesentleg kostnadsreduksjon. Fylkeskommunen gjennomfører dette i nokon grad i dag, og nødvendig kompetanse finst allereie i fylka.

Det finst i dag ein rettleiar for «mindre utgravingar», og fylkeskommunen må avklare med forvaltingsmusea om det kan gjennomførast ei «mindre utgraving». Det er likevel føremålstenleg at det blir gitt meir definerte rammer for når «mindre utgraving» kan nyttast, slik at fylkeskommunane sjølv kan avgjere om dei kan gjennomføre slike utgravingar når dei er i felt. Kva som kan reknast som «mindre utgravingar» er i dag også avgrensa av materielle krav knytt til sjølve undersøkinga, som tal dagsverk i felt og til etterarbeid. Fylkeskommunen vurderer at «mindre utgravingar» heller bør vurderast ut frå til dømes type og omfang av kulturminne.

Høve og heimel for fylkeskommunane til å gjennomføre mindre utgravingar har potensial for

vesentlege samfunnsmessige innsparingar. Dette bør regulerast i lov for å sikre brei politisk medverknad. Det bør difor tydeleggjerast og presiserast når og i kva tilfelle bruk av mindre utgravingar kan gjennomførast. Det er vidare heilt sentralt at mindre utgravingar, på lik linje med undersøkingar og utgravingar, blir omfatta av tiltakshavar sin dekningsplikt slik det er skildra i § 48.

Tredje ledd i føresegna legg til rette for at det kan krevjast registrering av jordfaste kulturminne også i perioden 1650–1850. Dette gir rom for registrering av viktige hendingar frå denne perioden, der arkeologisk metode er eigna til å påvise strukturar og supplere skriftlege kjelder. Undersøkingane er ikkje knytte til dekningsplikta.

Fylkeskommunen vurderer at fjerde ledd i føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett, og set formuleringa i samanheng med ordinære grunnsetningar frå erstatningsretten. Skade som oppstår i samband med undersøkingar bør gi rett til erstatning dersom det kan påvisast eit tap. Det blir lagt til grunn at «inngrep i grunn og rettar» ikkje er ei generell tilvising til ulempe eller tap som følgje av at noko er automatisk freda. Det blir lagt til grunn at det ikkje er meint ei utvida rett til erstatning etter forslaget samanlikna med dagens lovgiving.

3.8.3 § 48 Dekning av kostnader

Tiltakshavaren skal dekkje naudsynte direkte og indirekte kostnader for

- a) undersøkingar ved registrering på grunn av tiltak og planar etter § 46
- b) undersøkingar ved arkeologiske utgravingar og liknande på grunn av tiltak og vilkår sette etter § 20
- c) å rette opp eller føre tilbake ulovlege gjennomførte tiltak eller tilhøve etter § 74

Den øvre grensa for kostnader skal fastsetjast i budsjett.

Dekning av utgifter etter første avsnitt gjeld ikkje for mindre, private tiltak, visse tiltak i landbruket og i reindrifta, og kostnader som går ut over dei rammene som er fastsette i budsjett etter første avsnitt.

Kulturmiljøstyresmakta kan gje tilskot dersom kostnadene er urimeleg tyngjande eller i andre særskilde tilfelle. I vurderinga skal det leggjast vekt på om tiltaket er offentleg eller privat, kor stor del kostnaden utgjør av dei totale prosjektkostnadene og om tiltaket har eit allmennyttig føremål eller følgjer av offentlege påbod.

Departementet kan gje forskrift om gjennomføringa av føresegna.

Forslag til endra lovtekst til § 48, tredje ledd

Dekning av utgifter etter første avsnitt **bokstav a) og b)** gjeld ikkje for mindre, private tiltak, visse tiltak i landbruket og i reindrifta, og kostnader som går ut over dei rammene som er fastsette i budsjett etter første avsnitt **i tilfelle som ikkje skyldast forhold på tiltakshavar si side.**

Grunngiving forslag til endring

Føresegna inneber at staten også skal dekke utgifter i saker som gjeld ulovlege gjennomførte

tiltak eller tilhøve etter § 74. Dette verkar ikkje å vere tilsikta, då det ville vere uheldig gjere unntak for ulovlege tiltak.

Vi vil også skilje mellom auka kostnadar som skuldast tiltakshavar, som til dømes drenering, utfordrande tilkomst osv. , og tilhøve som ligg hos dei som er ansvarlege for den arkeologiske granskinga.

Andre innspel

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i første ledd samlar og systematiserer praksis etter gjeldande kulturminnelov § 10 første punktum. Føresegna er tredelt og presiserer kva utgifter som skal dekkast i samband med tiltak som påverkar jordfaste automatisk freda kulturminne. Forslaget framstår som ei klargjering av kostnadene sin art og omfang. Det blir presisert innleiingsvis at føresegna gjeld nødvendige utgifter, og kan omfatte både direkte og indirekte kostnader. Dekningsplikta må òg omfatte «mindre utgravingar» utført av fylkeskommunane som nemnt i § 47 andre ledd.

Føresegna sitt andre ledd er nytt samanlikna med gjeldande lov. Føresegna samlar og systematiserer likevel praksis. Fylkeskommunen støttar forslaget og ser fordelane ved at tiltakshavarar får stadfesta ein rett til å ha eit kostnadsoverslag å kunne forhalde seg til.

Føresegna sitt tredje ledd er ei vidareutvikling av fritaket i gjeldande lov § 10. Unntaket er utvida til òg å gjelde visse tiltak i landbruket og i reindrifta, samt kostnader som går ut over rammer fastsette i budsjett etter første avsnitt. Føresegna framstår som ei delvis samling og systematisering av gjeldande rett. Fylkeskommunen legg til grunn at utfordringa med avgrensing av «mindre privat» blir behandla og løyst i forskrift, jf. føresegna sitt siste ledd. Det blir venta heilt konkrete grensedragingar for når eit tiltak fell innanfor «mindre privat».

Fylkeskommunen vil peike på at det i forskrifta om tilskot til drenering blir slått fast at styresmaktene ikkje skal gi tilskot til tiltak som kan medføre fare for skade på automatisk freda kulturminne. Kulturmiljøforvaltninga i fylkeskommunen og Sametinget har her rett til å uttale seg. I dei fleste av desse sakene vil det vere behov for å gjennomføre arkeologiske registreringar for å avklare skadepotensialet. Dersom det omsøkte dreneringsarealet er meir enn 100 dekar, fell utgiftene på bonden. Erfaringa er då at bøndene i stor grad vel å trekkje søknadene og drenerer utan tilskot. Dette har negative konsekvensar både for kulturmiljøet og for jordbrukarane, som går glipp av viktige tilskotsmidlar.

Drenering er eit viktig tiltak for å halde jordene og matproduksjonen i hevd. Klimaendringane vi står overfor vil òg føre til auka behov for drenering. Fylkeskommunen meiner difor at drenering òg av jordareal over 100 dekar bør inngå som eitt av dei «visse tiltaka» i føresegna sitt tredje ledd.

Det blir òg føreslått at den statlege kostnadsdekninga blir utvida til å omfatte alle typar driftsbygningar, og at det blir innført tydelegare kriterium for ei kost-nyttevurdering i statleg dekning av andre typar mindre private tiltak.

Ved vedtak om kostnadsdekning for arkeologiske granskingar bør det etter fylkeskommunen si vurdering òg liggje føre tydelegare krav til ei utgreiing for kva slags vitskapleg kunnskapsproduksjon granskinga vil føre til.

Føresegna sitt fjerde ledd er nytt og framstår, etter fylkeskommunen si vurdering, som ein variant av gjeldande regel i § 10 andre punktum. Ei endring er likevel at fritaket i gjeldande § 10

andre punktum er gjort om til ei moglegheit for å gi tilskot. Det er svært positivt at vurderingskriterier er tekne med i føreseigna, slik at utviklinga av praksis knytt til urimeleg tyngande og særskilde tilfelle får klare rammer. Utfordringa knytt til § 10 andre punktum har etter fylkeskommunen si oppfatning framstått som vilkårleg og lite føreseieleg for eigarar.

Vedrørande statleg dekning av arkeologiske registreringar

Møre og Romsdal fylkeskommune vil peike på nokre uheldige konsekvensar av T-02/2007 *Dekning av utgifter til arkeologiske arbeider ved mindre, private tiltak*. Hovudregelen etter kulturminnelova § 10, første punktum er at *Utgifter til særskilt gransking av automatisk fredete kulturminner eller særskilte tiltak for å verne dem på grunn av tiltak som nevnt i §§ 8 og 9, bæres av tiltakshaveren*. Dette omfattar både arkeologiske registreringar for å påvise og avgrense slike kulturminne og arkeologiske utgravingar av påviste kulturminne. Gjennom forskifta la departementet opp til ei omlegging av forvaltningspraksis, slik at staten i større grad skulle dekkje utgiftene ved arkeologiske arbeider: *Departementet vil at det som hovedregel skal være slik at utgifter til arkeologiske arbeider ved mindre, private tiltak alltid skal dekkes helt når saken oppfyller lovens kriterier i henhold til dette rundskrivet*.

Sjølv om dei arkeologiske registreringane vert omfatta av kml § 10, første punktum, og av omgrepet “arkeologiske arbeider” slik dette vert definert i forskrifta, vert det i ein fotnote i kapittel 1 presisert at den statlege dekninga ikkje gjaldt arkeologiske registreringar. Den utilsikta konsekvensen av dette vart ein ny praksis der fylkeskommunane sjølv har dekkja arkeologiske registreringar i slike mindre, private tiltak, med mindre det vart påvist kulturminne og gitt løyve til vidare inngrep. Dette kan i ytste konsekvens omfatte sjakting og prøvestikking av inntil 100 daa i jordbrukssakar.

I sak KNL 14/23 gjorde Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal følgande vedtak som var spelt inn til Kulturmiljøutvalet:

Ordninga der staten dekkjer kostnadane ved mindre private tiltak og særlege grunnar bør utgreiast betre, med sikte på at i dei tilfella staten krev registrering og utgraving, og i dei tilfella staten fredar private eller offentlege kulturminne, skal staten dekke desse kostnadane fullt ut. Ordninga eller praksisen slik den er i dag oppfordrar i realiteten til dispensasjon frå kulturminnelova og unødvendig høge kostnadar til arkeologiske granskingar.

Møre og Romsdal fylkeskommune er difor svært nøgd med at den foreslåtte føreseigna ikkje differensierer mellom undersøkingar ved registrering eller arkeologisk utgraving (jf. punkt a og b) og at begge deler vert omfatta av tredje ledd. Vårt innspel er at dette også vert lagt til grunn for vidare fastsetting i forskrift, jamfør siste ledd. I tillegg til auka økonomiske kostnadar for fylkeskommunane, kan dagens praksis medføre uheldige juridiske og kulturminnefaglege konsekvensar:

- Likskap for loven – det er lettare å stille krav om registreringar i større, private saker som ikkje har konsekvensar for eigen økonomi.
- Mindre mangfald – det er lettare å stille krav i sakar der ein forventar funn av vanleg karakter, som kan gi statleg finansiering, enn å utforske sakar med stort kunnskapspotensial.
- Dårlegare vern – det er lettare å gi løyve til inngrep i kulturminne som i prinsippet kan og bør vernast, fordi dette vil medføre statleg finansiering.

Dei siste åra har behovet for midlar til å dekkje utgravingar av mindre, private tiltak overskride dei tilgjengelege ressursane i statsbudsjettet (post 70). Ettersom kostnadene til arkeologiske

utgravingar som regel er langt større enn kostnadane knytt til registrering, vil ein strengare dispensasjonspolitikkk kunne ha redusert det samla behovet – sjølv om dei arkeologiske registreringane også vart dekkja av staten.

I forarbeidet vert det lagt vekt på at denne føresegna ikkje er ferdig utgreidd, og at det også er diskutert eit generelt unntak frå dekningsplikta til arkeologiske registreringar. Statleg dekning av utgifter til slik registrering i sakar av normal storleik er eit uttalt mål i *Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi i Møre og Romsdal* frå 2015. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar dermed ei slik generell statleg kostnadsdekning, men gir samtidig uttrykk for at dette må greiast ut nærmare. Erfaringane frå T-02/2007 er at midlane som har vore avsatt over Statsbudsjettet ikkje har vore tilstrekkelege, og at det er ein fare for at ei slik lovending vil få negative konsekvensar i form av færre arkeologiske registreringar og at vurderingane i større grad vert gjort på grunnlag av økonomiske enn av faglege vurderingar. Dette gjeld særleg ved ei differensiering mellom positive og negative registreringar, ved at ein i større grad prioriterer saker i områder der ein forventar funn av vanleg karakter enn å utforske sakar med større kunnskapspotensial, jamfør andre kulepunkt over.

Om retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringar

Riksantikvaren har i dag fastsatte felles retningslinjer for budsjettering og laga felles budsjettmalar med faste satsar for de ulike kostnadane for registreringar under 75 timar. I det vidare arbeidet bør det vurderast om ikkje fylkeskommunane sjølve skal fastsette desse satsane slik at dei vert meir tilpassa forholda i regionen.

3.9. Kapittel 9 Naturleg skade og forsikring

3.9.1 § 49 Plikt til å melde frå om naturleg skade på kulturmiljø

Eigaren og brukaren av kulturmiljø som er freda etter denne lova, skal melde frå til fylkeskommunen eller Sametinget om naturleg skade på kulturmiljø, til dømes skade som følgje av ulukke, flaum, ras og brann.

Eit forsikringsselskap som har forsikra kulturmiljø som er freda etter denne lova, skal melde frå til fylkeskommunen eller Sametinget når det blir merksam på slik skade.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna er ei delvis vidareføring av gjeldande § 18, og inneheld meldeplikt både for eigar, brukar og forsikringsselskap. Føresegna har likevel fått eit utvida verkeområde og gjeld no alle kulturmiljø som er freda etter lova. Fylkeskommunen er positiv til dette. Fylkeskommunen vil likevel peike på at føresegna fokuserer på naturleg skade. Dette gir i prinsippet unntak for meldeplikta for tilfelle der skade skjer som følgje av ei forsettleg menneskeleg handling. Det er uklart kvifor forsettleg skade ikkje er omfatta av meldeplikta.

3.9.2 § 50 Pålegg om å setje i stand, byggje opp att, sikre eller dokumentere kulturmiljø etter naturleg skade

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om å påleggje eigaren å setje i stand eller byggje opp att naturleg skadd kulturmiljø som er freda etter denne lova. Pålegg kan omfatte krav om bruk av antikvariske metodar eller naudsynte sikringstiltak for å avgrense skaden eller hindre ny naturleg skade.

Fylkeskommunen og Sametinget kan krevje kulturhistorisk dokumentasjon om det trengst for å sikre dei kulturhistoriske verdiane som står att. Om ikkje eigaren kan klandrast for skaden, skal kostnadene til dokumentasjon dekkjast av kulturmiljøstyresmakta.

Vedtak om pålegg må gjerast innan seks veker frå det tidspunktet då fylkeskommunen eller Sametinget fekk kjennskap til skaden. Om det finst særlege grunnar, kan fristen forlengjast.

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føresegna som ei delvis vidareføring og klargjering av gjeldande § 18. I dag er det berre nokre typar kulturmiljø ein kan påleggje å setje i stand eller gjenreise. I den nye føresegna er dette føreslått utvida til å gjelde alle kulturmiljø som er freda etter lova. Fylkeskommunen støttar utvalet si vurdering om at føresegna er tydelegare og meir framtidsretta enn gjeldande lov. Vidare er fylkeskommunen samd i at ei generell føresegn er betre tilpassa truslar frå til dømes klimaendringar, og sikrar ei meir heilskapleg oppfølging av kulturmiljøa som er omfatta av lova.

Fylkeskommunen vil peike på at det etter føresegna sitt andre ledd blir gjort unntak frå dekning av dokumentasjonsutgifter i tilfelle der eigar kan klandrast for skaden. Det er uklart kva slags situasjonar det her blir tenkt på, sidan skadeomgrepet i føresegna er skildra som naturleg skade. Fylkeskommunen legg elles til grunn at eventuelle kostnader for eigar etter første ledd vil kunne vurderast for tilskot etter § 40.

3.9.3 § 51 Forbod mot å nekte forsikring

Det er forbode å nekte forsikring eller å ta høgare forsikringspremie for freda eigedommar berre fordi dei er freda.

Fylkeskommunen vurderer dei føreslåtte føresegnene i §§ 51–53 i hovudsak som nye. Føresegnene representerer ei vesentleg styrking av rettane og rettsposisjonen til eigarar av freda byggverk ved forsikring. Forslaga støytar truleg mot enkelte avtalerettslege og forsikringsrettslege spørsmål som det ikkje blir teke stilling til i denne uttalen. Fylkeskommunen støttar forslaga.

Det blir peika på at det er behov for å gjere nokre språklege justeringar av føresegnene. Etter § 51 er forskingsobjektet omtalt som «freda eigedommar». Det er uklart om intensjonen har vore at dette skal vere avgrensa til byggverk, eller om det omfattar kulturmiljø generelt. I § 52 blir uttrykket «kulturmiljø» brukt, og føresegna framstår difor som om ho skal ha eit vidare nedslagsfelt enn § 51. Bruken av omgrepet «freda» bør òg avklarast nærare, sidan det i

diskusjonane rundt forsikring i NOU blir brukt uttrykket «verna», som kan gi inntrykk av eit vidarenedslagsfelt.

3.9.4 § 52 Plikt til å dekke antikvariske meirkostnader for istandsetjing eller gjenoppbygging av freda kulturmiljø

Forsikringsavtale og forsikringsoppgjer skal dekkje antikvariske meirkostnader når fylkeskommunen eller Sametinget har gjeve pålegg om istandsetjing eller gjenoppbygging etter § 50 første avsnitt.

Sjå kommentar til § 51.

3.9.5 § 53 Pålegg om å halde att forsikringssum

Når eit freda kulturmiljø er utsett for naturleg skade, kan fylkeskommunen eller Sametinget avgjere at forsikringsselskapet skal halde att utbetaling av forsikringssummen til det er teke stilling til om det skal gjevast pålegg om istandsetjing, gjenoppbygging eller dokumentasjon etter § 50 første og andre avsnitt.

Sjå kommentar til § 51.

3.10. Kapittel 10 Oreigning og førehandsskjøn

3.10.1 § 54 Oreigning og forkjøpsrett til transportminne og lause kulturminne

Dersom noko taler for at eit kulturminne bør vere i offentleg eige, og det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade, kan departementet oreigne transportminne og lause kulturminne.

Når det er særlege grunnar til det, kan lause kulturminne oreignast utan omsyn til alder.

Lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom gjeld så langt det høver.

Dersom slike kulturminne vert selde på auksjon, har staten og dinest fylkeskommunen eller kommunen der kulturminna opphavleg kjem frå eller har vore før auksjonen, innan tre veker rett til å gå inn i det høgaste bodet. Sametinget har same rett som fylkeskommunen til å gå inn i høgaste bod på samiske kulturminne.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i hovudsak vidarefører gjeldande rett når det gjeld det offentlege sin rett til å tre inn og overta eigarskap til kulturminne med særleg høg kulturhistorisk verdi. Føresegna nyttar uttrykket «nasjonale kulturmiljøinteresser», som ikkje er brukt elles i lova. Det kan vurderast om det er meir føremålstenleg å nytte «høg kulturhistorisk

verdi» slik at bruksområdet blir meir definert.

3.10.2 § 55. Førehandsskjøn

Departementet kan krevje rettsleg skjøn for å få slege fast om og i kva grad eit vedtak om freding vil føre til erstatningsansvar for det offentlege etter allmenne rettsgrunnsetningar.

Førehandsskjønet fell bort om det ikkje er gjort vedtak om freding innan eitt år etter at skjønet har vorte rettskraftig for alle eigarar og rettshavarar.

Sjå innspel til § 54.

3.11. Kapittel 11 Kulturmiljøstyresmakt med meir

3.11.1 § 56 Departementet

Departementet kan fastsetje statlege kulturmiljøpolitiske prioriteringar.

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak frå Riksantikvaren.

Elles har departementet dei oppgåvene som går fram av lova.

Fylkeskommunen støttar departementet si rolle og myndigheit i den føreslåtte føresegna. Det blir vurdert som vesentleg at departementet har ei overordna rolle og ikkje er første- eller klageinstans i enkeltsaker. Kulturmiljøforvaltninga bør følgje nærleiksprinsippet så langt det er mogleg for å leggje til rette for lokal og regional forankring til kulturmiljø.

3.11.2 § 57 Riksantikvaren

Riksantikvaren skal formidle statlege kulturmiljøpolitiske prioriteringar og arbeide for fagleg samordning mellom fylkeskommunen, Sametinget og forvaltningsmuseet.

[Andre avsnitt: Sjå to alternative framlegg frå utvalet under]

Riksantikvaren har forvaltningsansvar for kulturmiljø som er valt ut etter kriterium som departementet har fastsett i forskrift. For slikt kulturmiljø har Riksantikvaren same avgjerdsrett som fylkeskommunen og Sametinget har etter denne lova.

Riksantikvaren kan overta oppgåvene etter denne lova frå fylkeskommunen og Sametinget dersom nasjonale kulturmiljøinteresser er truga.

Riksantikvaren har administrativt ansvar for nemnder for nasjonale minoritetar etter § 64.

Elles har Riksantikvaren dei oppgåvene som går fram av lova.

Halvparten av utvalet (Andersen, Fjeldheim, Hæreid, Myklebust og Olsson) føreslår at andre avsnitt skal lyde:

Riksantikvaren er klageinstans for enkeltvedtak frå fylkeskommunen og Sametinget.

Halvparten av utvalet (Anfinset, Falch, Felland, Gierløff og Holm) føreslår at andre avsnitt skal lyde:

Riksantikvaren er klageinstans for enkeltvedtak frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i hovudsak er ei vidareføring av Riksantikvaren si myndigheit etter gjeldande *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127*. Dette blir sett på som eit fornuftig utgangspunkt.

Det blir likevel reist spørsmål om føremålet bak den føreslåtte føresegna sitt tredje ledd, som framstår som eit unntak frå den organiseringa som er lagt til grunn elles i lova.

Fylkeskommunene bør vere førsteinstans i alle sakar etter kulturminneloven, og Riksantikvaren bør vere klageinstans. Det fremstår som uheldig å legge til rette for at Riksantikvaren har forvaltningsansvar for enkelte kulturmiljø. Dersom det er slik at nasjonale interesser er trua har Riksantikvaren alltid, etter fjerde ledd, høve til å ta over ein sak. Dette er ein god nok sikkerhetsventil i høve der fylkeskommunen skulle ha ein divergerende oppfatning enn Riksantikvaren, eller i høve der faglege råd ikkje blir etterlevd i politiske fora.

Riksantikvaren skal ha førstelinjeansvar for utvalde kulturmiljø. Dette er uheldig, då ordninga mellom anna medfører uklarheit når fylkeskommunen skal vere høyrings- og motsegnorgan for kulturmiljø Riksantikvaren har ansvaret for. Fylkeskommunen kjem då i ei meklarrolle utan å ha reell dispensasjonsmyndigheit. Det blir difor føreslått at ein i det vidare arbeidet klargjer om Riksantikvaren sitt ansvar for utvalde kulturmiljø er føremålstenleg, gitt moglegheita for ei ryddigare organisering. Vidare arbeid kan òg avklare om det er nødvendig med ei slik generell føresegna om ansvarsområde i lova, all den tid myndigheit etter lova er lagt direkte i kvar føresegna.

3.11.3 § 58 Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er styresmakt for dei oppgåvene som går fram av lova.

Fylkeskommunen kan gje råd til kommunen om kulturmiljøinteresser i saker etter plan- og bygningsloven.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i hovudsak er ei vidareføring av den myndigheita fylkeskommunane har etter gjeldande *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127*. Lovutvalet føreslår likevel at fylkeskommunen i tillegg får ansvar for dei mindre mellomalderbyane og kyrkjene (sjå òg omtale i kapittel 2). Fylkeskommunen ser dette som eit fornuftig utgangspunkt og støttar den føreslåtte føresegna. Det blir elles vist til innleiande omtale av konsekvensar for fylkeskommunen som følge av lovforslaget.

Etter andre ledd kan fylkeskommunen gi råd til kommunar i saker som rører kulturmiljø.

Vidare arbeid kan avklare om det er nødvendig med ei slik generell føresegn om ansvarsområde i lova, all den tid myndigheit etter lova er lagt direkte i kvar enkelt føresegna.

3.11.4 § 59 Sametinget

Sametinget er styresmakt for dei oppgåvene som går fram av lova og gjeld samisk kulturmiljø.

Sametinget kan gje råd til kommunen om samiske kulturmiljøinteresser i saker etter plan- og bygningsloven.

Halvparten av utvalet (Anfinset, Falch, Felland, Holm og Gierløff) føreslår at andre avsnitt skal lyde, slik at andre avsnitt over blir tredje avsnitt.

Sametinget organiserer sjølv handsaminga av klagar på enkeltvedtak som er gjorde av Sametinget etter kulturmiljølova. Riksantikvaren skal få høve til å uttale seg før klageinstansen i Sametinget gjer vedtak.

Ingen merknader.

3.11.5 § 60 Forvaltningsmuseet

Forvaltningsmuseet etter lova er universitetsmusea. Departementet kan gje forskrift om ansvarsfordeling mellom universitetsmusea.

Forvaltningsmuseet skal ha ansvar for lause kulturminne og undersøkingar ved utgraving.

Undersøkingar ved utgraving skal skje etter fagleg program, som musea skal utarbeide. Riksantikvaren kan gje retningslinjer for utarbeidinga av programma.

Elles har forvaltningsmuseet dei oppgåvene som går fram av lova.

Forslag til endra lovtekst i § 60 tredje ledd

Undersøkingar ved utgraving skal skje etter fagleg program, som musea skal utarbeide i **samarbeid med fylkeskommunen og Sametinget**. Riksantikvaren kan gje retningslinjer for utarbeidinga av programma.

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen er positiv til at det blir føreslått å utarbeide faglege program som skal liggje til grunn ved vurderingar av utgravingsbehov. Dette vil sikre godt kjeldetilfang, samtidig som samfunnsbelastninga ikkje blir for stor. Vi meiner også at slike faglege program med fordel kan liggje til grunn for registreringskrav og feltarbeid som vert utført av fylkeskommunane, og at begge partar er tent med eit nært samarbeid. Dette var også ein viktig intensjon i NOU 2006: 8 *Kunnskap for felleskapet*. Fylkeskommunane kan bidra med sine erfaringar og bli høyrte, men ein viktig sideeffekt er at dei faglege programma også får ein sterkare forankring i kulturmiljøforvaltninga.

Andre innspel

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i hovudsak er ei vidareføring av den myndigheita forvaltingsmusea (universitetsmusea) har etter gjeldande *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127*. Formuleringa utelukkar, slik det òg går fram av lovutvalet sine tilrådingar og vurderingar, at sjøfartsmuseum som ikkje er ein del av universitetsmusea og Norsk institutt for kulturminneforskning skal ha ansvar for undersøkingar av kulturmiljø ved utgraving.

Fylkeskommunen støttar dette, som nærare omtalt i kapittel 2 i høyringsuttalen. Samling av utgravingsverksemda hos færre aktørar bidreg til ei meir oversiktleg og effektiv kulturmiljøforvaltning.

3.11.6 § 61 Plikt til å underrette Riksantikvaren

Halvparten av utvalet (Andersen, Fjeldheim, Hæreid, Myklebust og Olsson) føreslår at *føresegna* skal lyde: Dersom fylkeskommunen eller Sametinget i ei sak om kulturmiljø av nasjonal interesse vil gjere eit vedtak som er i strid med faglege råd i saka, skal Riksantikvaren få melding om det.

Halvparten av utvalet (Anfinset, Falch, Felland, Gierløff og Holm) føreslår at *føresegna* skal lyde: Dersom fylkeskommunen i ei sak om kulturmiljø av nasjonal interesse vil gjere eit vedtak som er i strid med faglege råd i saka, skal Riksantikvaren få melding om det.

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føresegna som ei vidareføring av tilsvarende føresegna i *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127*. Samtidig inneber den føreslåtte føresegna ei justering av gjeldande rett, då plikta til å underrette Riksantikvaren om saker av vesentleg regional interesse er teke ut. Plikta til å underrette Riksantikvaren vil etter ny lov berre gjelde saker som rører kulturmiljø av nasjonal interesse. Fylkeskommunen støttar endringa, då vesentlege regionale kulturmiljøinteresser primært bør vere eit regionalt ansvar.

Etter fylkeskommunen si oppfatning er føresegna viktig for å sikre at nasjonale kulturmiljøinteresser blir høyrde og avvege, særleg i saker der kulturmiljøinteresser må vegast mot andre viktige samfunnsinteresser.

3.11.7 § 62 Samarbeid mellom fylkeskommunen og Sametinget

Fylkeskommunen og Sametinget skal samarbeide om oppgåver etter denne lova.

Fylkeskommunen og Sametinget kan avtale kva som er den rette avgjerdsmakta i enkeltsaker, og kva som er den rette avgjerdsmakta for typar av automatisk freda kulturminne som kan høyre til så vel samisk som ikkje-samisk kulturhistorie.

Når fylkeskommunen og Sametinget handsamar søknader om dispensasjon eller løyve til inngrep i freda kulturminne som er nemnde i andre avsnitt, skal dei gje kvarandre høve til å uttale seg før dei gjer vedtak.

Departementet avgjer kva som er den rette avgjerdsmakta dersom fylkeskommunen og Sametinget ikkje blir samde om ein avtale.

Eit mindretal (Hæreid) føreslår at fjerde avsnitt skal lyde:

Riksantikvaren avgjer kva som er den rette avgjerdsmakta dersom fylkeskommunen og Sametinget ikkje blir samde om ein avtale.

Ingen merknader.

3.11.8 § 63 Samarbeid mellom fylkeskommunen, Sametinget og forvaltningsmuseet

Fylkeskommunen og Sametinget skal be forvaltningsmuseet om forskingsfaglege vurderingar og råd som grunnlag for vedtak om løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne.

Forslag til endra lovtekst i § 63

Fylkeskommunen og Sametinget skal be forvaltningsmuseet om forskningsfaglege vurderingar og råd som grunnlag for vedtak om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. **Unntak kan vere sakar av vanleg førekommande karakter, i samsvar med gjeldande forskrift.**

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen er einige i hovudprinsippet, men meiner at det i tråd med gjeldande praksis bør presiserast at det kan vere unntak frå første setning. Sidan 2011 har fylkeskommunane hatt dispensasjonsmynde i enkelte sakar av vanleg førekommande karakter, noko som har bidratt til ei meir effektiv sakshandsaming utan å ha medført nemneverdig diskrepans og/eller negative konsekvensar for kulturmiljøvernet. Vi meiner at slike unntak bør komme med i ordlyden, sjølv om kva som til ei kvar tid kan reknast som vanleg førekommande karakter kan verte endra. I tråd

med samordningsplikta etter § 6 vil det framleis vere ei plikt å syte for ei einskapleg forvaltning.

Andre innspel

Fylkeskommunen vurderer elles forslaget som ei vidareføring av tilsvarande føresegner i *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127*. Føresegna understrekar betydninga av samarbeid mellom ulike organ innanfor kulturmiljøforvaltninga. Vidare understrekar forslaget i § 63 forvaltingsmusea si rolle som rådgivar i saker av forskingsfagleg karakter, eller der det elles framstår som føremålstenleg i samband med fylkeskommunal saksbehandling. Det er viktig å understreke at fylkeskommunen skal stå fritt til å vurdere rett handsaming av sine saker som eit uavhengig organ. Fylkeskommunen legg derfor til grunn at føresegna ikkje er meint å indirekte flytte reell dispensasjonsmyndigheit frå fylkeskommunen til forvaltningsmuseet.

3.11.9 § 64 Kulturmiljønemnder for dei nasjonale minoritetane

Departementet kan opprette kulturmiljønemnder for kvar av dei nasjonale minoritetane. Departementet kan gje forskrift om oppgåver, oppnemning, organisering og sakshandsaming i nemndene.

Fylkeskommunen merkar seg at den føreslåtte føresegna er ny og innfører moglegheit til å opprette nemnder for nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane, saman med den samiske befolkninga, har vore utsette for fornorsking og til dels usynleggjering i samfunnet. Mangelen på skriftleg kjeldemateriale for enkelte av desse gruppene gjer at den materielle kulturen blir viktigare. I Finnmark og Nord-Troms har òg den systematiske nedbrenninga av bygningsmassen under andre verdskrigen gjort at det er få materielle spor etter kvensk/norsk-finsk kultur.

Innføring av moglegheita for å opprette nemnder for nasjonale minoritetar er eit godt tiltak. Nemndene legg til rette for å skape arenaer der minoritetar kan delta i dialog om kulturmiljø. Fylkeskommunen vurderer det som positivt at minoritetane kan forankre eiga historie som ein viktig del av det som utgjer fellesskapet si historie. Det kan vurderast om «kan» i første setning bør endrast til «skal», slik at lova sikrar opprettinga av slike nemnder.

3.12. Kapittel 12 Reglar for sakshandsaming og handsaming av personopplysningar

3.12.1 § 65 Rettleiing til eigaren av noko som er freda

Fylkeskommunen og Sametinget skal rettleie eigaren av freda kulturmiljø slik at det er føreseieleg kva som er tillate eller ikkje, og føreseieleg kva det er muleg å få løyve eller dispensasjon til. Forvaltnings- og skjøtselsplan etter § 31 er ein måte å rettleie på.

Innhaldet i føresegna følgjer indirekte av fylkeskommunen si rettleiingsplikt etter forvaltingslova

§ 11, og fylkeskommunen vurderer at ho nedfeller det som i praksis er ein større og viktig del av fylkeskommunen sine arbeidsoppgåver i dag.

Fylkeskommunen støttar forslaget, og meiner det er positivt at eigarar av freda kulturmiljø får ein rett til rettleiing. Dette forpliktar fylkeskommunen til å prioritere dette arbeidet, og kan òg bidra til ei meir effektiv kulturmiljøforvaltning.

3.12.2 § 66 Rett til å føreslå freding

Alle kan føreslå for kulturmiljøstyresmakta å frede noko som kulturmiljø. Kulturmiljøstyresmakta skal svare på framlegget. Svaret er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Føresegna nedfeller og klargjer moglegheiter og ansvar som følgjer av regelverk fylkeskommunen er forplikta til å følgje i dag. Alle kan òg i dag føreslå fredingsobjekt, og fylkeskommunen er forplikta til å svare på alle førespurnader. Føresegna klargjer retten til å føreslå freding, og ein konsekvens kan vere at fleire forslag blir sende inn. Sjølv om forslaget ikkje endrar rettstilstanden, er det samtidig eit forslag som kan bidra til å auke lokal interesse for kulturminne. Forslaget kan medføre noko auka arbeid i form av forslag om freding til fylkeskommunen. Fylkeskommunen støttar forslaget.

3.12.3 § 67 Sakshandsamingsreglar for freding ved vedtak

Når kulturmiljøstyresmakta startar sak om freding etter lova skal eigarar, rettshavarar og kommunen varslast og få rimeleg tid til å uttale seg. I sak om freding av fast eigedom skal kulturmiljøstyresmakta, om det trengst, drøfte med kommunen avgrensing og samordning av planarbeid etter plan- og bygningsloven.

Kulturmiljøstyresmakta skal samarbeide med offentlege styresmakter i utarbeidinga av framlegget til freding. Kulturmiljøstyresmakta bør samarbeide med organisasjonar og andre som har ei særskild interesse i saka.

I saker som gjeld kulturmiljøet til ein nasjonal minoritet, skal kulturmiljøstyresmakta tidleg rådføre seg med representantar for den nasjonale minoriteten og i den vidare handsaminga leggje stor vekt på deira syn slik at det kan påverke innhaldet i vedtaket.

Når framlegg til freding er utarbeidd, skal eigarar, rettshavarar og kommunen varslast på ny og få rimeleg frist til å uttale seg. Kulturmiljøstyresmakta kan gje kommunen seinare frist enn andre slik at kommunen kan gjere ei sjølvstendig vurdering av høyringsinnspela før han uttaler seg. Både sak om å frede og framlegg til fredingsvedtak med føresegner skal gjerast offentleg tilgjengeleg på mest effektive måte, slik at andre interesser kan uttale seg innan same fristar som eigarar og brukarar. Private opplysningar treng ikkje gjerast offentlege.

Kongen kan gje forskrift om samordna handsaming av planar etter plan- og bygningsloven og freding etter denne lova.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna i hovudsak er ei vidareføring av gjeldande kulturminnelov § 22. Føresegna angir reglar for korleis sakshandsaming i form av varsling, dialog,

høyring med meir skal gjennomførast i samarbeid med eigar, styresmakter med vidare. Føresegna sikrar brei medverknad. Fylkeskommunen vurderer dette som viktig, sjølv om prosessen kan bli omfattande og ressurskrevjande, då fredingar kan vere inngripande og innebere vekting mellom ulike vesentlege interesser.

Fylkeskommunen har spelt inn at forenkla freding etter § 24 ikkje bør omfattast av § 67 fjerde ledd. Gitt dei avgrensa rådveldeavgrensingane som er mogleg å legge i ved forenkla freding, ser ikkje fylkeskommunen behov for den meir omstendelege prosessen med ny høyringsrunde og kunngjeringar som er angitt i § 67 fjerde ledd. Reglane for førehandvarsling og enkeltvedtak vil vere tilstrekkelege til å ivareta nødvendig kontradiksjon og partsrettar.

3.12.4 § 68 Samordning med kommunane i saker som gjeld pålegg om istandsetting med meir og retting

Kulturmiljøstyresmakta skal samordne seg med kommunen i saker som gjeld pålegg om istandsetjing og oppattbygging av kulturmiljø etter § 50 og retting av ulovlege tiltak etter § 74, når sakene i tillegg krev vurdering eller løyve etter plan- og bygningsloven.

Forslag til endra lovtekst i § 68

Kulturmiljøstyresmakta skal samordne seg med kommunen i saker som **i tillegg krev vurdering eller løyve etter plan- og bygningsloven. Dette gjeld også ved pålegg om istandsetjing og oppattbygging av kulturmiljø etter § 50 og retting av ulovlege tiltak etter § 74, når sakene i tillegg krev vurdering eller løyve etter plan- og bygningsloven.**

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at samordninga med kommunane ikkje berre gjeld ved pålegg om istandsetting med meir, men også i andre og meir vanlege saker som til dømes handsaming av sakar som både krev dispensasjonar etter både plan- og bygningsloven og kulturminnelova. Å gi eigaren løyve til inngrep i kulturminne eller kulturmiljø, når kommunen av andre omsyn ønsker å avslå søknaden kan undergrave det lokale sjølvstyret og i verste fall medføre misforståingar hos mottakar. Det same gjeld motsett veg, om kommunen gir løyve til inngrep utan at det ligg føre eit løyve til inngrep i kulturminne. I mangel på direkte samordning, så bør vilkår om løyve etter anna lovverk framgå eksplisitt i eit eventuelt vedtak.

Fylkeskommunen vurderer elles forslaget om krav om samordning med kommunane som eit føremålstenleg verkemiddel for å gjennomføre pålegg etter lova. Samordning på eit tidleg tidspunkt inneber meir effektiv bruk av ressursar og er meir føreseieleg for eigarar og andre aktuelle partar. Etter brann bør fylkeskommunen til dømes tidleg avklare om, og i kva omfang, kommunen kan gi unntak frå tekniske forskrifter i samband med vedtak om gjenreising.

3.12.5 § 69 Tinglysing

Vedtak om freding skal, dersom det er muleg, tinglysast eller bli avmerkt i tilsvarande register.

Fylkeskommunen vurderer at føresegna vidarefører reglar om tinglysing av vedtak om freding i gjeldande lov. Fylkeskommunen støttar føresegna. Det kan reisast spørsmål og drøftast vidare om rettsverknaden av at eit jordfast automatisk freda kulturminne er registrert i Askeladden òg burde vore teke med i denne samanhengen, med same rettsverknad som tinglysning.

3.12.6 § 70 Miljøvedtaksregister

Departementet kan gje forskrift om oppretting av miljøvedtaksregister og plikt til å føre inn vedtak om freding av kulturmiljø og planar som nemnde i § 31.

Fylkeskommunen vurderer at føresegnene i §§ 70, 71 og 72 gir departementet heimel til gjennom forskrift å etablere miljøvedtaksregister, forskrift om handsaming av personopplysningar og forskrift om bruk av automatisert sakshandsaming. Fylkeskommunen støttar forslaget.

3.12.7 § 71 Handsaming av personopplysningar

Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar, slik som føresegn om føremålet med handsaminga, kva opplysningar som skal bli handsama, korleis opplysningane skal bli handsama, vilkår for utlevering av informasjon, krav om sletting og krav om at eventuelle samanstillingar skal kunne brukast for forskning og statiske føremål.

Sjå innspel til § 70.

3.12.8 § 72 Automatisert sakshandsaming

Departementet kan gje forskrift om automatisert sakshandsaming av personopplysningar.

Avgjerd som er lite inngripande for den enkelte, kan takast ved heilautomatisert handsaming utan heimel i forskrift.

Kulturmiljøstyresmakta skal dokumentere det rettslege innhaldet i automatiserte sakshandsamingssystem. Dersom ikkje særlege omsyn talar mot det, eller noko anna følgjer av lov, skal dokumentasjonen gjerast offentleg.

Sjå innspel til § 70.

3.13. Kapittel 13 Handheving og sanksjonar

3.13.1 § 73 Gjennomføring av gjeremål og pålegg etter lova

Fylkeskommunen og Sametinget kan undersøkje kulturmiljø som er freda etter denne lova, dersom det er mistanke om forfall eller skade. Eigaren skal varslast i rimeleg tid før undersøkingane.

Fylkeskommunen og Sametinget eller den som dei gjev oppdrag, skal ha uhindra tilgang til ein eigedom for å gjennomføre gjeremål og pålegg etter denne lova.

Føresegna gjev direkte tvangsgrunnlag. Om det trengst, kan fylkeskommunen og Sametinget krevje hjelp frå politiet for å gjennomføre tiltaka i føresegna her.

Forslag til endra lovtekst i § 73 første ledd

Fylkeskommunen og Sametinget kan undersøkje kulturmiljø som er freda etter denne lova, dersom det er mistanke om forfall eller skade. **Pålegget gjeld også i samband med undersøkingsplikta i § 46 eller saker om løyve etter § 20.** Eigaren skal varslast i rimeleg tid før undersøkingane.

Grunngiving og innspel

Fylkeskommunen merkar seg eller at den føreslåtte føresegna er ny og felles for alle freda kulturmiljø. Føresegna adresserer eit sterkt behov i dagens forvaltning av kulturmiljø, og kanskje særleg ved oppfølging av ulovlege forhold. Sjølv om kulturmiljøstyresmakta i dag i dei fleste tilfelle avtaler undersøkingar av freda kulturmiljø med eigar, kan grunneigar hindre undersøkingar. Vidare er det i plansaker nødvendig å be kommunen om bistand med heimel gjennom plan- og bygningsloven § 33-2.

Møre og Romsdal fylkeskommune støtter føresegna og meiner heimelen kan ytterlegare presiserast. Forslaget til endring medfører ei presisering om at lovheimelen også er gjeldande for arkeologisk registrering og utgraving – ikkje berre ved mistanke om forfall og skade.

3.13.2 § 74 Pålegg om stans og retting av ulovlege forhold

Fylkeskommunen og Sametinget kan påleggje eigaren, brukaren eller den ansvarlege å stanse eller rette opp tiltak eller tilhøve som er i strid med føresegner som er gjevne i eller i medhald av denne lova. Pålegget kan mellom anna gå ut på å fjerne det ulovlege tiltaket eller å reparere, byggje opp att eller sikre dei kulturhistoriske verdiane eller det vitskaplege kjeldematerialet. Det kan setjast ein rimeleg frist for gjennomføring av pålegget.

Pålegg om stans kan gjevast straks og utan førehandsvarsel når det må til for å avverje fare for skade.

Pålegget må vedtakast innan to år frå tidspunktet då fylkeskommunen og Sametinget fekk god nok kunnskap til å vurdere tilhøvet, og seinast 20 år etter at det ulovlege tiltaket vart utført.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna er ny og vidarefører element frå § 8 og § 16 i kulturminnelova. I den føreslåtte føresegna sitt første ledd blir det samtidig føreslått ei utviding av ramma for kva eit pålegg om retting kan omfatte. Ny føresegna gjer det tydeleg at pålegg om retting kan rettast mot alle ulovlege tiltak, og gir òg rom for å krevje at kulturminne som har blitt skada forsettleg blir gjenoppbygde. I tilfelle der retting ikkje er mogleg, heimlar føresegna sikring av vitskapleg kjeldemateriale. Føresegna blir vurderte som viktige og føremålstenlege for framtidig arbeid med saker som gjeld ulovlege forhold for kulturmiljø.

Med den føreslåtte føresegna sitt andre ledd får kulturmiljøstyresmakta ein felles heimel for stans av arbeid og retting for alle kulturmiljø. Dette blir vurdert som eit godt forslag. Kulturminnelova har i dag ikkje ei eiga føresegn som heimlar krav om stans av arbeid. I praksis har § 8 andre ledd blitt nytta som slik heimel. Den føreslåtte føresegna forbetrar og klargjer forvaltninga i saker der kulturmiljø blir utsette for tiltak som må stansast.

3.13.3 § 75 Pålegg om skjøtsel, vedlikehald, istandsetjing med meir

Når det er fare for at kulturmiljø som er freda etter denne lova, forfell på grunn av manglande vedlikehald, kan fylkeskommunen og Sametinget gje eigaren eller brukaren pålegg om vedlikehald, istandsetjing, skjøtsel eller avverjande tiltak som må til for å motverke eller førebyggje forfallet og berge den kulturhistoriske verdien.

Det skal setjast ein rimeleg frist for gjennomføring av pålegget.

Fylkeskommunen vurderer at den føreslåtte føresegna delvis vidarefører gjeldande rett. Det er i dag mogleg å påleggje eigar vedlikehald av freda byggverk som står i fare for å forfalle grunna manglande vedlikehald, med heimel i kulturminnelova § 17. Føresegna vil vere ei utviding av dette, då ho omfattar alle typar kulturmiljø som er freda etter lova. Det inneber òg ei utviding av kva tiltak som kan påleggjast for å motverke eller førebyggje forfall.

Fylkeskommunen er positiv til den føreslåtte føresegna. Ein klar og tydeleg heimel for vedlikehald og istandsetjing styrkjer moglegheita for å bevare kulturmiljø. Tidleg og jamt vedlikehald er ressursparande i eit samfunnsperspektiv.

Det blir merka at vilkåret «er i ferd med å forfalle» og omgrepet «vedlikehald» ikkje passar like godt for jordfaste kulturminne og kulturlandskap, og det er ikkje heil klar korleis vilkåret blir utløyst.

Fylkeskommunen vil òg tilrå at det i det vidare lovarbeidet blir vurdert om det skal innførast eit tillegg til føresegna knytt til førebyggjande tiltak. Det kan til dømes vere føremålstenleg med ein heimel til å påleggje brannsikring eller andre sikringstiltak som ein del av vedlikehaldet.

3.13.4 § 76 Direkte gjennomføring av pålegg

Dersom den ansvarlege lèt vere å rette seg etter eit pålegg om tiltak etter denne lova, kan fylkeskommunen og Sametinget gjennomføre tiltaka. Det same gjeld i tilfelle der den ansvarlege ikkje er kjend eller ikkje kan utføre arbeidet på ein forsvarleg måte, og det hastar å få gjennomført tiltaka av omsyn til kulturmiljøet.

Den ansvarlege skal dekkje utgifter til tiltak etter første avsnitt. Kravet er tvangsgrunnlag for utlegg.

Den ansvarlege skal få sleppe å dekkje tiltak etter første avsnitt dersom han kan godtgjere at han ikkje har hatt råd til å rette seg etter pålegget.

Fylkeskommunen vurderer den føreslåtte føresegna som ny, samtidig som ho delvis vidarefører § 16 andre ledd i kulturminnelova. Føresegna gir heimel til å tvinge gjennom eit pålegg på eigar sin kostnad. Det finst ikkje ei tilsvarande føresegn for jordfaste kulturminne i dagens kulturminnelov. Forslaget gjeld alle pålegg etter lova og blir vurdert som ei felles føresegn for å drive gjennom pålegg. Den føreslåtte føresegna blir vurdert som viktig for å ivareta alle kulturmiljø som er freda etter lova på ein heilskapleg og tydeleg måte.

Fylkeskommunen forstår bakgrunnen for at det er lagt inn eit forslag om at det kan gjerast unntak frå pålegg om å dekkje kostnadene i tilfelle eigar kan dokumentere at dei ikkje har råd. Dette kan vere eit føremålstenleg unntak ovanfor privatpersonar, og er rimeleg til dømes i tilfelle der dette kan medføre tvangssal. Atterhaldet kan likevel få ei uheldig slagside mot såkalla «spekulativt forfall». Det er ikkje uvanleg at freda eller verna bygningsmasse med vedlikehaldsetterslep blir kjøpt av ein organisatorisk konstruksjon der eit «single purpose aksjeselskap» blir eigar. Slike selskap har ofte svært avgrensa økonomi med det føremål å redusere risiko og økonomisk ansvar. Slike eigarar vil òg bli omfatta av unntaket.

3.13.5 § 77 Lovbrotsgеbyr

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om lovbrotsgеbyr til den som aktlaust eller med forsett bryt forbod, påbod, vilkår eller føresegner som er gjevne i eller i medhald av denne lova.

Føretak kan få slike lovbrotsgеbyr sjølv om ingen enkeltpersonar har handla aktlaust eller med forsett.

Lovbrotsgеbyr kan gjevast etter standardiserte satsar, individuelle utmålingar eller ein kombinasjon. Departementet kan gje forskrift om utmålinga av gebyret. Elles gjeld forvaltningsloven § 44 og § 46.

Høvet til å gje gebyr etter denne føresegna blir forelda ti år etter at lovbrotet er avslutta. Fristen blir avbroten av førehandsvarsel eller vedtak om lovbrotsgеbyr frå fylkeskommunen og Sametinget.

Lovbrotsgеbyr går til statskassa.

Fylkeskommunen merkar seg at den føreslåtte føresegna er ny og gir kulturmiljøstyresmakta høve til å vedta lovbrotsgebyr, slik det går fram av første ledd. Fylkeskommunen vurderer at lovbrotsgebyr kan bidra til ei meir effektiv oppfølging av brot på reglar i, eller med heimel i, kulturmiljølova. Fylkeskommunen støttar innføringa av føresegna.

Det blir merka at det i den føreslåtte føresegna sitt første ledd blir lagt opp til ei vurdering av skuld. Dette vil truleg ikkje by på større utfordringar, ettersom lovbrotsgebyr først og fremst vil vere aktuelt i saker der det ligg føre ei erkjenning. Dersom saka krev etterforsking, der skuld blir bestridd eller gjerningspersonen ikkje er kjent, vil politiet uansett starte etterforsking ved anmelding.

I den føreslåtte føresegna sitt tredje ledd går det fram ulike metodar for å vurdere omfanget av lovbrotsgebyret. Fylkeskommunen meiner det er føremålstenleg at nærare retningslinjer og utmåling blir utarbeidd av departementet i forskrift. Ein foreldingsfrist på 10 år, slik det går fram av den føreslåtte føresegna sitt fjerde ledd, blir støtta.

I den føreslåtte føresegna sitt femte ledd går det fram at lovbrotsgebyr skal tilfalle statskassa. Fylkeskommunen vurderer at unntaka som gjeld for kommunane, knytt til at straffegebyr tilfell kommunane, òg bør gjelde for fylka. Det er ressurskrevjande å undersøkje, befare og forfølgje ulovlegheiter. Fylkeskommunen ser det som rimeleg at gebyr tilfell fylket heilt eller delvis.

3.13.6 § 78 Tvangsmulkt

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjere enkeltvedtak om tvangsmulkt for å sikre at føresegnar som er gjevne i eller i medhald av denne lova, blir følgde.

Tvangsmulka kan fastsetjast samtidig med pålegg, og ho tek til å gå når fristen for å gjennomføre pålegget er ute. I tilfelle der tvangsmulkt ikkje blir fastsett samtidig med eit pålegg, skal mulka varslast på førehand.

Tvangsmulka kan setjast til ein eingongssum eller gå som ei dagmulkt så lenge lovbrotet varer. Dei to formene for mulkt kan òg kombinerast.

Tvangsmulkt skal rettast mot den personen eller det føretaket som er ansvarleg for at føresegnene blir følgde. Er ei tvangsmulkt pålagd eit føretak i eit konsern, kan tvangsmulka inndrivast hos morselskapet.

Fylkeskommunen og Sametinget kan velje å fråfalle ei tvangsmulkt som er fastsett etter denne føresegna. Ei slik avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Tvangsmulkt går til statskassa.

Fylkeskommunen merkar seg at føresegna er ny og innfører ein heimel for å fatte enkeltvedtak om tvangsmulkt. Forslaget blir vurdert som positivt, då tvangsmulkt i nokre tilfelle kan vere eit føremålstenleg verkemiddel for å ivareta kulturmiljø etter lova.

Tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven fell til kommunen. Fylkeskommunen vurderer i lys av dette at tilsvarande bør gjelde for fylka. Det er ressurskrevjande å undersøkje, synfare og forfølgje ulovlege tiltak, ofte med klagehandsamingar. Fylkeskommunen ser det difor som rimeleg at gebyr fell til fylket heilt eller delvis.

3.13.7 § 79 Tinglysing og utleggspant for pålegg og krav

Pålegg og krav om kostnadsdekning etter denne lova er tvangsgrunnlag for utlegg.

Pålegg og krav om kostnadsdekning etter denne lova skal tinglysast som eit hefte på den aktuelle eigedommen.

Fylkeskommunen merkar seg at føreseгна er ny og gir kulturmiljøstyresmakta høve til direkte tvangsgrunnlag for utlegg knytt til kostnadsdekning. Dette inneber styrka moglegheit til å etterleve krav som har oppstått i, eller med heimel i, lova. Fylkeskommunen støttar lovforslaget.

3.13.8 § 80 Bruk av andre sin eigedom ved gjennomføring av tiltak

Den som gjennomfører pålegg etter denne lova, kan gjere bruk av fast eigedom som andre eig, dersom det er naudsynt for å få utført tiltaka. Bruk av eigedomen skal avtalast med eigaren.

Fylkeskommunen og Sametinget kan påleggje slik bruk av ein eigedom utan avtale med eigaren dersom det er vanskeleg å få i stand ein avtale, og elles i alle tilfelle der det er naudsynt for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Den ansvarlege for tiltaket skal erstatte tap på grunn av skade eller ulempe på eigedomen. Fylkeskommunen og Sametinget står inne for at erstatninga blir betalt.

Fylkeskommunen merkar seg at føreseгна er ny og sikrar kulturmiljøstyresmakta tilgang til å gjennomføre pålegg som har oppstått i, eller med heimel i, lova. Den føreslåtte føreseгна er ein naturleg konsekvens av forslaget til § 76. Fylkeskommunen støttar lovforslaget.

3.13.9 § 81 Straff

Den som aktlaust eller med forsett bryt forbod, påbod, vilkår eller føreseigner som er gjevne i eller i medhald av denne lova, kan straffast med bøter eller fengsel i opp til 1 år. Under særleg skjerpande omstende kan straffa vere fengsel i opp til 2 år.

Fylkeskommunen merkar seg at føreseгна har same ordlyd som i gjeldande kulturminnelov, og at lovutvalet har overlate vidare arbeid til departementet.

3.14. Kapittel 14 Ikraftsetjing og overgangsføresegner

3.14.1 § 82 Ikraftsetjing

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Når lova tek til å gjelde, blir lov 6. september 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminneloven) oppheva.

Ingen merknader.

3.14.2 § 83 Overgangsføresegn for bygningar, anlegg og liknande som staten eig

Føresegner og vedtak om bygningar, anlegg og liknande som staten eig og som var freda i eller i medhald av kulturminneloven, står likevel ved lag til dess Kongen fastset noko anna.

Ingen merknader.

3.14.3 § 84 Endringar i andre lover

Plan og bygningsloven § 11-8 tredje avsnitt bokstav c andre setning

For randsonen til nasjonalparker, landskapsvernområder og **områder fredet etter kulturmiljølova** kan det, samtidig med fastsetting av **enkeltvedtak eller** verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet.

Ingen merknad, men det kan vurderast om føreseigna òg bør omtale verdsarvområde.

Plan og bygningsloven § 11-9 første avsnitt punkt 6. og 7.

6. miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, **bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø**, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg.

7. **riveforbud knyttet til nærmere bestemte områder, men uavhengig av plankategorier eller planområder.**

Føreslåtte endringar er ei tydeleggjering av gjeldande rett, og fylkeskommunen er positiv til forslaget. Det er viktig at kommunen allereie i kommuneplanen kan synleggjere kva omsyn som

skal takast til kulturmiljø, inkludert forbod mot riving. Dette vil vere meir føreseieleg både for ulike eigarar, offentleg forvaltning, utviklingsaktørar med fleire

Plan og bygningsloven § 29-2 første og andre avsnitt

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering. Ved tiltak som knytter seg til et eksisterende byggverks ytre, kan kommunen i vurderingen legge vekt på hensynet til viktige **kulturhistoriske**, arkitektoniske og andre kulturelle verdier.

Kommunen kan avslå en søknad om riving av byggverk som har kulturhistoriske verdier som nevnt i første ledd.

Forslag til plan- og bygningsloven § 29-2 andre ledd

Kommunen kan avslå en søknad om riving **eller vesentlig endring** av byggverk som har kulturhistoriske verdier som nevnt i første ledd.

Grunngiving og vurdering

Fylkeskommunen vurderer at lovutvalet sitt forslag til endring av § 29-2, ser ut til å heimle kommunane si moglegheit til å gi avslag som gjeld riving og ikkje vesentleg endring av bygningar. Fylkeskommunen meiner det er viktig å presisere at heimelen til avslag skal gjelde i begge tilfelle, og ikkje berre ved vesentlege endringar slik som i dag.

Det er føremålstenleg at kommunane får heimel til å kunne avslå riving og vesentleg endring av bygningar med kulturhistorisk verdi, uavhengig av om tiltaket elles er i tråd med gjeldande plangrunnlag. Dette vil styrkje lokaldemokratiet og gi kommunane tilgang til eit betre styringsverktøy. Det bør gå fram av heimelen, eller av forarbeida, at kommunen skal leggje vesentleg vekt på om byggverket er omfatta av fylkeskommunen sine kulturminneplanar (regionale planar), og leggje vekt på fylkeskommunen si uttalte haldning til rivespørsmålet etter § 25 andre ledd. Då vil regionale planar i større grad bli relevante i det praktiske kulturminnevernet på byggesaksnivå.

I enkelte tilfelle kan det vere lite føremålstenleg eller ha avgrensa verdi å ta vare på ein bygning med kulturhistorisk verdi. Dette kan til dømes vere tilfelle der bygningen er i svært dårleg stand og/eller i saker der dei samla samfunnsinteressene veg tyngre enn bevaring av bygningen sin kulturhistoriske verdi. I saker der bygningar med kulturhistorisk verdi må rivast, vurderer fylkeskommunen at det kan vere føremålstenleg å stille krav om særleg dokumentasjon etter føreslått § 44 i ny kulturmiljølov.

Det er behov for ein heimel til å avslå søknad om riving på bakgrunn av ein bygning sin kulturhistoriske verdi. Fylkeskommunane brukar i dag mykje ressursar på å uttale seg i rivesaker, mellom anna som følgje av gjeldande § 25. Effekten av uttalane til desse rivesakene er avgrensa så lenge kommunane manglar heimel til avslag. Med ein heimel til avslag i plan- og bygningslova vil vurderingane til fylkeskommunen bli meir meningsfulle. Fylkeskommunen vil òg få reell klagemoglegheit dersom kommunen ikkje følgjer opp fylkeskommunen sine faglege råd. Heimelen til avslag må sjåast i samanheng med andre delar av lovforslaget, særleg § 44 om samtykke til riving og vesentleg endring. Avhengig av kor høg terskelen blir for å bruke føreseigna,

bør det vurderast om ein slik avslagshjemmel i seg sjølv er eit dekkande verktøy for alle nivå i kulturmiljøforvaltninga, i spørsmål om bygningar og anlegg utan formeltvern.

Plan og bygningsloven § 29-10

§ 29-10 Forskrifter om ivaretakelse av natur- og kulturmiljø

Departementet gir forskrifter for ivaretakelse av **natur- og kulturmiljø**, herunder naturmangfold **og kulturmiljøverdier**, ved plassering og utforming av tiltak.

Fylkeskommunen vurderer at føreslått endring av plan- og bygningsloven § 29-10 sørgjer for at kulturmiljø blir inkludert i omgrepet «ytre miljø» saman med naturverdiar. Kulturmiljøverdier blir slik tekne inn i forskriftshjemmelen og vurderte på lik linje. Fylkeskommunen støttar forslaget.

Plan og bygningsloven § 31-1 a

§ 31-1 a Pålegg om dokumentasjon, sikring og utbedring

Bygninger med høy bevaringsverdi skal ikke gå tapt på grunn av unnlatt sikring eller istandsetting. Når forfall eller skader vil føre til at en bygning med høy bevaringsverdi eller deler av den forfaller ytterligere om det ikke blir gjennomført nødvendige tiltak som motvirker forfallet, kan kommunen gi eieren eller den ansvarlige pålegg om dokumentasjon, sikring eller utbedring.

Kostnadene ved å gjennomføre tiltaket skal stå i forhold til den bevaringsverdien som kan gå tapt.

Departementet kan gi forskrift med utfyllende bestemmelser.

Fylkeskommunen vurderer at de føreslåtte føresegna vidareførar, forsterkar og klargjer kommunen sin tilgang til å gi pålegg om utbetring av bevaringsverdige bygningar med heimel i byggesaksforskrifta kapittel 19. Fylkeskommunen er positiv til den føreslåtte føresegna. Det kan vurderast om føresegna òg burde inkludere kommunen sitt krav til eigarar om å påleggje brannsikring.

Plan og bygningsloven § 31-4 første avsnitt første setning

Ved tiltak etter § 20-1 på eksisterende byggverk **og byggverk som blir gjenreist etter skade eller brann**, kan kommunen gi helt eller delvis unntak fra tekniske krav, dersom det vurderes som forsvarlig ut fra sikkerhet, helse og miljø.

Føreslått endring blir støtta.

Lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom § 2 første avsnitt nr. 46***Kulturmiljøtiltak.***

Føreslått endring blir støtta.

**Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold
(naturmangfoldloven) § § 35-37**

§ 35 andre avsnitt skal lyde:

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller **kulturmiljø** finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet.

§ 36 første avsnitt andre setning skal lyde:

Til landskapet regner også **kulturmiljø** som bidrar til landskapets egenart.

§ 37 tredje avsnitt tredje setning skal lyde:

I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av **kulturmiljø** i reservatet.

Føreslåtte endringer blir støtta.